

Ingrid Hjelle Roset

I møte med det høgreradikale fenomenet

- ein kvalitativ undersøking

Masteroppgåve i Sosialt arbeid

Rettleiar: Joachim Vogt Isaksen

Mai 2021

Ingrid Hjelle Roset

I møte med det høgreradikale fenomenet

- ein kvalitativ undersøking

Masteroppgåve i Sosialt arbeid
Rettleiar: Joachim Vogt Isaksen
Mai 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosialt arbeid



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Samandrag

Tema for denne studien er fenomenet høgreradikalisme. Mange kan oppleve dette som utfordrande og til dels skremmande inn mot yrket sitt. Radikalisering og ekstremisme på høgresida blir i dag sett på som eit globalt fenomen, og dermed ein trussel for store delar av verda. Her har mitt mål vore å bidra til ei heving av kunnskapskompetansen rundt fenomenet, då ved hjelp av samtale med dei det gjeld, til ei betre forståing. Det er i oppgåva lagt vekt på teori om årsaksforklaringar rundt radikalisering, samt kva førebygging og tiltak som gjerast i dag. Forskinga eg har valt å presentere, er også avgrensa til norsk og nordisk forskning.

Ved å nytte meg av kvalitativ undersøking, blir det lagt til rette for å nå tak i opplevingane og tankane til dei «høgreradikale», profesjonsutøvarane og avhopperane. Utvalet av informantar har vore strategisk, då alle kan bidra til ulike perspektivforståingar knytt til høgreradikalisering. Funna legg vekt på korleis samfunnet vel å møte kvarandre, då med ulik verkelegheitsforståing. Samtidig blir det også lagt vekt på utfordringa rundt den lovlege ytringa som førekjem, og her av ulike tolkingar for korleis handtere dette. Funna framhevar samspelet, samt kva som skjer i møte med individ og samfunn. Dette saman med sosialarbeidaren og andre profesjonsutøvarar som står overfor ei slik utfordring.

Begrepet *kommunikasjon* blir identifisert som kjernekategori, saman med tre tilhøyrande hovudkategoriar. Dette ved namn *betydinga av det relasjonelle, rettar og begrensingar* og *utveksling av fenomenkunnskap*. Her omhandlar første kategori samspelet mellom individ, medan andre tek fatt i kva som er lov og følgande begrensingar. Den siste kategorien speglar viktig kunnskap for å få kjennskap til eit fenomen som høgreradikalisme. Kva høgreradikalisme er vil du kunne lese frå side 12 og utover. Felles for alle er ynskje om god dialog, og ei oppleving av å føle seg verdifull. Eit punkt som skil informantane frå kvarandre, er korleis ein ser på seg sjølv. Menneske har ulik oppfatning av kvarandre, og kvifor ein vel å tre inn i slike miljø. Hovudtyngda på tidlegare forskning ligg mykje under korleis sjå risikoteikna og å forstå fenomenet. Dette ser eg på som vanskeleg å etterleve i praksis, då eit slikt tema vert for komplekst. Funn i studien vil vere relevant for profesjonsutøvarar som skal kome i møte med det høgreradikale fenomen.

Abstract

The subject of this study is the phenomenon of right-wing radicalism. Many find this challenging and frightening when faced with this in their profession. Radicalization and extremism on the right-wing are today seen as a global phenomenon, and thus a threat to large parts of the world. My goal has been to help raise the knowledge around the phenomenon, and then by means of conversation with those concerned, to contribute to a better understanding. This thesis focuses on theory about the road to radicalization, as well as what prevention and measures are done today. The research I have chosen to present is also limited to Norwegian and Nordic research.

By conducting a qualitative study, I was able to reach the experiences and thoughts of the "right-wing radicals", professionals and formers. The selection of informants has been strategic, as everyone can contribute to different perspectives related to right-wing radicalization. The results point to a special focus on how society chooses to meet others, then with different understandings of reality. At the same time, emphasis is also placed on the challenges surrounding the legal utterances that precedes it, and here by different interpretations of how to handle this.

The term communication is identified as a core category, together with three associated main categories. This is called the *importance of the relational, rights and limitations* and *the exchange of phenomenal knowledge*. Common to all is the desire of good dialogue, and an experience of feeling valuable. One point that separates the informants from each other is how one looks at oneself. People have different perceptions of each other, and why one chooses to enter such an environment. The main emphasis in previous research has often been how to see the risk signs and to understand the phenomenon. I see this as difficult to live up to in practice, as such a topic is too complex. Findings in the study will be relevant for professionals who are to come in contact with the right-wing radical phenomenon.

Forord

Denne oppgåva har vore ei avsluttande oppgåve av eit toårig masterstudie, under retninga sosialt arbeid. Studie har lært meg korleis eg skal tileigne meg ny og viktig kompetanse, klare å sette kritisk søkelys for å vidareutvikle meg, samt bli ein betre utgåve av meg sjølv. Etter to lærerike, men også utfordrande år, vil eg rette ein takk til fleire. Min gode rettleiar, Joachim Vogt Isaksen, takk for skikkeleg rettleiing og støtte under prosessen. Her har du vert kritisk, realistisk og engasjert, samtidig som du har vert ein av dei som alltid har heia på meg. Dette har gjort til at eg har fått eit høgt læringsutbytte, spesielt gjennom god akademisk skriving. Eg vil også rette ein stor takk til min partner gjennom heile masterstudiet, Emilie Letrud. Ei betre kollokviegruppe på to stykk skal ein leite lenge etter. Her har du løfta meg opp under periodar der det har stagnert, og bidratt til ei sjeldan glede gjennom studenttida mi. Eg vil også takke alle informantane mine som deltok i prosjektet mitt. Takk for at de var motiverte til å stille til intervju, delt tankane og opplevingane med meg, samt gitt meg forståing for at dette er første gang eg skriv ei slik masteroppgåve.

Til slutt vil eg også takke for all hjelp frå foreldra mine, og vener som har bidratt på kvar sin måte. Alt frå fylle opp lageret i magen, til å gje meg rom for å skrive når eg treng det. Ikkje minst mi kjære tante, for sine gode nynorskferdigheiter. Takk for at du kun er og var ein telefon unna.

Trondheim, mai 2021

Ingrid Hjelle Roset

Innholdsliste

1.0 Innleiing	1
2.0 Relevant forskning og teoretiske perspektiv	4
2.1 Ulike forskingsretningar innan radikaliserings og ekstremisme	4
Kva merksemd har forskinga hatt gjennom ei årrekke?.....	4
2.2 Forklaring av fenomenet <i>det høgreradikale</i>	8
<i>Kven er dei høgreradikale og kvifor ytre høgre?</i>	8
<i>Avklaring av omgrep</i>	9
<i>Årsakar til radikaliserings</i>	15
Betydinga av det relasjonelle.....	16
Rettar og begrensingar : Betydinga av utanforskap og marginalisering	18
Sosialt arbeid og utveksling av fenomenkunnskap.....	21
2.3 Førebygging og tiltak knytt til det sosialfaglege/profesjonsutøvarens felt	23
<i>Sosialt arbeid</i>	23
<i>Kva er førebygging?</i>	24
<i>Kva gjerast av tiltak?</i>	26
3.0 Metode – Forskingsmetodisk tilnærming	28
3.1 <i>Val av forskingsmetode</i>	28
3.2 <i>Vitskapsteoretisk tilnærming</i>	30
3.3 <i>Historikken bak fenomenologi og grounded theory</i>	32
3.4 <i>Dybdeintervju som metode</i>	34
3.5 <i>Utval og rekruttering</i>	34
Før rekrutteringa starta	35
Korleis eg gjekk fram i prosessen med informantane.....	36
3.6 <i>Intervjuguide</i>	40
3.7 <i>Gjennomføring av dybdeintervju</i>	41
3.8 <i>Korleis ivareta personvernet best mogleg under forskinga</i>	42
3.9 <i>Koding og transkripsjon</i>	45
3.10 <i>Prosjektets kvalitet – Reliabilitet og validitet</i>	46
Validitet / Gyldigheit.....	46
Reliabilitet / Pålitelegheit	48
Generaliserbarheit	49
4.0 Presentasjon og drøfting	51
4.1 <i>Betydinga av det relasjonelle</i>	53
4.2 <i>Rettar og begrensingar</i>	62
4.3 <i>Utveksling av fenomenkunnskap</i>	70
5.0 Konklusjon	78
7.0 Kjeldeliste	81

8.0 Ulike vedlegg.....	86
1. <i>Første informasjonsskriv til informantane</i>	<i>86</i>
2. <i>Andre informasjonsskriv til informantane.....</i>	<i>88</i>
3. <i>Første e-post/tekstmelding til informantane.....</i>	<i>91</i>
4. <i>Andre e-post/tekstmelding til informantane.....</i>	<i>92</i>
5. <i>Intervjuguide avhopperar</i>	<i>92</i>
6. <i>Intervjuguide profesjonsutøvarar innan det sosialfaglege feltet.....</i>	<i>94</i>
7. <i>Intervjuguide; Høgreorienterte ytringar</i>	<i>95</i>
8. <i>Godkjenning av NSD</i>	<i>97</i>

1.0 Innleiing

«We are operating as human beings from one of two places, fear or love» fortel Tony McAleer i dokumentaren «Xtremist – veien ut av hatet», om høgrekstrémisme og radikalisering (Peter Hutchison, 2021).

Tema for denne oppgåva er høgreradikalisme, og korleis møte slike menneske på ein god måte. Her gjennom hjelp av ytterlegare kunnskap og forståing rundt fenomenet.

Til å begynne med ynskjer eg å rette merksemda mot ein tanke eg opplever som nokså framtreidande i det norske samfunnet. At desse menneska eg no skal løfte fram, er dei som går i mot normaliteten/majoriteten og dermed havnar utanfor. At dei er dårlege menneske, og som avvik frå samfunnet. Det er også interessant kor raskt ein hatideologi kan forsvinne når folk føler seg meir heile.

For å kunne synleggjere problematikken ein står overfor i dagens samfunn, vil eg vise til artikkelen som nyleg blei levert av TV2. Innlegget til Zaman et al. (2021) legg fokuset på norsk ungdom som hyllar masse mordarar og terroristar på internett. PST, politiets sikkerheitsteneste, blir også sitert i innlegget at radikalisering av barn skjer heilt ned i 13-årsalderen. Ei slik oppdaging ser eg på som ein viktig bidragsytar for å ytterlegare synleggjere kva fenomenet «høgreradikalisme» er.

Merksemda på det høgrekstremer/radikale feltet har også blitt kritisert, der noko av kritikken er retta mot ekstreme islamistar framfor det høgrekstremer. Då spesielt etter 22.juli 2011. Politiets sikkerhetstjeneste (2021) framhevar likevel at dette ikkje er tilfelle, då kampsakene til det høgrekstremer som er i bresjen i dag har større appell enn tidlegare. Som ein analytikar må ein alltid forholde seg til trusselbiletet som er i konstant endring. Dette blir også sett på som flytande. Årsaka til dette kan handle om store forhold og faktorar som eksempelvis internasjonale kriser, konflikhtar og samfunnsutvikling som driv ekstremisme på globalt nivå. Slike forhold kan også ha innverknad på forholda i Noreg.

Ei sentral hending frå den høgrekstremer rørsle, var angrepet i New Zealand i mars 2019. Denne hendinga bidrog til endring av trusselbiletet. Brenton Tarrant angrep fleire moskear i Christchurch, der 50 menneske blei drepne, samt bidrog til å inspirere fleire til nye

høgrekstreme åtak. Ser ein på den ideologiske budskapet har åtaket heile tida eit underliggende premiss, både for val av metode og kven som er legitime ofre. På den måten blei terror både ei underhaldning, samt eit verkemiddel. Fleire let seg inspirere, eksempelvis Patrick Crusius som angrep eit kjøpesenter i El Paso, ei snau veke før Philip Manshaus utførte sitt angrep i Bærum (Politiets sikkerhetstjeneste, 2020).

Forsking viser ein ørfin balansegang mellom det å vere radikal og ekstremist. Ofte kan menneske med radikale haldningar ligge under radaren, og dermed blir lettare gløymd i samfunnet, for å ikkje ignorere at det også er lovleg å ytre seg radikalt. Radikaliserte menneske tyr gjerne ikkje til vald, og dermed blir dei ikkje oppfatta som truande og skumle i sine utsegn. Ein ytrar seg gjerne ikkje høgst, og blir ikkje like enkelt oppdaga. Eit resultat kan i dette tilfelle vere at ein kan utvikle seg og sine haldningar i fred, og dermed bli langt meir radikalisert.

Oppgåvas merksemd rettar seg inn mot denne grupperinga, dei som kategoriserast som høgreradikaliserte. Ein kan sjå dette som ei mellomlanding før ein eventuelt utøver ekstrem vald. Med denne masteroppgåva ynskjer eg å gje ei djupare forståing rundt informantane si sjølvoppleving, kva dei tenkjer og har av tankar rundt samfunnet vårt. Dette for å lettare kunne imøtekomme på ein betre måte, og dermed lettare førebygge. Eg har intervjuet både avhoppingar frå det høgreradikale miljøet, profesjonsutøvarar som jobbar med fenomenet, samt aktive høgreradikale. Grunna masterutdanninga mi som er sosialt arbeid, vil det vere naturleg å knytte dette opp mot det førebyggjande arbeidet også. Dette heng tett saman med korleis ein vel å møte slike menneske.

Oppgåva vil også kaste lys over kva sosialarbeidaren og profesjonsutøvarane bør ha kunnskap om når det gjeld årsak til høgreradikale ytringar. Det er her viktig å nemne samarbeidet profesjonsutøvarane har seg i mellom. Det er ikkje eine og aleine sosialarbeidaren som står for heile prosessen. Her kjem eksempelvis skular, politi, pst og ulike arbeidsplassar inn som viktige partar i bidraget til førebyggingsarbeidet. På bakgrunn av dette, kan ein diskutere kva ein kan gjere for å møte kvarandre med respekt og forståing nok til å unngå ekstreme haldningar. For å få fram dette vil eg sjå på kva dei ulike informantane er opptatt av, samt verkelegheitsforståinga deira.

Problemstillinga mi vil dermed lyde slik;

«Korleis kan ein betre forstå kvifor enkelte vert trekt mot radikaliserings, og korleis kan ein i det sosialfaglege feltet møte dei høgreradikale på ein god måte?»

Forskingsspørsmål i denne studien :

- Korleis opplevast det for informantane å blir sett på som «høgreradikal»?
- Korleis forklarar avhopperar og aktive radikale sin tiltrekking til radikale miljø, og kva fører til radikaliserings?
- Korleis sosialarbeidarar opplever og tilnærma dei seg fenomenet?

Eg vil sjå på korleis informantane vel å argumentere for sin tidlegare, og noverande deltaking av det ytre radikale høgre, samt forteljingar rundt si livshistorie. Dette ved hjelp av intervju, og dermed samanlikne vidare resultat. For å besvare problemstillinga mi best mogleg, vil eg nytte ei form for fenomenologi, samt Grounded theory som analyseverktøy. Valet av metoden kan eigne seg godt knytt til det å fange deira verkelegheitsforståing. Fenomenologien legg til rette for deltakaren si fortolking av livsverda, og den sosiale konteksten blir essensiell i denne settinga (Kvale et al., 2015). Eg ser på dette som eit verkemiddel der verkelegheitsoppfatninga kan bidra til å vise refleksjonen over den komplekse verda av normer og sosiale forhold som eksistera i informantens liv. Mitt teoretiske utgangspunkt blir presentert i tre ulike kategoriar. *Betydinga av det relasjonelle, rettar og begrensingar*, samt *utveksling av fenomenkunnskap*. Ytterlegare teoretiske tilnærmingar som identitet, stigma og tilhøyrse vil også bli introdusert i dette kapitlet.

2.0 Relevant forskning og teoretiske perspektiv

Under dette kapitlet vil det bli presentert ei rekke forskingsartiklar og rapportar der tanken er at dette kan bidra til ei større forståing av utviklinga rundt fenomenet. At ein løftar fram ei rekke fokusområde slik at ein får eit innblikk i kva som har vert relevant i fortid og notid. Dette for å forstå dagens utfordring der biletet er så komplekst og svevande. Vidare vil det bli belyst ulike teoretiske perspektiv som kan bidra til å gje substans i det ein skal drøfte vidare i oppgåva.

2.1 Ulike forskingsretningar innan radikaliserings og ekstremisme

Gjennom åra har det utvikla seg ei større interesse for det høgreorienterte miljøet, samt radikaliseringsprosessar i samfunnet då det argumenterast for fleire hendingar av terrorangrep etter 2000-tallet. For å nemne nokre angrep dei siste 20 åra, gjekk det eksempelvis av ei bombe både i undergrunnen i London 2005, samt ei på togstasjonen i Madrid i 2004. I Noreg kan ein dra fram regjeringskvartalet, og Utøya i 2011. Terrorangrepet i Frankrike i 2015 er også eit eksempel på eit angrep skjedd dei siste 20 åra. Fellesnemnaren for aksjonane er at enkeltpersonar og sivile mål blei ramma, då dette blei utført av eigne borgarar som også har hatt sin oppvekst i same by som dei utførte terroraksjonen i. Terror er eit resultat av valdeleg ekstremisme, då dette også kan bli ein konsekvens om ein er i ferd med å bli radikalisert. Slike hendingar har gjort politikarane meir merksam på det høgreradikale, samt det ekstreme fenomenet. Ein kan ikkje kun ser det utanfrå, då dette også skjer i eigne land og borgarar (Bjørge & Gjelsvik, 2015).

Kva merksemd har forskinga hatt gjennom ei årrekke?

Eg ser det som relevant å synleggjere aktualiteten rundt fenomenet *høgrekstremisme* samt *radikal*, då trusselvurderinga og statusen på terror utført av PST også er med synleggjer tematikken (Politiets sikkerhetstjeneste, 2021). Frå 2014-2018 var det i stor grad *ISIL* (den islamske stat) som prega vesten i størst grad. Året 2017 blei det gjennomført flest terrorangrep i Europa, medan *ISIL* i 2018 mista kalifatet sitt i Syria. Dette bidrog til at *ISIL* ikkje hadde den same appellen i vesten som tidlegare. Med andre ord viser eit slikt bilde at frå 2018 – 2019 er det balanse på skalaen mellom ekstrem islamisme og høgrekstremisme, og vi såg dobbelt så mange angrep frå høgrekstremistar i 2019 samanlikna med 2018 (Politiets sikkerhetstjeneste, 2020).

Ein raud tråd gjennom forskingsfeltet til høgrekstrems vald og terror, er at den jihadistiske terroren er blitt sett på som meir farleg enn førstnemnde. I seinare tid kan ein sjå at dette ikkje nødvendigvis gir ei riktig framstilling. Ei rekke hendingar som blir presentert ovanfor viser eit langt større antall menneskeliv kan gå tapt frå det høgrekstrems (Enstad, 2017). Under forskingsprosjektet til Ravndal (2015), blir det vist til eit antall tapte menneskeliv i Europa sidan 1990 som er opp i mot like mange som islamistisk jihad har forårsaka i same periode. Til tross for dette, kvifor er det då så lite forskning på dette feltet? Ser ein på forskingsstatusen i Noreg i etterkrigstida, eksisterte det svært lite. Etter ein utgiving av ei bok frå ein journalist ved namn Per Bangsund, kom det første bidraget frå ein akademisk forskar, Bjørge (1988). Studien omhandla identifiseringa rundt høgrekstremsisme, samt rasistisk og framandfiendtleg vald. I seinare tid leverte Bjørge ei rekke studie, samt ei doktoravhandling. Avhandlinga bidrog derimot med ein større forståing av fenomenet, då dette var svært samansett (Bjørge & Gjelsvik, 2015). Nazistiske miljø blei også gjort ei studie på, dette av Fangen (1999). I seinare tid blei Fangens doktoravhandling omgjort til bok for å enklare synleggjere fenomenet i samfunnet. Etter ei rekke hendingar i dei pågåande åra, som eksempelvis Benjamin-drapet og ungdomsgrupperingane i Kristiansand i 2001 tok av, blei det utført fleire forskingsprosjekt og rapportar. Her var målsetjinga å bidra til å løyse problema i dei rasistiske ungdomsmiljøa (Bjørge & Gjelsvik, 2015).

Etter 22.juli 2011 blei det ei forsterking av engasjementet rundt norske forskarar. Spørsmål som korleis dette kunne skje, og kva som skulle til for å førebygge liknande i framtida, var svært framtrekande. Journalistar og forfattarar var i første omgang dei som kom med det første bidraget. Det kom ei rekke faglitterære bøker der ulike perspektiv, ideologikritikk og tankegodt til terroristen blir beskrive. Søken etter forklaringar på valdshandlinga og kva som best forklarar dette blir satt søkelys på. Godt å vel eit år etter aksjonen, kasta fleire forskarar seg på ballen, og kom med sitt bidrag. Nokre av desse var blant anna Sørensen (2012), Bjørge (2012) og Fangen (2012). Desse tre var ekspertvitne under heile rettsaken, då slike material kan gi lesaren ei unik innsikt i korleis den ideologiske forståing til terroristen førte til eit valdeleg resultat.

Vidare beskriv Bjørge og Gjelsvik (2015) korleis forskingsfeltet knytt til radikaliserings, ekstremisme og terrorisme fungerer ulikt. Det blir her tatt utgangspunkt i to ytterpunkt, då den eine retninga dreier seg om å utvikle kunnskap og for å kjempe mot fenomenet. Det andre

ytterpunkt vel her å undersøke det ein kallar «critical terrorism studies», som dreier seg om eit kritisk søkelyset på den ekstreme retninga.

Ei viktig utvikling som er verdt å nemne her, er at terrorforskinga tidlegare la innsatsen på sikkerheit og beredskap, men at dette har blitt utvida til å tenke meir mot det psykologiske, og det sosiale arbeidet mot førebygging (C-REX - Senter for ekstremismeforskning, 2019).

Endring i forkinga

Eit resultat av endringa er at også forkinga har endra retning. I nyare tid har ulike forskarar markert sin konsentrasjon på førebygging og viktigheita av iverksetting i tidleg stadie. Det er også gjort eit godt stykke arbeid frå Regjeringa si side, der ulike handlingsplanar og rapportar saman med politihøgskulen er blitt ferdigstilt. Det er utført forking rundt førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme (Bjørge & Gjelsvik, 2015), då noko av forkinga eksempelvis tok føre seg retningar som valdsorientert høgreekstremisme og førebyggingstiltak, venstreekstremisme, militant islamisme og førebygging av framandkrigarar.

Internett har også utvikla seg til noko større, då dette også har hatt same verknad i dei høgoreorienterte miljøa. Rekruttering viser seg å skje på internett, på lik linje som rekruttering skjer ute i miljøa. Som eit resultat av dette, kom det fleire rapportar som omhandla blant anna dette. Ein rapport som er svært aktuell, er frå Sunde (2013) med namn «Forebygging av radikalisering og voldelig ekstremisme på internett». Denne tek for seg ulike perspektiv på førebygging, samt ulik forking om radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett. Nokre av hovudspørsmåla rundt forkinga om nettekstremisme, er om terrorismen førekjem i ei meir farligare form om det fortset å utvikle seg på nettet. Ein kan her dra inn Thomas (2003), der han i sin artikkel argumenterer mot ekstremistar og høgst radikale som i større grad brukar nettet som ein planleggar mot gjennomføring av terroraksjonar. Dette gjeld hovudsakleg som eit reiskap for informasjonshenting og kommunikasjon, ikkje som våpen.

Under forskingslitteraturen knytt til fenomenet høgreekstremisme og radikalisering, har det vert søkelys på avhopperar, tidlegare ekstremistar, samt kven er dei som vel å ytre seg aktivt inn mot det høgerradikale. Eit område ein har konsentrert seg om, knytt til forskingslitteraturen rundt høgreekstremisme, er framhevinga av kunnskapsgrunnlaget då dette blir sett på som svakt og utfordrande. Her blir det framstilt ulike teoretiske modellar som

beskriv radikalisering, der Githens-Mazer og Lambert (2010) er blant nokre av dei som beskriv feltet fullt av fordommar, framfor at ein går systematisk fram for å finne svar. Forutintatte faktorar kan ofte dominere forskingsfeltet, framfor at det baserast på empirisk kunnskap.

Forsking knytt til sosialarbeidarens rolle

Det er også gjort forskning knytt til sosialarbeidaren si rolle opp mot det førebyggjande plan, samt korleis ein handterer slike møte med det ekstreme/radikale. Dette er blant anna gjort av Haugstvedt (2020). «Trusting the Mistrusted: Norwegian Social Workers 'Strategies in Preventing Radicalization and Violent Extremism» av Haugstvedt (2019) omhandlar i større grad korleis støtteapparatet vernar om sosialarbeidarane og inntrykka dei blir utsette for. Dette er viktige forskingsartiklar som kan vise til det komplekse sosialarbeidaren står ovanfor i kvardagen, og korleis bygge tillit og relasjon til nokon som i høgste grad står i andre enden sett ut frå ideologien og tankegodset til dei høgreradikale og ekstreme.

Vidare har ulike forskarar sett eit større søkelys på framveksten av høgrepopulistiske parti, samt då høgreradikalisererte og ekstreme grupper. Rydgren og Ruth (2013) skriv i ein artikkel frå 2013 om sosioøkonomisk marginalisering, og påpeiker at dette er ein av dei mest brukte til å forklare framveksten i slike grupperingar. Ein av årsakene som blir trekt fram i artikkelen er når ein er innbyggjar i eit slikt sosioøkonomisk marginalisert område, vil ein lettare kjenne på følelsen av å bli oversett og nedprioritert av dei anerkjende politiske partia. Dette argumenterast opp og fram som ein faktor der dette vil bidra til ei mobilisering av politiske alternativ.

Trekk ein trådar til politikken og den høgreorienterte ideologien, vil ein kunne sjå ein langt større klimaskepsis hos dei konservative. I artikkelen Cool Dudes: The Denial of climate change among conservative white males in the United States, som er skriven av McCright og Dunlap (2011), blir dette nærmare forklart. Her blir det blant anna løfta fram ein langt større klimaskepsis hos menn enn hos kvinner. Det eksisterer også ein studie som tek for seg EU-land og ideologi med klimahaldningar (McCright et al., 2016). Her blir det drøfta ulike ideologiske aspekt frå både venstre og høgre. Det blir også argumentert for ein samanheng ved stor klimaskepsis, då dette kan vere årsaksskepsis, vilje til personleg kostnad og oppfatning av seriøsitet, saman med ein tilhøyrse til ytre høgre.

2.2 Forklaring av fenomenet *det høgreradikale*

Her har eg valt å dele teorien i to delar, der første del omhandlar ei forklaring av fenomenet. Ei avklaring av omgrep, samt ulike forklaringar som bidrar til ei dragning mot det radikale ytre høgre. Tanken bak ei slik årsaksforklaring, vil vere å løfte fram fenomenkunnskapen. Dette kan i lys av informantane eg intervjuar sette søkelyset om vi arbeidar med eller mot kvarandre. Andre del tek for seg kva ein gjer av tiltak i praksis for å betre utfordringa ein står overfor knytt til ytre høgreorienterte miljø. Det blir lagt merksemd inn mot sosialarbeidarens rolle, og førebygginga inn mot fenomenet. Her er det igjen viktig å vise til mangfaldet av profesjonar som jobbar på lag mot denne utfordringa. Sosialarbeidaren er ein av mange, og har gjerne i oppgåve å sjå etter teikn, samt få gode samtalar med motparten. Teorien skal også kunne sjåast i samanheng, samt bli belyst gjennom empirien då dette kjem seinare i studien. Det vil blant anna bli sett på betydninga av stigma og tilhøyrsla, individidentiteten samt ulike risikoteikn og behov menneske har i livsløpet.

Kven er dei høgreradikale og kvifor ytre høgre?

Ser ein på ytre høgre, er dette ein fellesnemnar for høvesvis det høgreekstreme og høgreradikale ideologiar. Her forfektar ein at stat og folk skal vere eitt, samt at framande truar dette fellesskapet. Med andre ord er dette *nativisme*. Berntzen (2018) vel å skilje radikalisme frå ekstremisme, då dei radikale føler dei styrande elitane bør erstattast. Riktig nok skal demokratiet oppretthaldast. Den beståande eliten er i deira auge korrump, eller verkelegheitsfjern, då dette kan vere til hinder for at folkeviljen når gjennom. Dette skil seg frå det ekstreme. Her skal demokratiet avviklast, samt at vald mot fiendar vil i denne samanheng vere legitimt.

Ser ein på årsaksbiletet og risikoteikna til kvifor ein vel å gå inn i slike høgreorienterte rørsler, vil ein likevel ikkje kunne få ei fullstendig forklaring på kvifor ein trer inn. Det kan vere lett å få eit snevert syn på kvifor, då det å tenke ytre, observerte forklaringar, som i dette tilfelle er årsaksforklaringar, er enklare. Prosessen til ei slik rekruttering er ofte komplisert, og det er mange faktorar ein ikkje alltid ser, men som spelar inn. Dette blir ofte nemnt som ein intensjonell forklaring (Karlsen & Kolflaath, 2006). Ei slik forklaring blir gjerne brukt i samfunnsvitskap, då dette baserer seg på aktørens indre forhold. I mitt tilfelle vil dette vere frå informantane eg møter. For å få ei betre forståing av kvifor enkelte vel å tre inn, blei det utført ein sluttrapport i 2001 ved namn «Prosjekt Exit – sluttrapport – Ut av voldelige

ungdomsgrupper». Det blir satt ein konsentrasjon rundt ungdomar, då det også er viktig å påpeike at etablerte vaksne også kan bli påverka og dermed tre inn i miljøa. Her løftar forfattarane fram at dei ekstreme miljøa ofte kan tiltrekke seg ungdom med ulik bakgrunn og tung bagasje (Bjørge et al., 2001). I rapporten blir det framheva enkelte grunnleggande behov. Dette er behov som gjerne ikkje er blitt oppfylt i den normale samanhengen, då dette kan resultere i eit medlemskap i det ytre høgre. Ideologi og politikk er eit av punkta som blir løfta fram. Dette ilag med blant anna provokasjon og sinne, beskyttelse mot fiendar, ungdom med nysgjerrigheit, spenningsauka, vald og våpen, opprør, familie og farsfigur, fellesskap, og til slutt søken etter identitet (Bjørge et al., 2001). Likevel er det viktig i ein slik samheng å ikkje kun sjå etter dei klassiske særtrekka. Det er endelause årsakar til at ein vel å ytre seg på ein radikal ytre høgre side, då ein i denne oppgåva kan få eit større innblikk i kven dei er og kvifor dette har blitt så viktig for dei.

Framveksten i det ytre høgre, har stort sett vert å gå i mot demokratiet, då innanfor lovlege rammer. Likevel utfordrar dei dagens liberale demokrati, med tanke på målet dei er ute etter, som vil ekskludere enkelte grupper. Kven det er, varierer, men den dag i dag er motstandaren retta mot muslimar. Verdsbiletet, altså ideologien, er det som skil ytre høgre frå resten av dei politiske fenomena. Riktig nok ikkje i organisasjonens form, men at ideologiane under det høgreradikale og ekstreme har ulike artar. Slike underartar kan eksemplvis vere fascisme, anti-islamisme og etnopluralisme (Berntzen, 2018). For å kunne forstå eit slikt fenomen, kan det her vere viktig med kunnskap knytt til ideologiane. Dette for å forstå bakgrunnen og kvar innsatsen ligg. Det er viktig å vise til at den høgreradikale ideologien er ein miks av nativisme og ein kritisk tanke rundt dagens institusjonar og elite. Her kan ein sjå at dei høgreradikale gjerne blir forstått som delvis lojale til demokratiet (Berntzen, 2018).

Avklaring av omgrep

Før eg trer inn i avklaringa, vil eg ta for meg kritikken rundt det «høgreradikale» og «ekstreme». I mi masteroppgåve vil det bli satt søkelys på det høgreradikale. Likevel ser eg det som naudsynt å løfte fram kritikken rundt kva ein skal velje å bruke av omgrep. Ein slik diskusjon kan i verste fall bidra til at fleire vel å gå frå ord til handling, grunna misforståingar og feiltolkingar. Å beskrive kva det å vere høgreradikal er, samt kva fenomenet inneheld er vanskeleg. Skiljet mellom å vere ekstrem og radikal kan for mange tolkast ulikt. Difor ser eg på dette som viktig, då fenomenkunnskap kan løfte fram det komplekse med problematikken. Ein kan sjå mange likskapstrekk knytt til ytre venstre, der begge retningane ikkje anerkjenner

ulike demokratiske prosessar i samfunnet vårt. Likevel er det stor forskjell på korleis ein tydar og forstår samfunnet. Kva som er hjertesaker for venstresida, er som regel heilt andre på høgre. Opphavet fant stad under den franske revolusjonen, då skiljet mellom høgre og venstre oppstod og dei blei motstandarar overfor kvarandre (Berntzen, 2018). Eg ser det også som naudsynt å nemne Lars Gule sin artikkel, der omgrepa «høgreradikal» og «radikalisering» blir diskutert som meiningsfulle eller ei. Her trekk han trådar til det etymologiske og historiske grunnlaget, då radikal gjerne blir omtalt som ein gjennomgripande endring i progressiv retning. Endringar som gjerne peikar framover, til ein meir likestilt og ny situasjon. Ein kan difor også knytte dette opp mot venstresida, då motpolen til høgresida er reaksjonær (Gule, 2020).

Forskjellen på høgreekstremisme og radikalisme

Høgreekstremisme og radikalisme er viktige fenomen i vår tid, men likevel er det ikkje så enkelt å fastsette omgrepet heilt presist. Kva er det som skal til for at nokon, med rimelegheit skal kunne kallast høgreekstremer? Her må ordet ekstremisme også bli forstått i enkelte samanhengar, og då gjerne under ein politisk og ideologisk kontekst. Befinn du deg i utkanten eller utanfor det samfunnet har av konsensus, blir ein gjerne sett på som ekstrem. Går ein inn for å erstatte det politiske systemet i Noreg, vil ein bli definert som ekstrem i politisk og ideologisk forstand (Sørensen et al., 2012). Ekstremisme vil her bli definert i avsnittet under, då eg ser på det som naudsynt å gå litt nærmare inn på omgrepet grunna mitt val av informantar. Det er ikkje mange som vil identifisere seg som ekstrem, sjølv om ein ikkje er nøgd med korleis demokratiet i Noreg fungerer. Likevel er det viktig å forklare kvifor det er så vanskeleg å bruke ordet høgreradikal og ekstrem i samfunnet. Det å dele politiske standpunkt inn i høgre og venstre er noko ein har utført sidan den franske revolusjonen på 1800-tallet. Plassert på venstresida finn ein sosialistar og dei liberale. Her kan ein også sjå i seinare tid at liberalistane no er blitt plassert på høgresida. Ser ein på tradisjonsforsvarande og samfunnsbevarande krefter, blir dei her plasserte på høgre kanten. Ideologiane fascisme og nasjonalisme oppfatta seg sjølve som nokon som står utanfor den tradisjonelle høgre-venstre skalaen. Likevel, av ulike årsaker, blir slike grupperingar plassert på den ytste ekstreme høgre kant. Dette av årsak til at både fascismen og nasjonalsosialismen vel å forkaste dei dominerande ideane som fant stad i opplysningsfilosofien, samt den franske revolusjonen. Venstresida vel å støtte dette, som igjen resulterer i eit fiendebilete som i høg grad har vort dominert av politiske retningar plassert på venstre fløy. Fascismen og nasjonalismen støttar gjerne opp under positive førestillingar rundt det autoritære, hierarkiske samfunnsstrukturar

og eit stort ynskje om å erstatte det eksisterande demokratiske samfunn. Ut frå dette, vil det kunne vere tenkeleg å kalle fascistiske og nasjonalistiske bevegelsar for høgreekstreme. (Sørensen et al., 2012).

Ovanfor har det blitt forklart utfordringa av å plassere ulike bevegelsar på høgre og venstrekanten, samt å sette ulike retningar opp mot kva som er ekstremt og ikkje. Likevel er det ikkje alltid enkelt å definere kva høgreekstremt er. Det er riktig nok ei fagleg einigheit i at høgreekstemisme i mange tilfelle forsvarar sin etablerte sosiale ulikheit mellom grupperingar. Dette gjeld i stor grad mellom sin eigen etniske «rase» og dei som ikkje tilhøyrar denne typen «rase». Det som midlertid ikkje er ei felles einigheit om, er definisjonen «ekstrem». Hovudsakleg handlar dette om kor vidt høgreekstemisme er valdeleg, eller om høgreekstemisme er antidemokratisk (Jupskås, 2019).

Det eksisterer også fleire kategoriar knytt til den høgreorienterte fløyen, då dette blir sett på som mindre ekstreme posisjonar. Omgrep som høggeradikalisme, samt høgrepopulisme blir her nemnt. Omgrepet høgrepopulisme tek for seg parti og grupperingar som delar mange synspunkt rundt dei høgreekstreme miljøa, men skilnaden er at dei avviser alle verkemiddel som er udemokratiske og har ingen mål som går utover det politiske demokratiet. Tek ein for seg høggeradikale grupperingar, vil ein her sjå omgrepa som flytande, mellom høgrepopulisme og høgreekstemisme. Det er dette eg skal konsentrere meg om i mi masteroppgåve. Slike grove kategoriar vil føre med seg ei fortolking i ulike retningar (Sørensen et al., 2012). Enkelte vil kunne føle seg stempla og urettferdig behandla om ein set eit merke på kvar dei står, politisk. Kva ord ein vel å nytte, om det er høgreekstrem, radikal, populistisk eller nasjonalistisk, vil kunne bli ei utfordring når det kjem til kommunikasjon med menneske som sympatiserer på den høgreorienterte kanten. I denne oppgåva vil likevel alle omgrepa vere relevante, men eg vel å nytte meg av ordet *høggeradikalt*, då eg opplever at dette fangar opp dei resterande: at ein har element frå alle omgrepa eg nett har løfta opp, samt at dette ikkje gjeld kun ei retning.

Ut frå problemstillinga og prosjektets omfang, ser eg det på som naudsynt å definere følgande omgrep. Dette på grunnlag av ulike oppfatningar av kva som er ekstremt eller ei, som eg tidlegare har nemnt i tidlegare avsnitt. Dei påfølgande omgrepa som her blir nemnde, er både omstridde og problematiske. Ein kan sjå det som problematisk på bakgrunn av at omgrepa blir brukt hyppig, då det inkluderer ei rekkje forskjellige fenomen og prosessar.

Ekstremisme

Ser ein omgrepet *ekstremisme* i lys av politiske ideologiar står det gjerne i kontrast til det samfunnet har som generelle verdiar rundt demokratiet og rettane ein har. Omgrepet kjem frå det latinske ordet *extremus*, då dette gjerne blir omsett til «det verste». Difor kan ein sjå dette som ein ideologi der ekstreme standpunkt har størst konsentrasjon (Gule, 2012). Bjørgo og Gjelsvik (2015) peikar også her på viljen ein har til å nytte seg av valdelege verkemiddel for å nå sine politiske, religiøse og ideologiske mål. Dette kan ein også sjå i tråd med definisjonen til PST (Politiets sikkerhetstjeneste, 2019). Ein kan også sette ekstremisme opp mot terrorisme, der ein i stor grad kan overlape begge fenomen, då skilnaden ligg i at ekstremisme inneheld eit større aspekt av valdeleg aktivitet og verkemiddel. Tek ein for seg regjeringa si nasjonale rettleiar lyder definisjonen slik: «*personer og grupperinger som er villig til å bruke vold for å nå sine politiske, ideologiske eller religiøse mål*» (Justis- og beredskapsdepartementet, 2015). Dette kan også her sjåast i samanheng til omgrepet radikalisering, så dette også omhandlar aksepten av bruken av vald, men i ei svakare grad (Bjørgo & Gjelsvik, 2015). Menneske ser gjerne på det ekstreme som noko som ligg langt unna eins eigen oppfatning av kva som er normalt og akseptabelt. Difor er det viktig å merke seg eksistensen av ulike haldningar, standpunkt og posisjonar mot samfunnsområde, då det gjerne blir sett på som ekstremt. Kva som er normalt og ikkje, er vanskeleg å definere når det *ekstreme* vert nemnt. Dermed blir grensene for kva som er ekstremt og ikkje, vanskeleg å sette (Gule, 2012). Gule (2020) skriv også at *ekstremt* gjerne er i relasjon til noko. Ein må altså sjå kva det er ekstremt i forhold til, då ofte «sentrum» definerer kva som er ekstremt og ikkje. Ofte kjem ordet «det normale» fram i lyset, då det ekstreme gjerne blir oppfattast som eit sterkt avvik. Problemet er at det er vanskeleg å definere kva som er «normalt», og då igjen kva som er «ekstremt».


Radikalisering

Det er i utgangspunktet ikkje enkelt å definere *radikalisering*, og dette blir vidare argumentert på bakgrunn av at ein ikkje har ein enkelt definisjon av radikalisering som ein nyttar seg av på tvers av samfunnet (Nasser-Eddine et al., 2011). Sedgwick (2010) fortel at radikalisering som omgrep og fenomen lenge har blitt diskutert, og spørsmål som «radikal i forhold til kva?» (Neumann, 2013, s.876).

Definisjonen på radikaliseringsprosess kan ofte bli for brei, og som igjen kan føre til ei kriminalisering av legitime politiske meiningar. Her ligg kriminaliteten i at ein skil seg frå det normative i samfunnet, noko som igjen kan bli feil i lengda. Eit eksempel på dette kan vere at eit individ endrar verdssyn frå eit område samfunnet ser på som normalt, til eit ekstremt syn (Hannah et al., 2008). Ein kan også vise til andre døme der ein ser på radikaliseringsprosess som kan utgjere ein trussel til den eksisterande orden (Dalgaard-Nielsen, 2010), og som kanskje eller kanskje ikkje kan true demokratiet, samt involvere bruken av vald for å oppnå målet sitt (Veldhuis & Staun, 2009). Her blir det vist til ulike forskjellar frå samfunnets normer, og måtar ein ser på radikaliseringsprosess. Dalgaard-Nielsen (2010) framhevar ein litteratur som tyder på ei utvikling der vi oppfattar nokon som radikaliserert på grunnlag av radikale idear, og direkte konkluderer individet som radikal. Måten ein her vel å definere, samt å sjå radikaliseringsbegrepet på, kan i verste fall resultere i at stigmatiseringa til individet forverrar seg, og ein kriminaliserer situasjonen enda meir (Moskalenko & McCauley, 2009). Gule (2020) skriv også i sin artikkel om radikaliseringsprosess som ein prosess der ein bevegar seg frå det politiske høgre mot det politiske venstre, ein prosess som gjer nokon radikal. Her fortel Gule at dette gjev ein tvtydig meining, og dette er ein uklar bruk av eit etablert uttrykk. Eit alternativ for omgrepet, kan i følge Gule (2020) vere «ekstremisering». Dette meiner han er eit meir sjølvforklarande uttrykk som er uavhengig av det politiske spekteret.

Som nemnt i tidlegare avsnitt, er radikaliseringsprosess vanskeleg å definere, og dette er noko Bjørgo og Gjelsvik (2015) vidare argumenterer for under omgrepet radikalisme. Politikarane i Europa forsto alvorleg av omgrepet radikaliseringsprosess etter terrorangrepet i London 2005 fann stad. Ekstremisme i valdeleg form kan også skje i eigne land. Omgrepet radikaliseringsprosess blir derfor forstått som ein prosess. Ein prosess der individ i aukande grad kan akseptere bruken av vald for å oppnå sine mål. Her kan det ofte bli naturleg å tenkje at ein ofte involverer seg i valdshandlingar. Gjennom prosjektet, vil informantane eg tek utgangspunkt i vere opptatt av haldning, ikkje handling. I ein slik samanheng er det naturleg å knytte det opp til de-radikaliseringsprosess og skilje mellom haldning og handling. Bjørgo og Horgan (2008) har prøvd å skilje mellom radikaliseringsprosess/de-radikaliseringsprosess, samt *engagement/disengagement*. Radikaliseringsprosess og de-radikaliseringsprosess inneheld forandringar i haldning og verdiar kring vald, medan *engagement/disengagement* tek for seg åtferda til valdelege aktivitetar. Ser ein på tidlegare forskning, er det ingen tydeleg samanheng mellom endring i åtferd og haldning. Med andre ord, er ein radikaliseringsprosess og kanskje støttar opp under bruken av vald, treng ikkje dette nødvendigvis bety at ein sjølv tek del i den valdelege aktiviteten (Bjørgo & Gjelsvik, 2015).

Forskinga eg skal ta utgangspunkt i, gjeld hovudsakleg norske informantar og i norsk kontekst og difor blei det naturleg å ta for seg definisjonen til regjeringa Solberg. Definerings og oppfatninga av omgrepet radikaliseringsprosess kan førekome gjennom fleire syn, og det er med det svært viktig å ta utgangspunkt i ei beskriving. Regjeringa viser deriblant til ei radikaliseringsprosess som skjer blant individ eller i grupper og som er ein prosess der ein aksepterer bruken av vald for å oppnå det ein set som mål. Dette kan innebere religiøse, ideologiske eller politiske mål, og valdeleg ekstremisme kan førekome som eit resultat av dette (Justis- og beredskapsdepartementet, 2015). Det blir også løfta fram korleis ein radikaliseringsprosess fungerer, og at dette førekjem på ulike plan, samt frå person til person. Dette kan skje både gjennom ulike livssyn, politiske retningar og kulturell bakgrunn. Klarer ein å forstå radikaliseringsprosessen som ein tunnel, kan ein vise til at individet vil få eit gravis mindre og mindre nyansert bilete av verda, der fleire faktorar vil påverke radikaliseringa (Justis- og beredskapsdepartementet, 2015).



Dette biletet viser til ein radikaliseringsprosess, i form av ein tunnel (Regjeringa, 2016).

Radikalisme

Gjennom ei årrekke har omgrepet *radikalisme* også fått ei endring av betydning. Sjølv om ein tok i bruk fenomenet radikal så tidleg som på 1800-talet, blei bruken av omgrepet meir utbredt på 1900-talet. På den tida omhandla ordet radikal meir at ein ville representere ei meir ekstrem retning, eventuelt støtte opp mot eit slikt parti (Schmid, 2013).

Så tidleg som på 1900-talet var dei som uttrykte seg sjølv som radikale, meir reformvenlege, og ikkje revolusjonære. Her omhandla sakene meir om å kjempe mot republikanisme framfor eit herredøme. Mesteparten var under kategorien ikkje-valdelege aktivistar, og som radikal

blei ein akseptert på lik linje som ein liberal. Demonstrasjonane som fant stad på den tida låg nok og vippa på det ulovlege plan, men langt frå illegitime sett ut frå den etablerte standarden ein har i dag.

Eksempelvis kan ein sjå på dagens samfunn og rettar som gjeld no, som eit resultat av det dei radikale aktivistane gjennomførte av krav (Schmid, 2013). Det samfunnet før såg på som mindre positive og kritiske endringar frå dei radikale, har i dag resultert i viktige verdiar som eksempelvis rettar knytt til religionsfriheit, og likestilling blant menn og kvinner. Dette blir nærmare presisert gjennom forskingsartikkelen til Bjørge og Gjelsvik (2015), som framhevar fleire viktige endringar gjennom radikale aktivistar på 1900-talet. Ser ein på konseptet radikal aktivist, ser ein at dette har blitt endra betydeleg fram til i dag. Tidlegare radikale blei før sett på som pro-demokratiske og liberale. Dagens radikale, i lys av den islamske retninga, blir i dag sett på som anti-liberale, anti-demokratiske og med ein tilbakeverkande agenda (Schmid, 2013).

Kva vi ser og kva vi definerer, er dette avhengig av kven, kva og når dette blir gjort. Knytt til eit slikt argument, såg eg det på som naudsynt å vise til at omgrepa i dette forskingsprosjektet ofte blir oppfatta som eit relativt konsept. Omgrep som radikalisering, de-radikalisering og førebygging vil her ha ein slik konsekvens, og eg såg det difor som viktig å presisere nokre definisjonar for å tydeleggjere dette (Schmid, 2013).

For å kunne lage meg ein definisjon på det å vere radikal, tek eg utgangspunkt i den nasjonale rettleiar til regjeringa som lyd slik; *«omveltende og ytterliggående. Radikale holdninger og handlinger kan gjøre seg gjeldende innenfor både politikk, religion, etikk, kunst og kultur og så videre»* (Justis- og beredskapsdepartementet, 2015). Vidare påpeikar den nasjonale rettleiaren at det å vere radikal ikkje er ulovleg.

Årsakar til radikalisering

Som sosialarbeidar, men også som andre profesjonsutøvarar, er det naudsynt med ei brei tilnærming. Dette for å tileigne seg kunnskap om faktorar som førekjem og går i samfunnet, der det både blir skapt og oppretthalde sosiale problem. Eg vil her gå gjennom ulike forklaringar på fenomenet radikalisering. Difor vil denne delen av oppgåva vere inndelt i *betydinga av relasjonar, rettar og begrensingar og utveksling av fenomenkunnskap.*

Ikkje alle klarar å tilpasse seg eller bli tilfredstilt nok til at ein klarer å vere i eit miljø over lenger tid. Eit omgrep eg ser på som essensielt å ta med, er definisjonen på «*Push and Pull*» faktorar. Igjen, er det viktig å peike på at det eksisterer ein heil del grunnar til at ein forlét, eventuelt trer inn, i eit miljø. Individ som utførar ei slik forandring, kan ha ulike faktorar ein enten vil forlate eller ynskje å få/oppsoke. «Push» faktorar, der dette blir sett på som negative faktorar, kan vere politisk korrupsjon og urettferd knytt til sin eigen kultur og samfunn, vald eller ein for dårleg økonomi.

«Pull» faktorar kan i større grad omhandle den positive konsekvensen av å tre inn i eit nytt miljø. Kva faktorar «det andre» miljøet hadde av positiv innverknad, der ein kan leve eit «betre» liv. Dette kan vere ei betre tilgang på betre økonomi og arbeidsmoglegheiter, følelsen av tilhøyrslø, samt ein lovnad om eit betre liv. Sjølv om «Push and Pull» faktorane presenterer kvifor ein vel å tre inn eller ut av miljø, kan det fortsatt vere essensielt å ha med seg at det også kan vere ein personleg årsak til at kvart individ trer inn i eventuell miljøendring for å forstå (Justice For Immigrants, 2017).

Betydinga av det relasjonelle

Å føle seg verdig, betydingsfull, sett pris på og respektert i andre sine auge kan sjåast på som eit fundamentalt behov vi menneske har (Webber & Kruglanski, 2018). Ser ein på dei mellompersonlege relasjonane vi menneske har til kvarandre, då dette også blir sett på som medfødt, ser vi at dette også går under behovet for tilhøyrslø. Sidan tilhøyrslø er eit sterkt behov til kvar enkelt menneske, vil det vere naturleg å sjå på det som ein eksistens hos alle, både i det individuelle og det kulturelle. Henrik Syse er ein av Noregs mest kjende filosofar, og framhevar viktigheita av ulike omgrep som respekt, audmjukheit og relasjonar mellom menneske (Drivkraft, 2021). Respekt i å sjå ting på nytt. At dette er noko vi kan ha med oss inn i livet. Vere undrande, samt utvikle seg gjennom relasjonar. Eit sitat som blir referert frå Henrik Syse kjem frå Søren Kierkegaard, lyd slik: «Ein tåpeleg utropar av inderlegheit». Dette blir sett saman med omgrepet audmjukheit, då det lett kan føre til at ein snakkar til andre med liten substans og djupn. At ein i kommunikasjon må hugse å ha med seg sjølv i samtale, samt audmjukheita si i møte med andre, då gjerne menneske med ulikt verdssyn.

Eit viktig omgrep eg ser på som naudsynt å nemne, er ordet stigma. Stigmatisering omhandlar ei form for negativ merknad. Dette i form av eigenskapar til ein person eller gruppe, og gjerne i sosiale samanhengar. Ei sosial stemping og mindreverdige sosial status (Haukelien et al.,

2009). Ein sentral del av stigmaet, er personen si oppleving. Slike opplevingar er gjerne veldig individuelle, og reaksjonane er forskjellige frå person til person. Goffman (1975) viste at forskjellen mellom ein normal og ein stigmatisert person var eit spørsmål om perspektiv. Det er avhengig av haldningane til personen som ser. Er det slik at ein person får ei rekke negative merknadar, kan det oppstå ein oppfatning av at personen er bisarr (Norvoll, 2013).

Ein kan også trekke dette inn mot identitet. Ein kan tydeleg sjå ein klar samanheng mellom samfunnets utvikling og interessa rundt identitet. Modernisering og globalisering kan forståast som ein sterk bidragsytar for kva identitet gjer med oss og for oss. Ikkje minst for andre. Er ein i ei identitetskrise, eller føler ein mangel på identitet, kan dette ofte verke truande på eigen livskvalitet. Identitet utgjer også mykje av grunnlaget for korleis du utviklar åtferda di, då dette blir ulikt frå person til person fordi vi alle er forskjellige (Simon & Klandermans, 2001). Identitet omhandlar også forholdet mellom individ og samfunn. Korleis ein ser på seg sjølv som ein del av det sosiale og kulturelle. Kva som blir lagt mest vekt på når ein uttrykker eigen identitet, vil her påverkast etter det enkelte individ (Eriksen, 2001). Trekkjer ein fram den kollektive identiteten, som tek for seg mennesket som ein del av eit fellesskap, ser ein også her at tilhørsla ligg nært til identitet, sosial- eller gruppeidentitet der mennesket er ein del av eit større kollektiv (Norton, 2010). Vidare løftar Norton (2010) fram språket angående gruppeidentiteten. At språket er så mykje meir enn ord og setningar, då det gjerne står i relasjon til ulike sosiale samanhengar.

For å kunne forstå prosessen som formar dei høgreorienterte, ser eg på det som naudsynt å sjå nærmare på sosialpsykologien som her omhandlar sjølvbiletet og identiteten til mennesket. Dette for å betre forstå kvifor danninga av bevegelsen og tankegangen i grupperinga utviklar seg. Sosialpsykologien inneheld det sosiale samspelet mellom kvarandre, samt danninga av identiteten til enkeltindivid, gruppe og tankegangen rundt dette (Raaheim, 2002). Korleis individet, knytt opp til kjensler og tankar, blir påverka av det reelle, førestilte eller implisitte, er noko av det Borum (2011) tek for seg i det sosialpsykologiske perspektivet. Betydinga av å vere i gruppe er veldig essensielt, då dette viser til gjensidig avhengighet av kvarandre og ei samhandling der behov og mål også vil påverke kvarandre.

Kva verknad dette samspelet har for verdien og haldninga du utformar, samt det sosiale systemet du befinn deg i og kva sosial identitet du føler tilhøyr med, er ofte påverka av kven ein opplever den med og kva miljø ein tek del i (Raaheim, 2002). Nilsen (2019) fortel mykje

om korleis vi menneske strevar etter å passe inn. At vi gjerne strekker oss ekstra langt for å følge det vi i dag kallar normer i samfunnet. Å føle seg viktig og akseptert går igjen som viktige faktorar vi menneske ynskjer å oppnå.

Kva menneskesyn ein vel å legge vekt på, kjenner eg også er naudsynt å ta fram. Med menneskesyn kan ein forstå synet på menneske der ein ivaretek dei grunnleggande spørsmåla som; menneskets eksistens, natur og medverknad. Ofte i relasjon til livssyn og moralsk oppfatning som oppstår hos kvart enkelt menneske, derav oppdraginga i den kulturen vi lever i (Barbosa Da Silva, 1998). Barbosa Da Silva (1998) held også fram at menneskesyn ofte kan sjåast som eit utgangspunkt for handlingar og haldningar, og at dette meir eller mindre er bevisst.

Vidare vil det bli presentert ein vidare utforming av innverknaden samfunnet har på mennesket sin veremåte.

Rettar og begrensingar : Betydinga av utanforskap og marginalisering

Utanforskap er blant dei faktorane som kan medverke til ein risiko for radikaliserings og valdeleg ekstremisme, saman med marginalisering og ekskludering. Å skilje omgrepa kan her vere ein fordel, om ein skal forstå prosessane til kvart enkelt individ, samt korleis ein tilpassar seg samfunnet. Å vere *marginalisert*, blir gjerne sett på som ein prosess, då ekskludering heller viser til ein vedvarande eksistens. Dette blir sett på som naturleg å dra fram under kapitlet *rettar og begrensingar* då ein gjerne ser at utanforskap i dette tilfelle blir ein konsekvens. Ser ein nærmare på kva ekskludering inneberer når ein ser på høgreekstremisme og radikaliserings, er det å vere arbeidsledig, brot på viktige verdiar, og mangel på integrering noko som inngår i dette. Alt dette kan vere med å bidra til at ein lettare tyr til vald og ekstreme midlar for å få ei slags kjensle av sympati på eit vis (Hörnqvist & Flyghed, 2012). Utanforskap kan skje på ulike arenaer og former rundt om i samfunnet, der det gjerne er med å synleggjere utanforskap både i fellesskapet, men også rundt den sosiale arenaen. Desse to omgrepa kan sjåast på som årsakar for radikaliserings, og vil bli belyst under *rettar og begrensingar*.

Når det gjeld ulike årsaksforklaringar, treng ikkje dette nødvendigvis vere ei direkte årsak til radikaliserings og radikale haldningar, då det heller kan ha ei sterk påverknad. Dette gjeld spesielt effektiviteten i form av at internettforbindinga både er sterk og rask. Krafta *sosiale*

medium har, er at ein lett kan samle eit breitt publikum og mykje informasjon. Ved hjelp av «chatting» og forum ein kan kommunisere i, vil fleire idear utvekslast og dette kan lettare føre til at folk handlar raskare. Her kan ein trekke trådar til kva makt gruppetilhøyrse har på menneske (Thompson, 2011). For å synleggjere drivkrafta internett og sosiale medium har, kan ein her viser til ulike hendingar av terrorangrep dei siste tiåra. Det første som er verdt å nemne, terrorangrepet på regjeringskvartalet og på Utøya 22.juli 2011. Gjerningspersonen som utøvde dette angrepet blir her karakterisert som ein «einsam ulv». Dette er personar som ikkje nødvendigvis er i organisasjonar, då desse ikkje vil bli oppdaga av samfunnet. Slike individ finn gjerne internett som sin støttespelar der dei møter sine likesinna, samt at ein kan få både støtte og rettleiing til å utføre angrep gjennom sosiale mediar (Pantucci, 2011).

Samfunnspsykologi er svært opptatt av relasjonen individet, lokalsamfunnet og samfunnet har mellom kvarandre. Her ligg merksemda på kva samfunnet har av innverknad når det gjeld mennesket si psykiske helse, velvere og på kva måte ein best mogleg kan legge til rette for det gode liv. Dette gjeld både for enkeltindividet, samt for lokalsamfunnet. (Schjødt & Skutle, 2013). Med andre ord forsøker forskning innan samfunnspsykologien å forstå og betre livskvaliteten, då dette gjeld alle menneske saman med samfunnet. Å vektlegge det sosiale system, då Bronfenbrenner er ein god indikator, vil bidra til å synleggjere at menneske ikkje kan forståast avskilt frå deira kontekst (Nelson & Prilleltensky, 2010). Eit anna viktig moment som samfunnspsykologien tek for seg, er styrkene som menneske har, då ein lever under ugunstige forhold, så vel som samfunnets styrker. Her kjem også merksemda på førebygging og tidleg intervensjon. Arbeid med konsentrasjon på rehabilitering og behandling blir lagt til side, då dette er ein meir tradisjonell nytting av det psykologiske perspektiv, mot at sjølvhjelp, utvikling gjennom samfunn og sosial handling blir fremma av samfunnspsykologien (Nelson & Prilleltensky, 2010). I det vide perspektivet vil det alltid vere fleire omgrep som forklarar ulike prosessar. Med tanke på omfanget, vil eg kun fordjupe meg i eit sentralt omgrep, då dette er «Sense of Community». Nelson og Prilleltensky (2010) påpeikar at dette vil innebære at ei gruppe med innbyggjarar har eller finn noko til felles, der dette gjerne skapar eit lokalsamfunn. Enten delar ein det inn i det geografiske, eller det relasjonelle. Uavhengig av om det er det relasjonelle eller geografiske, vil det bli argumentert for at det ofte kan oppstå ein spesiell dynamikk som fører menneske saman. Vidare viser Nelson og Prilleltensky (2010) til betydinga av fellesskap, då dette gjerne fører med seg ein følelse av fellesskap og sosial kapital. I nokre avsnitt ovanfor blir det forklart kvifor menneske har eit behov for både

tilhøyrslø, men også å ha ein eigen identitet. Dette kan ein knytte vidare til perspektivet samfunnspsykologi, då dette bidrar til ei utfylling av menneskets behov. Vidare viser Sarason (1974) til omgrepet «Sense of Community» ved at det dekkjer det grunnleggande, der ein kan sjå at lokalsamfunnet bidreg med støtte og relasjon. Ein konsekvens hadde her vore ei form for isolasjon og psykososiale problem i livet.

Ein del av vår menneskelege natur er det å kategorisere, samt det å identifisere seg med ulike grupperingar. Dette kan vere alt frå hudfargen ein har, religiøs tilhøyrslø eller den etniske bakgrunnen til kvar enkelt. Med andre ord lærer vi tidleg å kategorisere framande, då dette bidreg til vår forutintatte haldning til ukjende menneske (Berreby, 2005). Fangen (2001) løftar også fram fleire sårbare faktorar som her kan ha ein innverknad på kven som bevegar seg inn mot dei høgreorienterte miljøa. Eit eksempel som kan ha ei negativ utvikling, kan vere manglar i form av *det økonomiske*. Fangen (2001) nemner blant anna sosiologane Hernes og Knudsen, då desse forklarar det ut frå at menneske som ikkje opplever medgang og i mindre grad oppnår godar, ofte det materielle, enn andre grupperingar, kan lettare få eit meir fiendtleg bilete av innvandrarar.

Det blir også påpeikt frå Aagre (2003), då han i boka si ved namn «*Ungdomskunnskap – hverdagslivets kulturelle former*» fordjupa seg i forkinga av Bourdieu at konsekvensen av den negative åtferda ofte oppstår ved ungdom som kjem frå ein heim med kombinert låg økonomi og låg kulturell kapital (Aagre, 2003). Trekkjer ein trådar mot dei høgreorienterte miljøa, vil ein kunne sjå ein samanheng. Slike miljø tiltrekkjer seg ofte sårbare menneske, då det i stor grad er mangel på tilhøyrslø og dei gjerne er einsame. Ikkje nok med det, vil dei også kunne tiltrekkje seg menneske med låg økonomisk kapital, då ein også her kan sjå eit avgrensa sosialt nettverk (Boehnke et al., 1998). Likevel er det viktig å ikkje stadfeste at slike risikofaktorar alltid finn stad. Det kan vere menneske med dårleg kapital, men som klarer å kompensere med andre godar i livet.

Strukturelle endringar, som her kan vere globalisering og modernisering, er verken mogleg eller ynskjeleg å fjerne, sjølv om dette kan argumenterast for å vere ein medverkar til framveksten av terrorisme og radikalisering. Ein kjem ikkje unna at samfunnet er i ei auke av globalisering og modernisering og at dette kan bidra til ei negativ framvekst i den høgreorienterte ideologien (Bjørgero, 2004).

Sosialt arbeid og utveksling av fenomenkunnskap

Betydinga av fenomenkunnskap blir gjerne løfta opp frå fleire teoretikarar, då eksempelvis Fahsing (Fahsing & Ask, 2013). Her blir temaet etterforsking belyst, men eg ser det som essensielt då ein må klare å skilje mellom kva som er relevant og irrelevant informasjon. At fenomenkunnskapen kan bidra til å styrke profesjonsutøveren si evne til å ta riktig slutningar i vurderinga si. Gjennom rapporten utarbeidd av Sandmoe og Nymoen, tek ein for seg behovet for meir fenomenkunnskap. Dette kan ein vinkle rundt tematikken i denne oppgåva også. Får ein meir kjennskap og fenomenkunnskap om kva faktorar som kan auke risikoen for radikaliserings, kan ein lettare gje god oppfølging og hjelp (Sandmoe & Nymoen).

For å kunne forstå fenomenet betre, må dialogen og kjemien mellom partane vere til stades. Forstå kvarandre, og deira verdssyn. Dynamikken mellom sosialarbeidaren og klienten, og korleis klienten ser «problemet», vil ha ein avgjerande rolle om arbeidet vil fungere, samt kva verknad arbeidet vil ha. Tek ein utgangspunkt i den radikale, og møtet med sosialarbeidaren, kan det ha forskjellige utgangspunkt. Her er det viktig at «problemet», vil vere haldninga parten har og om dette kan vidare utvikle seg til noko ekstremt. Ikkje alle vil kalle dette eit problem, då det at ein kan gå i terapi/snakke med ein profesjonsutøvar for å bli rikare på kunnskap, ha ein positiv effekt. Vi som profesjonsutøvarar vil automatisk ha eit ansvar der ein bør klare å sjå klienten gjennom sitt utgangspunkt og dermed kunne samarbeide frå det gitte nivået. I artikkelen til Berg (1989), blir det gjort merksam på tre ulike klienttypar, der ein gjerne kjem med ulikt utgangspunkt og haldningar til kvifor ein vil og «må» i møte med denne profesjonsutøveren. Her kan typane vere at ein kjem i terapi grunna andre sin førespurnad, ein annan kan vere klar over problemet men ikkje sjå løysinga, medan den siste kan vere villig til å løyse og endre på problemet. Det er også viktig å vere klar over at det kan eksistere fleire typar, då ein gjerne ser på dette som hovudkarakterane ein opplever i første møte. Det vil alltid vere ulike «typar» klientar, der det krev ulik tilnærming under spesielt dei første møta.

Det å bli stempla som «radikal», og på dette grunnlaget må møte ein sosialarbeidar, kan ofte verke veldig frustrerande for enkelte. At det gjerne blir sett på som veldig negativt å ha slike haldningar, samt at ein må dit for å endre seg. Kven vil vel endre noko ein meiner er det riktige å ytre seg om? Gjennom eit slikt møte med sosialarbeidar og klient, der det er satt ein bekymring for sin radikale haldning, blir det naturleg å dra inn teorien om «Interactive kinds», (Braude, 1996). Kort fortalt handlar denne teorien om det å bli klassifisert, og som i denne

samanhengen vil vere «høgreradikal». Vi menneske responderer gjerne på korleis dei omtalast, klassifiserast og vidare korleis denne klassifiseringa kan påverke korleis vi ser på oss sjølv og vidare handlar. Dette er noko vi som profesjonsutøvarar bør vere klar over, då dette i høgst grad kan verke på dei under fenomenet høgreekstremisme og radikale.

For å få betre kjennskap til fenomenet, kan det også vere naudsynt å trekkje fram konspirasjonskulturen. Dette er ofte bunde med det høgreekstreme, og i verste fall kan teoriane og dei som trur på dette, bli farlege for samfunnet. Fundamentet for alle konspirasjonsteoriar er ein førestilling om høgare kunnskap. Dette er noko Dyrendal og Aspren (2013) framhevar, og som kan avdekkast og oppnåast gjennom ulike hermeneutiske strategiar. Ei førestilling som har ein funksjonelt soteriologisk tyding på det kollektive og individuelle nivå. Dette er å sette kunnskap fri, der dette kan bringe ein type kontakt med ein sjølv, dei åndelege leiarar eller dei skjulte meistarar. Det kan også redde verden frå krig, svolt eller katastrofar gjennom ein type global «oppvakning» og «bevisstheitsendring». Det er vanskeleg å måle, og dermed ikkje lett å fastslå, i følge Dyrendal og Aspren (2013). Det vert ei form for å forstå verda, og med det føre til kontroll, trygglek og sosial tilhøyring.

2.3 Førebygging og tiltak knytt til det sosialfaglege/profesjonsutøvarens felt

Sosialt arbeid

I medhald til Fellesorganisasjonen (2017), løftar ein fram kva arbeidsområdet til sosialarbeidaren er. Her framhevar ein merksemda på det å kunne «forebygge, løse og redusere sosiale problemer», samt ei vektlegging på å «bistå barn, ungdom, voksne, familier, grupper og lokalsamfunn i deres innsats for betre levevilkår» (Fellesorganisasjonen, 2017) i samarbeid med brukaren sjølv. I samanheng med kva masteren min går under, som er sosialt arbeid, vil det vere naturleg for meg å rette konsentrasjonen mot sosialarbeidaren. Likevel er det viktig å trekke fram alle profesjonsutøvarar som bidreg til ei positiv utvikling under dette feltet. Det tverrfaglege samarbeidet er i denne samanheng svært viktig. Dette for å kunne veksle viktig kunnskap, erfaringar, samt oppdateringar på viktige hendingar og mønster som går att i ulike miljø. Sosialarbeidaren klarar ikkje å gjere ein god jobb utan samarbeid med andre profesjonsutøvarar, då dette er viktig å få fram. Eg vel difor i denne oppgåva å ha mest merksemd på sosial arbeid.

Knytt opp til dette, arbeidar sosialarbeidarar, samt profesjonsutøvarar i samfunnet med stigmatiserte grupper. Dette kan vere alt frå rusavhengige, psykiatri, menneske med økonomiske problem eller barn som ikkje har fått god nok oppfølging. Kva omgrepet «godt nok» står for og betyr er ein annan sak, då dette handlar mykje om skjønn og det individuelle behovet. Deriblant kan sosialarbeidaren, og andre profesjonsutøvarar møte på potensielle radikalisererte høgoreorienterte, i verste fall i overgangen til ekstrem. I møte med den tenkte høgerradikale, er det naudsynt med riktig oppfølging i det vidare løp. Her kan sosialarbeidaren møte ein med haldningar som høgst sannsynleg står på andre sida av skalaen i høve seg sjølv. Ein kan i ein slik samanheng få opplevingar som avsky, då dette ofte kan sjåast på som sjølvpåført stigma (Fangen, 2001). Som del av sosialarbeidarens rolle er det å vere profesjonell ein viktig føresetnad. Ein vil i slike tilfelle få til eit verdig møte med klienten. Dette betyr med andre ord at haldningane ein har ofte vil bli utfordra, då møte med eksempelvis overgreparar, kriminelle eller høgerradikale/ekstreme ofte oppstår. Løftar ein fram den viktige rolla sosialarbeidaren og profesjonsutøvarane i feltet har, kan dette bidra til mykje verdifullt. Det å få ei oppfatning av at ein ikkje tilhøyrar samfunnet, samt føler seg mindre verdt grunna ytringa ein utfører, kan i verste fall føre til negativ status som kan forsterke seg. Det å føle seg dehumanisert i samfunnet, er ikkje ynskjeleg skal skje i møte

med profesjonsutøvarane. Relasjonsarbeidet og evne til den gode samtalen med eksempelvis sosialarbeidaren kan gje eit friskt pust i endringsarbeidet og kanskje ein motivasjon ut av det radikale høgreorienterte miljøet (Eiternes & Fangen, 2002).

Likevel kan ein stille seg det spørsmålet om det kan førebyggast, og verknaden av arbeidet om vi går inn for å endre haldninga og tankegangen. Dette kan verke veldig stigmatiserande for den utsette parten. Under lova sine paragrafar er det grunnlag for å ytre seg, så lenge det ikkje er hatefulle og diskriminerande ytringar. Å ytre seg radikalt ytst mot høgre er ikkje ulovleg, og det er her fenomenkunnskap kan kome til nytte under det førebyggande arbeidet. Korleis klarer ein å møte desse på ein respektabel og verdig måte? Ein må kanskje godta at det alltid vil vere nokon med slike radikale, men lovlege haldningar i samfunnet. Å forstå bakgrunnen for at ein vel å ytre seg på ytterkanten, og at førebygginga er å lytte, ikkje endre? Å få dei til å føle seg velkomne, sjølv med haldningar som ikkje er politisk korrekte. Kva førebygginga vår vil innehalde, då ein gjerne kjem til å møte på ein potensiell radikal, kan omfatte så mangt. Kva merksemd og framgangsmåte vi vel å ha, kan vere avgjerande for prosessen til ein lovleg radikal.

Under Handlingsplanen til Justis- og beredskapsdepartementet (2014), lanserte regjeringa Solberg retningslinjer mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Her blei blant anna sosialarbeiderane ein del av den nasjonale strategien, der deira rolle besto i å hindre ytterlegare radikaliserings knytt opp mot ungdom og vaksne. Som nemnt ovanfor i Fellesorganisasjonen (2017), har sosialarbeidarane i stor grad konsentrasjon på enkeltpersonar og grupper, samt i nokon omfang, på samfunnsnivå. Kjernen er at ein arbeider med menneske, som igjen inneber å bli kjend med kundens problem og behov slik at ein kan støtte mangfaldet, samt fremje sosial rettferdigheit (International Federation of Social Workers, 2014). Med denne framlegginga av sosialarbeidaren si rolle, både under handlingsplanen samt fellesorganisasjonen, vil det her kome fram viktigheita av å førebygge mot det høgreradikale fenomenet som er aktivt i dag.

Kva er førebygging?

Ein kan sjå det saman med radikaliserings og valdeleg ekstremisme, at førebyggingsarbeidet også har fått ei større merksemd den siste tida (Førde & Andersen). Ein del av problemstillinga tek fatt i det å møte dei «høgreradikale» på ein betre måte. Dette ser eg som naudsynt å løfte fram, då dette igjen kan betre det førebyggande arbeidet. Som nemnt

tidlegare, har det skjedd endring når det gjeld førebyggingsmerksemd, då førebygging på tidleg stadie har fått eit løft. Justis- og beredskapsdepartementet påpeikar nødvendigheita av førebygging på tidleg plan, eit kunnskapsbasert arbeid, samt tverrfagleg samarbeid.

Konsentrasjonen på førebygging blir nemnt gjennom den norske handlingsplanen mot radikalisering og valdeleg ekstremisme slik :

«Regjeringen ønsker en bred innsats for å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme. Det kan være ulike grunner til at personer søker seg til ekstreme miljøer. Det er nødvendig med tidlig innsats fra en rekke aktører fra å øke mulighetene til å lykkes i det forebyggende arbeidet. Utfordringene må møtes med kunnskap om fenomenet, om risiko- og motivasjonsfaktorer, om hva man gjør når bekymring oppstår og hvilke tiltak som kan settes inn.»

Ein kan også gå heilt tilbake til 1896 og Vergerådsloven då førebygging som vi kjenner den i dag, blei ein realitet. Det er fleire forskarar som vel å dele førebygginga inn i fleire nivå. Dette er grunnprinsipp som kan hjelpe å avdekke ein tidleg radikaliseringsprosess (Gjertsen, 2007).

Tek ein føre seg førebyggingsomgrepet og ser litt nærmare på dei ulike nivåa, blir primær, sekundær og tertiær førebygging mykje nytta ut frå den medisinske tradisjonen. Første tiltak, primær (generell førebygging), omfattar at ein skal forhindre at problem oppstår og har her som mål å nå ut til heile befolkninga. I denne samanhengen, om å motverke radikaliserings og valdeleg ekstremisme i den allmennlege befolkninga. Selektiv-førebygging retter merksemda mot grupper med spesielle behov, då dette tek sikte på å identifisere risikofaktorane så tidleg på mogleg slik at problem ikkje utartar seg. Knytt til forskingsprosjektet, vil ein dra dette mot personar som befinn seg i faresona for å bli radikalisert. Det siste omgrepet som omhandlar førebygginga, er den tertiære, også kalla indikert behandling. Dette vil vere hjelpetiltak som verksettast då dette blir sett på som eit behov ut frå den selektive førebygginga (Gjertsen, 2007). Med andre ord omhandlar dette tiltak som iverksetjast mot radikalisererte personar.

Kva gjerast av tiltak?

For å kunne hindre veksten av dei høgrekstre miljøa, blir det både frå det nasjonale, men også frå distrikta, utarbeidd både tiltaksplanar og strategiar. Dette for å best mogleg førebygge fenomenet, samt motverke utstøyttingsmekanismar i kvardagslivet til menneska. Det blir saman med tiltaksplanar og strategiar, også utarbeida handlingsplanar og rapportar. Å sette ord ut i handling er ikkje alltid like enkelt. Som nemnt, har radikaliserings og valdeleg ekstremisme gjennom åra fått meir og meir merksemd då fleire angrep har blitt utført av ulike individ. Allereie i 2012, eit knapt år etter terrorangrepet i Noreg gjekk av, blei det skrivi ein rapport av Sultan og Berglund (2012). Her fekk ein som lesar oppdatering rundt relevante miljø og utviklingstrekk i det aktuelle tidsrommet. Redaktøren påpeikar sin bekymring om rundt det norske samfunnet, då spørsmålet om den offentlege stat «*kvier seg for å ta høgrekstre ideologi og høgrekstre holdningar på tilstrekkelig alvor*» (Sultan & Berglund, 2012).

Rett etter Regjeringskvartalet og Utøya, då gjerningspersonen uttalte at store delar blei brukt på sosiale media, blei det oppretta ein rapport om akkurat dette. Sunde (2013) formidla i sin rapport korleis bruken av «nettekstremsisme», som i dette tilfelle omhandlar «radikaliserings og valdeleg ekstremisme på internett», fungerte som ein form for skjult kommunikasjon. Vidare fortel Sunde (2013) at ein vanskeleg kan gje konkrete forslag til ulike førebyggjande tiltak, då fenomenet og utfordringa her bør bli definert betre først.

Ved samtlege kommunar, då eg i denne oppgåva vel å rette merksemd på Trondheim kommune, har det blitt utarbeidd både rettleiing og fenomenkunnskap knytt til diverse utfordringar. Trekk ein fram dokumentet utført av Trondheim kommune (2020a) «Tiltak for – Inkludering, mestring og oppleving av tilhørighet», vil ein sjå ulike tiltak med hensikt å betre samarbeidet, då mellom blant anna kommunen, PST, politidistriktet, RVTS, NAV og skular. Det er uansett viktig å påpeike at framveksten, samt dei faktiske årsakene i lokalmiljø kan vere ulike. Difor treng ikkje alle tiltak ha same effekt om ein skal sjå på by og bygd-utfordringar. Den nasjonale handlingsplanen, utført av Justis- og beredskapsdepartementet (2020), er også ein del av direkte tiltak ut mot distrikta. Her blir det lagt føringar ovanfor både SLT (kommunen) og politidistriktet, då desse skal koordinere og iverksette førebygging lokalt. Kontaktforum har også ei oppgåve, då dette vil vere ressurspersonar utpeikt av kommunen, der ein utviklar og vekslar tiltak, informasjon og kompetanse.

Ein føresetnad for å gripe inn og førebygge, er kunnskap. I form av dette, er det forma ei mentorordning til personar der bekymringa er relativt høg. Utføringa av ordninga blir utført av kommunen og RVTS, då opplæring om ekstreme ideologiar, kommunikasjonsferdigheiter og mentor-teori er ein del av kurspakken (Regjeringen, 2017). Poenget med ei slik ordning vil ikkje vere å endre deltakaren sine haldningar, men då å forhindre ein eventuell ekstrem tankegang som kan føre til vald.

Nemnt ovanfor kan risikoårsakinga til ei eventuell tiltrekking til høgreorienterte miljø, vere utanforskap og marginalisering. Det å føle seg einsam, samt å føle på mobbing og krenkingar kan føre til ei søking av andre miljø. Her er det viktig at alle kommunar i landet bygger opp under eit trygt og inkluderande miljø. Det vil også utført undervisningsopplegg om fenomenet, til dømes DEMBRA, då dette kan bidra til ei bevisstgjerung og kunnskap om kva konsekvensen vil vere om ein melder seg inn. Likevel er det viktig å sjå det komplekse biletet, og dermed ikkje anta at ein einsam og sint ungdom kanskje er ekstrem i sine haldningar. Dette kan føre til ei stigmatisering som ikkje hadde trengt å eksistere. Eit trygt å inkluderande miljø kan vere å sjå ungdomen, snakke med dei og ikkje over dei.

3.0 Metode – Forskingsmetodisk tilnærming

Målet med denne oppgåva er å få meir innsikt i korleis det radikale høgreorienterte landskapet fungerer, kva som utløyer slike innmeldingar, samt kva følelsar som er og blir aktivert gjennom ei forståing av informantens livsverden. Eg vil i dette kapitlet grunngje dei ulike metodiske vala eg har gjort, samt gje ei gjennomgang av dei ulike fasane i studien. Gjennomgangen vil syne fram mi tilnærming, samt korleis mine metodiske val er hensiktsmessige for å svare på problemstillinga mi.

3.1 Val av forskingsmetode

Det høgreorienterte miljøet, der radikaliserings og ekstremisme hovudsakleg står i sentrum og er eit komplekst fenomen. Det er aldri ein fasit på kvifor og kva som gjer at menneske blir radikalisererte, og i verste fall utfører ei valdeleg og ekstrem handling. Ut frå nemnde hendingar og den framtrekande utviklinga, er det per dags dato naudsynt for samfunnet å forstå. På bakgrunn av dette, vil eg i denne oppgåva prøve å forstå kva motivasjonen, samt kva sosiale kjenneteikn som går att i menneske som trekkast til det høgreorienterte radikale landskapet. Kva kan profesjonsutøvarane og samfunnet bidra med, samt korleis kan ein hindre at eventuelle radikaliseringsprosessar går heile vegen inn i det ekstreme. Det blir her naturleg å sjå på den kvalitative forskinga, då dette vanlegvis speglar ei interesse for oppleving, kartlegging og utdjuping av fenomen, samt deira innhald. Ved å ta utgangspunkt i informantens livsverden, vil den kvalitative tilnærminga vere mest fruktbar. Dette skjer til dømes gjennom intervju eller feltarbeid, og eg som forskar vil i denne samanheng stille spørsmål som tek for seg kva noko betyr og handlar om (Brinkmann et al., 2012). Ei slik utføring trekkjer gjerne fram erfaringsprosessar og det sosiale liv, og bidreg til eit meir nyansert og detaljrikt utgangspunkt framfor statistiske analyser. Her er det også essensielt å framheve generaliseringa av forskingsresultatet. Ein er ikkje naudsynt motstandar av dette, men det blir ofte hevda at dette må skje på andre premissar enn gjennom statistiske testar. Motsetninga vil her vere kvantitativ metode, då dette ofte blir gjennomført ved spørjeskjema (Brinkmann et al., 2012). Eg fann det difor naturleg å utføre kvalitativ forskning, på grunnlag av interessa for mennesket si oppleving, erfaring og sosiale liv. Eg vil også sette søkelys på førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme, då nysgjerrigheita mi vil vere å lære og forstå kontra bekrefting av ulike idear og hypotesar.

På grunnlag av dette vil mi masteroppgåva ta utgangspunkt i ein kombinasjon av fenomenologien og Grounded theory. Kvifor eg vel ein slik kombinasjon, er både fordi det allereie eksisterer forskning på feltet eg tek del i, då dette gjer at Grounded theory i seg sjølv ikkje held som eigen framgangsmåte. Grounded theory blir brukt når det ikkje eksisterer teoriar og modellar som passar inn i problemstillinga som blir utarbeidd (Charmaz, 2014). Det vil likevel vere spennande å sjå innhaldet bli forankra i datainnsamlinga saman med forskingsfeltet. Grounded theory vil kort sagt bli utvikla gjennom ein kontinuerleg samhandling, samt deltaking og møter med individ. Det tek også for seg situasjonar og sosiale nettverk som består av individ der ein opererer innan gitte sosiale felt (Charmaz, 2014). I denne masteroppgåva er eg som forskar svært open for nye teoretiske oppdagingar, og i dette tilfelle trur eg grounded theory kan tilføre meg mykje nyttig kunnskap. Grounded theory vil i denne oppgåva bidra som eit analyseverktøy, då koding og memos blir ein del av arbeidet med prosjektet.

Når det er snakk om kvalitativ forskning, er fenomenologi mer bestemt et begrep som peker på en interesse for å forstå sosiale fenomener ut fra aktørens egne perspektiver og beskrive verden slik den oppleves av informantene ut fra den forståelse at den virkelige virkeligheten er den mennesker oppfatter (Kvale & Brinkmann, 2010, s.45).

Fenomenologien tek utgangspunktet i mennesket si subjektive oppleving, samt merksemda på opplevinga av fenomenet står sentralt (Thagaard, 2013). Det vil difor vere naturleg å ha dette som det metodiske utgangspunkt inn mot prosjektet mitt: korleis vi menneske opplever verda (Christensen et al., 2015). Det handlar om å *forstå* mennesket si livsverd og opplevingar, då menneske sjølv dannar sin eigen verkelegheit og som deretter gjev meining til egne erfaringar (Kvale et al., 2015). Her er den samfunnsmessige og sosiale konteksten vesentleg, dette med tanke på fortolkinga vi menneske utfører i gitte situasjonar. Kort sagt har fenomenologien eit konsentrasjonsområde som omhandlar korleis vi konstituerer verda gjennom vår bevisstheit, samt korleis vår livsverden oppstår som noko sjølv sagt og sosialt naturleg (Tjora, 2018). Ein kan også trekke litt parallellar til den narrative tilnærminga når ein ser på kva som er relevant og ikkje. Som forskar er ein alltid på jakt etter ei objektiv sanning, då det både gjennom fenomenologien og den narrative tilnærminga kan vere relevant å stille spørsmålet om informanten fortel sant eller ikkje. Lesaren blir presentert forteljingar om ei forståing der aktøren sjølv har ei oppfatning over si eiga livsverd. Difor må ein sjå på forteljingane som subjektive, då dette ikkje nødvendigvis treng å vere objektivt riktig

(Presser, 2009). Livsverda til aktørane blir dermed ikkje tolka som *informasjon*, men som *meaning*. Denne forskinga vil legge vekt på deltakarane, og det å lage si eiga subjektive meaning framfor å finne ein objektiv logikk. Korleis verkelegheitsforståinga til informanten konstruerast og argumenterast for, er her relevant. Gitt at informanten som formidla faktisk fortel sannheita eller ei, er ikkje i denne samanheng relevant (Feldman et al., 2004).

3.2 Vitskapsteoretisk tilnærming

Ein skil ofte den vitskapsteoretiske tilnærminga i induktiv og deduktiv. Deduktiv tilnærming tek utgangspunkt i ein gitt teori, og tek deretter i bruk empiri for å enten bekrefte eller avkrefte teorien. Med induktiv tilnærming er merksemda retta mot å utforske eit felt med minimalt av forkunnskapar (Tjora, 2017). Ved å ta i bruk både metoden Grounded theory, og fenomenologi vil dette vere av ein abduktiv tilnærming. Denne forskingstilnærminga finn seg mellom den induktive og deduktive tilnærminga, då abduktiv har ei merksemd i ein analyse som bygger på forståing, men med naudsynt kunnskap om fenomenet (Kvale et al., 2015). Om ein kun nyttar induktiv tilnærming, kan ein lett bli farga av tidlegare forskning, og samtidig også få ulike forutintatte haldningar grunna mykje forkunnskap om det eksisterande feltet. Likevel kan manglande forkunnskap gjere det vanskeleg å oppnå god flyt i intervjuet, samt viktige oppfølgingsspørsmål. For å kunne tilføre forskingsfeltet noko positivt, vil det vere naudsynt å sette seg inn i kva som tidlegare er gjort. Dette gjev ein moglegheit til å utvikle ei teoretisk forståing, samt avklare essensielle omgrep om informanten si forståing. Kunnskap kan dermed ha ein styrke i forskinga (Tjora, 2017). Etterkvart som datainnsamlinga føregjekk, fekk eg tileigna meg teori parallelt med prosjektet. Eg hadde med andre ord ei opa tilnærming til kva som skulle bli med i teorikapittelet.

Eigen forskingsrolle har stor påverknad på kva funn forskinga får, då det her vil vere naudsynt å ta ei bevisst rolle. Å ta utgangspunktet i omgrepet *kvalifisert naivitet*, som er nedskriven i boka til Kvale et al. (2015), vil det her blitt tatt for seg forskaren, og om ein har nok kunnskap om feltet. Ein er samtidig open for nye fenomen både når ein innhente data, samt i analysen. Å forske på det høgreradikale miljøet gjer det svært viktig å vere imøtekomande med menneska på ein human og vennleg måte. Dette ved openheit og nysgjerrigheit.

Vitskapsteori omhandlar i første omgang korleis ein skapar kunnskap, samt utfører vitskap. Korleis ein utviklar ny kunnskap og innsikt blir utført i kombinasjon av omgrep som

epistemologi, ontologi og metodologi (Christensen et al., 2015). Metodologi omhandlar korleis kunnskap blir skapt, samt ei grunngeving av denne kunnskapen. Ein kan også kalle dette for metodelære. Ontologi blir omtalt som eit abstrakt omgrep, då dette skildrar det å uttale seg om verden, og korleis den er. Omgrepet er av betydning gjennom to greske ord, der *ontos* står for «det værande», samt *logi* som tyder «vitskapen» eller «læra» om noko. Ontologi kan ein sjå på som læra om det værande, om det eksisterande. Med andre ord, teoriar og spekulasjonar om korleis verda er bygd opp og ser ut. Ser ein på fenomenet epistemologi, er også dette ein samanfatning av to greske ord. *Logi*, som her tyder det same som tidlegare nemnt, samt *episteme*, som er kunnskap og fornuft. Ein kan dermed anslå at tydinga blir «læra om kunnskap» (Nyeng, 2012).

Før ein stiller seg spørsmål om kvar Grounded theory og fenomenologien ligg i den vitskaplege teoretiske ståstaden, ser eg det på som naudsynt å presentere ontologien og epistemologiens to ytterpunkt. Dette er to ulike måtar å sjå vitskapsteorien på: positivisme og konstruktivisme. Tek ein for seg det positivistiske perspektivet, har ontologien her eit realistisk syn på verkelegheita. Her er verda reell og uavhengig av forskaren. Gjennom epistemologien er det ynskjeleg at forskaren tek ein nøytral og ein ikkje involverande posisjon. Ein vil på denne måten oppnå objektiv kunnskap om verkelegheita. Positivisme er meir retta mot eksperiment som blir gjennomført i kontrollerte omgjevnader, då ein her er innretta mot kvantitativ metode og det målbare (Charmaz, 2014). Konstruktivisme er derimot avhengig av konteksten, der alt er relativt. Her har ontologien eit meir realistisk syn på verkelegheita. Med andre ord er den sosialt konstruert. Tek ein for seg epistemologiske perspektiv, er dette svært subjektivt. Her blir verkelegheita og kunnskapen skapt via samhandling mellom den refererte og det som er referert. Her vil både forskaren og informanten erkjenne at begge partar fortolkar og konstruerer verkelegheita.

Grounded theory er på mange måtar banebrytande innan kvalitative forskingsmetodar i framveksten sin. Tidlegare hadde forskinga meir merksemd gjennom det positivistiske synet når det kom til metode og innsamling av kunnskap. «Objektivitet, generalitet, og falsifikasjon» blei her vedlagt (Charmaz, 2014). Under utgivinga av boka til Glaser og Strauss (1967) «The Discovery of Grounded Theory: Strategies for Qualitative Research», blei Grounded theory mykje basert på positivisme (Gynnild, 2014). Etter utgivinga frå Glaser og Strauss (1967), delte forskarane to ulike syn på Grounded theory, då dette resulterte i at metoden utvikla seg i retning av det konstruktivistiske synet. Dette resulterte i at Strauss

seinare gav ut boka «Qualitative Analysis for Social Scientists» (Strauss, 1987). Grounded theory, sett frå det konstruktivistiske synet, baserer seg meir på den induktive komparative, der det er ei veksande og opa tilnærming. Dette var viktig poeng som både Glaser og Strauss (1967) la vekt på i bokutgivinga.

Skal ein sjå nærmare på Grounded theory inn mot dei to ytterpunkta, positivisme og konstruktivisme, vil det vere av utfordring å ha eit positivistisk syn på vitskapen gjennom det å halde seg til objektiv kunnskap. Dette i samhøve med at forskaren må ta ein nøytral og ikkje involverande posisjon. Det er svært vanskeleg å gjennomføre eit intervju på denne måten, med tanke på at Grounded theory er avhengig av kontekst, den refererte og at ein kan gå inn og endre på eventuelle hypotesar. Som nemnt tidlegare er positivisme basert på ei gjennomføring i kontrollerte omgjevnader. Dette var midlertidig eit ynskje frå Glaser og Strauss, då dei meinte at resultatet sin gyldigheit baserte seg på forskaren si evne til å halde seg nøytral og objektiv i forskingsfeltet (Gynnild, 2014). Her igjen skein det gjennom at Grounded theory tidlegare var prega av positivisme. Det er derimot meir legitimt å sjå Grounded theory i form av det konstruktivistiske synet, då framgangsmåten blant anna omhandlar å gå fram og tilbake i analysen av data, samt endring av hypotesar og informantar. Den sosiale konstruksjonen er også relevant for å kunne plassere Grounded theory inn mot det konstruktivistiske grunnsynet (Charmaz, 2014).

Ser ein vidare på fenomenologien, vil dette også vere prega av eit konstruktivistisk syn på vitskapen. Trekk ein fram viktige punkt som mennesket si subjektive oppleving, samt fortolkinga vi menneske gjer i samfunnet og den sosiale konteksten, vil det vere naturleg å sjå på dette opp mot det konstruktivistiske syn. Her vil det ikkje vere relevant å kunne plassere det positivistiske synet, då forskaren ser seg nøydte å vere uavhengig og heilt nøytral. På same måte som Grounded theory, vil fenomenologien vere avhengig av den sosiale konteksten.

3.3 Historikken bak fenomenologi og grounded theory

Husserl (1962) blir i dag sett på som grunnleggaren av *fenomenologien*, då den tok utspring i hans filosofi og metode. Det er primært ein teori om bevisstheita og korleis fenomen framtrer ut frå førstepersonsperspektiv. Vidare gjorde Schutz (1970) fenomenologien meir relevant ved å vise til korleis samfunnsmedlemmer forstår verda ved interaksjon med kvarandre. Schutz stiller også seg spørsmålet om korleis kommunikasjon og felles forståing eigentleg er

mogleg, då han påpeiker at ein ikkje kan ta for gitt at; medmenneske eksisterer og samhandlar, at sosiale grupperingar, juridiske og økonomiske system og så vidare er integrert i vår livsverd. Gjennom omgrepet fenomenologi, blir det stilt to hovudspørsmål som er relevante, då dette er: (1) *for observatøren*, kva betyr denne sosiale verda for meg, og (2) *for den observerte aktøren*, kva betyr den sosiale verda innan deira verd, samt kva meiner aktøren ved sine handlingar her? (Tjora, 2018).

Sentrale omgrep som *erfaring*, *internsubjektivitet* og *livsverd* står sterkt inn mot fenomenologien. Ein kan forstå kvardagslivet si verd som ei intersubjektiv verd som lenge har eksistert før vår fødsel. Ei verd som har vert erfart og fortolka av andre, som ei organisert verd. Stafettpinnen er dermed overlatt til våre eigne erfaringar og fortolkingar, då dette som oftast er basert på tidlegare erfaringar, eigne og dei tidlegare foreldre og lærerar. Dette kan sjåast på som praktiske referanserammer. Går ein vidare til neste omgrep, *livsverda*, vil dette vere vår direkte erfarte verd. Dette er noko som vi skapar gjennom våre handlingar, og som igjen blir modifisert av desse. Ei slik verd er erfart, og dermed sosial gjennom sosiale forbindelsar, teikn, symbol og institusjonaliserte former for sosial organisering. Slike døme kan vere status og prestisje. Den fenomenologiske sosiologien tek dermed utgangspunkt i at det er ulike forhold som konstruerer livsverda, sosialt liv og menneskelege erfaringar, då dette ikkje bør takast for gitt under empiriske studie (Tjora, 2018)

Som nemnt ovanfor, har samarbeidet mellom sosiologane Barney G. Glaser og Anselm L. Strauss hatt mykje å seie for grunnlegginga av *Grounded theory*. Ut frå forskingsprosjektet og framgangsmåten, ser eg det som naudsynt å ta for seg historia til *Grounded theory* då dette kan hjelpe på forståinga av vala som blir gjort utover.

Glaser og Strauss (1965) gjennomførte ein studie som blant anna omhandla døde og døande på sjukehus. På denne tida var eit slikt tema svært tabubelagt, og under publiseringa av funna skapte dette oppsikt. Eit resultat av dette var at Glaser og Strauss såg seg nøydde til å publisere boka «*The Discovery of Grounded Theory: Strategies for Qualitative Research*». Dette for å kunne gje ei forklaring på arbeidet fram mot den gitte teorien (Gynnild, 2014). Grunnideen for sjølv *Grounded theory* ligg i samarbeidet til Glaser og Strauss då boka blei gitt ut i 1976. Andre har i seinare tid nytta seg av denne systematiske metodiske strategien til sosiologane Glaser og Strauss (Charmaz, 2014).

For å best mogleg kunne gje eit blick på korleis Grounded theory blei sett på frå starten av, vil det vere naturleg å sjå på definisjonane til Glaser og Strauss som her blir inkludert i praksis; parallell involvering av datainnsamling og analyser, samt konstruere kode og kategoriar i analysen av data. Eit viktig moment her, vil vere å ikkje gå ut frå egne førestillingar. Ein konstant samanlikning i kvar fase av analysen vil her også vere essensielt. Vidare ser Glaser og Strauss viktigheita av memo, som her er naudsynte notat gjennom analysen. Dette for å utfolde kategoriar og samanhangen mellom desse. Memo fungerer også som ein bidragsytar til å identifisere manglar. Ved å nytte seg av Grounded theory og tankegangen her, kan ein lettare kontrollere forskinga og å auke den analytiske makta (Charmaz, 2014).

3.4 Dybdeintervju som metode

Semistrukturert intervju, eller djupneintervju er eit av dei mest utbreidde og populære innan metodar for datagenerering i den kvalitative forskinga. Målet med eit slikt dybdeintervju, vil i hovudsak vere å skape ein fri samtale som omhandlar spesifikke tema som forskaren har bestemt på førehand. Dette gjerne i ein gitt situasjon, då informanten har rom for å reflektere over egne erfaringar og opplevingar knytt til det aktuelle tema. Her blir det nytta opne spørsmål slik at informanten får moglegheit til å gå i djupna på det ein vil fortelje. Som regel når ein nyttar seg av dybdeintervju, vil ein gjerne studere meiningar, haldningar og erfaringar. Dette er med andre ord livsverda til informanten (Tjora, 2017). Metoden dybdeintervju er basert på det fenomenologiske perspektivet. Her ynskjer forskaren å forstå respondentens opplevingar, men også korleis informanten vel å reflektere over dette (Spradley, 1979). Ved hjelp av eit slikt dybdeintervju vil ein kunne klare å fange opp nyansar i ulike opplevingar og erfaringar, då dette er hensiktsmessig i mitt forskingsprosjekt. Eit anna viktig moment i eit slikt dybdeintervju, er at kvaliteten ofte botnar ut frå tilliten forskaren og respondenten har seg i mellom. Dette er særleg viktig i sensitive tema, då dette står i stil med temaet eg forskar på. Grunnen for at valet la seg på dybdeintervju, kontra konsentrasjonsgrupper er at temaet krev at informanten er trygg i situasjonen. Dette kan lettare bryte opp om ein vel konsentrasjonsgrupper, der det kan skape ei forventning ovanfor kvarandre om å fortelje si personlege historie. Eg er også på jakt etter respondentens subjektive historie, då også dette kan bli farga/endra av anna oppfatning om ein vel utforminga konsentrasjonsgrupper.

3.5 Utval og rekruttering

Hovudregelen for utvalet er at ein vel informantar som av ulike grunnar kan uttale seg på ein reflektert måte. I dette tilfellet kan ikkje informantane representere populasjonen slik som i ei

kvantitativ undersøking. Her vil ein først og fremst representere seg sjølv, men seinare i analysen kan representanten stå for eit perspektiv eller posisjon (Tjora, 2017). Poenget ved å plukke informantar eg ser på som relevante overfor andre, er at informasjonen som kjem inn blir hensiktsmessig. Forskinga baserast på eit strategisk utval, då dette omhandlar profesjonsutøvarar, avhoppingar samt aktive høgreradikale. Eit strategisk utval av deltakarar er valt ut då dei har eit grunnlag for å kunne uttale seg på ein god og reflektert måte. Dette for å få fram fellestekk, og gjennom dette illustrere poenga ved at eg nemner informantane i grupper. Vidare er det viktig å peike på at dette utvalet ikkje er tilfeldig utvalde som skal representere ein populasjon, som gjerne er tilfelle i kvantitative studie (Tjora, 2017). Her vil det vere relevante eigenskapar og/eller kvalifikasjonar som vil vere strategisk opp mot studiets problemstilling og teoretiske perspektiv (Thagaard, 2013).

Om eg kunne sende ut informasjonsskriv til tilfeldige, hadde ikkje funna mine blitt generaliserbare og gyldige nok. Her er kravet at deltakarane må ytre seg inn mot den høgreradikale fløyen. Ved å tenkje på denne måten, vil eg sitte igjen med deltakarar som kan gje eit unikt syn på kven dei er, og kvifor ein vel å tre inn i eit slik konservativt og politisk landskap. Her kan deltakarane gjerne vere av begge kjønn og i ulik alder.

Utvalet knytt til avhoppingar vil vere at ein tidlegare må ha tatt del i eit høgreradikalt miljø. Kor lenge ein har vore ein del av dette, er ikkje relevant. At avhopparen har eit reflektert syn på fortida si, og kvifor den høgreradikale ytringa fann stad den gongen, er gjerne noko eg ser etter. Dette for å hjelpe, samt løfte fram det førebyggande synet på fenomenet. Sist, men ikkje minst, må profesjonsutøvarane eg intervjuar vere aktivt knytte til førebyggingsarbeidet mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Dette for å få eit innblikk i kva dei eksakt tenkjer om fenomenet og kva problematikk dei ser på som aktuelt i dag.

Før rekrutteringa starta

Utgangspunktet for sjølve prosjektet var å ha merksemd på intervjuobjekt som den dag i dag er aktive medlemmar i den konservative høgrefløy. Dette på bakgrunn av ei større interesse og nysgjerrigheit for årsak og motivasjonsfaktorar til å tre inn. Å få høyre om livsverda til kvar enkelt, samt den subjektive opplevinga av samfunnet. Tanken var å ta for seg tre ulike grupperingar, då desse representerer kvar si retning innan det høgreekstreme. Utgangspunktet var at informantane skulle gå under den raserevolusjonære nasjonalismen, kulturnasjonalismen og den etnonasjonalistiske retninga. Å vise nyansane mellom kvar enkelt

gruppering, samt fellesskapet ein likevel har med kvarandre, var noko av hensikta mi. Dette viste seg å vere svært vanskeleg, då tid og moglegheiter til å møte respondentane på heimebane, var utfordrande. Ein pandemi, Covid-19, bidrog også til ei hindring i å møte respondentane ansikt til ansikt. Kommunikasjonen måtte dermed førekome gjennom internett. Dette var blant anna på plattformer som Facebook, e-post og tekstmeldingar der eg fant ulike telefonnummer som låg ute på offentlege nettsider. I første omgang blei prosjektet godkjent av Norsk Senter for forskingsdata 15.september 2020. I og med at problemstillinga og informantane blei endra, sende eg ut ein ny søknad om godkjenning (Vedlegg 8).

Korleis eg gjekk fram i prosessen med informantane

Ved å gå gjennom leiaren i ein høgreradikal organisasjon, samt menneske som har vore mykje i media, ville eg prøve å få i gang snøballeffekten. Første omgang sendte eg ut ei melding som omhandla både informasjonsskriv om konfidensialitet og anonymisering og informasjon om meg sjølv (Vedlegg 1 og 3). Plattforma dette fant sted, var gjennom *Facebook*, samt *tekstmelding*. Etter gjentatte forsøk på å nå informantane eg såg på som relevante, sat eg igjen med eit fåtal av svar. Her var det enkelte som svarte med stor skepsis til prosjektet. Dei mest ekstreme grupperingane responderte ikkje i det heile tatt, då dette kan ha ei årsak i liten interesse for det å uttale seg. Å ha slike kontroversielle ytringar kan gjerne sjåast på som farlege i dagens samfunn, då enkelte kanskje vel å halde lav profil. Eg tok dermed kontakt med informanten som såg seg positiv til å prate, tross skepsis til om det var verdt tida for eigen del. I mellomtida gjorde eg ei endring i meldinga eg tidlegare sende, då hensikta skulle vere å gjere det mindre formelt og meir utdjupande om prosjektet. Eg korta ned meldinga litt, med hensikt om å ikkje skremme vekk informantane. Ei kjensle av at meldinga kanskje var for omfattande, gjore at eg kun sat igjen med det viktigaste. Kven eg var, at dette var ei masteroppgåve, og at det hadde vert hyggeleg med ei prat over ein kaffi for å få meir innsikt i kven dei var. Eg sende i andre omgang melding til to nye informantar (Vedlegg 4). Her var det fortsatt knytt ein skepsis til kven eg var, samt at dei ikkje ville definere seg sjølve som nokon med høgreorienterte ytringar. Likevel var dei litt meir opne om å ta ein prat over ein kaffikopp, då eg opplevde dette som positivt. Det kan tyde på at openheit og audmjukheit kan hjelpe på rekrutteringa. Eg vil også påpeike at framstillinga om å vere nysgjerrig på tema og kven dei er, også har ei positiv hensikt.

Første møte med informanten var på ein arena der informanten var på heimebane. Dette for å skape ei trygg ramme for den som skulle bli intervjuet. Under utdelinga av informasjons- og

Samtykkeskrivet, blei det sett i gong ein diskusjon rundt omgrepet *høgreekstremisme*: kva dette inneber, samt at informantane lettare føler seg sett i bås/stempla når ein brukar omgrepet «ekstremist». Ein ville ikkje identifisere seg som ekstrem, då informanten meinte andre omgrep var meir passande for si ytring. Nasjonalisme blei blant anna definert frå informanten si side som meir passande. Eit fenomen som gjennom beskrivinga av dybdeintervju viste seg å vere avgjerande, var tilliten mellom forskaren og informanten. For å i det heile tatt klare å uttrykke seg mot ein ukjend, krev det tid til relasjon og tillit. Etter det første møtet med den høgreorienterte informanten, blei samtykket avvist. Samtalen omhandla i stor grad kven vi var, kva vi ville med kvarandre, avklaring av omgrep for å ikkje føle seg trakka på, samt at ein var her for å forstå. Ikkje fordømme. Eit neste møte blei avtalt, då tidspunkt ikkje blei konkretisert. Betydinga av relasjon og tillit under det første møte blei veldig framtrødande.

Diskusjonen rundt valdsbruken var her essensiell for å kunne kalle seg ekstrem, då dette ikkje var tilfelle for informanten eg prata med. Å skilje mellom det høgreekstreme og høgreradikale var veldig viktig, då holdning og handling er og var to forskjellige ting. Eg såg meg dermed nøydd til å endre rammene rundt bruken av omgrepa eg sat med. Her blei det også gjort ei endring i kven eg skulle prate med, samt ei endring i formulering av problemstillinga mi. I og med ei dårleg tilbakemelding frå tidlegare informantar som kunne reknast som høgreekstreme, sat eg igjen med ei litt mildare gruppering. Som nemnt var eit av ynskja mine å forske på motivasjonsfaktorane, samt korleis slike ytterliggåande standpunkt menneske har på samfunnet/demokratiet oppstår. Eg såg det difor som naudsynt å høyre frå radikale deltakarar, då desse er like relevante og viktige. Ein kan sjå på dette som ei mellomlanding til ein eventuell vidare ferd inn mot det mest ekstreme, og det vil difor vere viktig å få innsyn i deira subjektive livsverd. Eit omgrep eg valte å bruke vidare i oppgåva, var og er «høgreradikale».

Etter det første møtet med informanten vart det halde jamleg kontakt, då på plattformen *Facebook*. Dette med hensikt i å enkelt nå tak i personen, og at det av ynskje er her informanten vil kommunisere. Det vart gitt lovnad om å gje meg beskjed når informanten fant seg på plassar eg kunne møte han. Dette vart følgt opp, men i og med at pandemien fortsatt er eit aktuelt tema, måtte møtet utsetjast. Det vart ilag med informanten drøfta å ta møtet via telefon. Dette stilte informanten seg positiv til, då dette vart ein laus avtale oss imellom. Her er det greitt å nemne at det møtet ikkje blei noko av, då eg tenkte på min eigen sikkerheit og ikkje minst tolmodigheit.

Etter endt prat med første informant, blei det ikkje berre endra syn på problemstillinga og bruken av essensielle omgrep, men også kven intervjuobjekta skulle vere. Eit møte med både rettleiar og ein samtale med ein doktorgradstudent, som på dette tidspunktet i prosessen var veldig behjelpelig, resulterte i ein endring av tankegangen. Utgangspunktet går no ut på å presentere tre ulike perspektiv, men der alle gjev ein peikepinn på det førebyggjande arbeidet knytt til det sosialfaglege perspektiv. Dette inneber intervjuobjekt der merksemda ligg på profesjonsutøvarar i arbeid med radikaliserings og høgreekstremisme, avhopparar som tidlegare har vore i eit ekstremt miljø, samt deltakarar som i dag er aktive forkjemparar i den høgreorienterte radikale fløyen. Kvifor eg valde å nettopp utføre slike endringar, var både grunna tilgjengelegheita av informantar, samt tidsomfanget på masteren som resulterte at eg måtte endre merksemd. Kven var meir tilgjengeleg å prate med meg, samt kven ville eg få fram like gode poeng knytt til motivasjon, sosiale kjenneteikn og førebygging. Eg valte her å redusere antall informantar til fire som fann seg i den høgreorienterte radikale retninga. Profesjonsutøvarane tenkte eg det kunne vere relevant å ta med opp mot det avhopparane og dei «høgreradikale» fortel om, og kva vi i dag gjer av tiltak, samt tankar rundt fenomenet.

Utvalet frå dei aktive høgreradikale

Etter ein lang periode med stillhet og mange negative responsar frå deltakarar, såg eg meg nøydd til å sende ein ny e-post til ein viktig støtteperson gjennom prosjektet. Denne personen ville hjelpe meg, då det var ein deltakar som kunne vere aktuell å prate med. Dette resulterte i eit funn av ein respondent, då vedkomande gjerne ville møtast for ein prat. Det blei utveksla nummer, og kommunikasjonen føregjekk vidare gjennom denne plattformen. Møtet blei avtalt over ein telefonsamtale, samt at ein kunne høyre kven kvarandre var. Andre og tredje informant tok eg kontakt med på telefon. Det har også vore interesse frå fleire, og det blei gjennomført ein telefonsamtale i første omgang for å trygge vedkomande på kven eg er og kva hensikta med masteren var. Dette følte eg var ei vellykka samtale, og den eventuelle deltakaren ville tenke på det før hen skulle bestemme seg.

Etter første møte med informant som ikkje gav samtykke, kunne eg diverre ikkje bruke dette i mi masteroppgåve. Reisa mi vart dermed litt amputert ein periode, men etter eit par månadar gav det resultat. Eg sat igjen med ein deltakar som gjerne ville møte meg for ein prat. Dette blei gjort ved eit fysisk oppmøte, noko som gjerne ikkje er gitt under ein pandemi. Etter endt møte, blei det utveksla at ein gjerne ynskte å møtast igjen for ein prat. Tidspunktet blei avtalt

på melding seinare. Etter endt andre møte kom snøballeffekten. Her fekk eg hjelp frå informanten med andre alternativ eg kunne kontakte. Etter ein melding til fire nye, fekk eg svar frå alle saman. Tre av dei var villege til å ta eit intervju, medan den andre var litt skeptisk. Likevel var deltakaren ikkje avvisande, og dette føler eg tyder på ei betre forståing av kvarandre, og kva eg hadde av formål. Det resulterte i eit intervju til slutt. Eit andre møte blei avtalt ved gjennomføring på video, medan den siste var fleksibel for eit personleg møte.

Utvalet frå avhopperane

For å nå kontakt med *avhopperane*, såg eg meg nøydd til å kontakte ulike fagfolk og erfarne forskerar. Gjennom telefonsamtalar blei det delt ulike namn, utan at taushetsplikt blei broten. Her var plattformen for kommunikasjon gjennom e-postutveksling. Etter ein telefonsamtale med den første aktuelle avhopperen, blei det avtalt eit intervju. Informasjonsskrivet blei etter endt samtale sendt på e-post. Avhopperen bidrog også i prosessen med å finne fleire informantar, då desse også måtte vere avhopperar. Kravet eg set her, er ikkje kva organisasjon dei har vore medlem i, men at dei har ytra seg i ein ekstrem variant på høgre fløy over lang tid. Etter ei tid viste det seg at dei resterande andre informantane ikkje var interesserte i å stille, då dei gjerne ville legge frå seg denne perioden i fortida si.

Etter full klaff på første forsøk, sat eg no med ein deltakar som reknar seg som avhopper. Personen har tidlegare vore medlem i ein høgreradikal organisasjon, og kan reknast som svært relevant i mitt prosjekt. Møtet blei heldt gjennom eit videomøte, då avstanden mellom kvarandre ikkje tilsa eit fysisk møte. Under same tidspunkt som informantane frå den «aktive deltakinga frå ytre høgre» sa ja, blei det også avtalt eit møte med ein ny deltakar som tidlegare var medlem i ein organisasjon. Dette blei også avhalden gjennom ein videosamtale etter avtalt tidspunkt. Med det, sat eg igjen med to stykk i kategorien avhopperar.

Utval frå profesjonsutøvarane

For å kome i kontakt med relevante og kunnskapsrike *profesjonsutøvarar*, har eg over lang tid kome i kontakt med ulike fagfolk innan dette temaet. Både koordineringsansvarleg i politiet, samt førebyggjande instansar gjennom ein gitt kommune har bidratt til god hjelp og snøball-effekt også her. Rekrutteringa har ikkje difor ikkje bydd på dei største utfordringane. Igjen vil det vere essensielt å nemne viruset som også her har gjort det vanskeleg å møte profesjonsutøvarane ansikt til ansikt. Det har difor enda med gjennomføring gjennom video-samtalar. Det blei også gjennomført eit intervju ved hjelp frå ein avhopper som sette meg i

kontakt med denne informanten. Etter ei stund ut i forskingsprosjektet fekk eg hjelp frå mine tidlegare informantar, om ein mentor som kan vere aktuell å prate med. Det vart sendt ein melding, og intervjuet vart også her gjennomført på Zoom.

På same måte som dei resterande respondentane, vart det sendt ut ei rekke epostar med informasjonsskriv, og samtykkeskjema. Eit resultat av å vere i kontakt med fleire øvre instansar som arbeidar med ekstremisme, fekk eg utveksla eit namn på SLT-koordinatoren i den gitte kommunen. SLT-koordinatoren skal her samordne ulike førebyggjande tiltak for barn og unge, og det er her radikaliserings og høgreekstremisme kjem inn i bilete. Det blei sendt ein e-post, og etter ei kort tid fekk eg svar. Snøballeffekten gav meg deretter eit nytt namn, då dette omhandla ein ny kontaktperson ved førebyggjande eining i kommunen. Konsentrasjonen ligg i det å ha eit godt samarbeid med bydelane og andre instansar, der risikoutsette ungdommar blir møtte for å skape endring og meistring i eigne liv (Trondheim kommune, 2020b). Den tredje informanten er ein fengselsbetjent som i mange år har hatt kontakt med radikale, samt ekstreme innsette. Dette gjev også eit innblikk i måtar ein går fram på, og ser på fenomenet. Den siste informanten har tidlegare vert mentor inn mot det høgerradikale og ekstreme feltet. Ut i frå omfanget eg skal sitte igjen med av informantar, vil det holde med fire informantar av det profesjonelle yrket.

3.6 Intervjuguide

Ut frå det formålet eg har, som her er å hente inn beskrivelsar frå informantens livsverd, er det som nemnt dybdeintervju som struktur og skal nytte. Eit slikt intervju kan formast på mange ulike måtar, men det vil vere naturleg å dele det inn i tre fasar; oppvarming, refleksjon og avrunding (Tjora, 2017). Likevel kan det i denne samanheng vere ein fordel å ta i bruk det ein kallar semistrukturert livsverd-intervju (Kvale et al., 2015). Dette på bakgrunn av ei interesse om å nå fram til dei personlege historiene. Eit slikt intervju tek utgangspunkt i eit gitt tema, då spørsmåla som vert stilte er relativt opne for tolking av informantane sjølve. Ein legg dermed vekt på kva dei sjølv tenkjer er viktig, då dette kan vere ein fordel om ein vil få fram informantens verkelegheit. Intervjuguiden vil fungere som eit hjelpemiddel, samt ei påminning over tema ein vil vere innoom (Kvale et al., 2015).

Kva rolle ein som forskar tek, kan vere avgjerande for om informanten føler på å framstille seg sjølv under påverknad eller ei. Å kunne halde ute eigne erfaringar og haldningar frå intervjusituasjonen, kan her bidra til å skape ein større tillit mellom meg som forskar og informanten, samt ei mest mogleg nøytral tilnærming. Mitt ynskje for informantane er at dei

ikkje treng å måtte forsvare sine haldningar, då heller ei avslappa samtale. Dette kan lettare kome fram ved å stille opne spørsmål framfor kritiske og normative (Riessman, 2008).

Andre utfordringar rundt eit slikt kvalitativt intervju, kan vere at informanten prøver å svare «riktig» på spørsmålet. Det vil seie at ein prøver å framstille seg sjølv på best mogleg vis i lys av forskarens prosjekt. Det er også eit faktum at dybdeintervju også blir påverka i den konteksten som oppstår ved forskning. Her må ein som forskar prøve å unngå å legge ord i munnen på informanten, samt å vere varsam med ord og omgrep som informanten elles ikkje ville ha nytta (Tjora, 2017). Om ein slik situasjon blir aktuell, kan det vere ein fordel å be informanten om å sjølv definere eller legge si eiga mening i omgrep som er sentrale for forskinga.

3.7 Gjennomføring av dybdeintervju

Ettersom formålet mitt med gjennomføringa var å hente inn beskrivingar av informanten si livsverd, såg eg det som relevant å nytte det ein kallar semistrukturert livsverd-intervju. I praksis gjekk dette ut på å gjennomføre intervjuguiden med gitte tema til riktige informantar (Vedlegg 5,6 og 7). For å kunne forstå deira verkelegheit på best mogleg måte, la eg opp spørsmåla svært opne for tolking. Dette i kombinasjon med ein rolle der eg kommenterte/sa lite, kunne hjelpe på å få fram historia til informantane (Kvale et al., 2015). Som nemnt tidlegare, fungerte intervjuguiden som ei påminning over kva tema eg ynskte å vere innom, framfor å slavisk følge ei strukturert liste med spørsmål.

Under gjennomføringa av intervjuet veksle eg mellom å ta ein lyttande rolle, samt ein aktiv intervju-rolle. Ettersom temaet er veldig personleg og sårt, valte eg å halde mine haldningar og erfaringar vekke frå samtalen med informanten. Dette blei utført for å best mogleg få ei nøytral tilnærming, og at informantane ikkje blei påverka av kva eg meinte. Intensjonen min var å forstå informanten, ikkje fordømme. Difor blei det gjennomført opne spørsmål, framfor kritiske og normative spørsmål. Her skulle informanten få fortelle om sine erfaringar, tankar og verdiar, ikkje forsvare seg. Var det noko eg oppfatta som interessant, spurte eg om ei utdjuping, samt ei nærmare forklaring dersom det var noko eg ikkje forsto. Utover i samtalen kunne eg i nokre tilfelle utfordre til refleksjon dersom det var nokre sjølvmotseiande påstandar frå informanten. Dette gjorde eg om relasjonen og kjemien var god nok. Det blei også utført ein aktiv rolle som intervjuar, då dette nokre gongar var heilt essensielt. For å

forstå verkelegheita og livsverda til informanten, er det heilt naudsynt med ein dialog mellom informant og intervjuar. (Riessman, 2008) Dette blir skriva om under den narrative tilnærminga, men likevel kan dette sjåast i same kontekst som det fenomenologiske perspektivet. I enkelte tilfelle kan tema ein ikkje har venta i førevegen, kome fram. Dette kan sjåast som verdifullt, då ein i ettertid kan samanlikne opp mot korleis det utarta seg mellom dei ulike informantane.

Intervjua hadde ei varigheit på mellom 30 og 90 minutt. For at situasjonen skulle vere best mogleg for informantane, fekk dei sjølv velje korleis intervjua skulle gjennomførast. Fire av intervjua blei gjennomført på plattformen «Zoom» og tre via telefon. Eit på kontoret til informanten, medan eit føregjekk heime hos informanten sjølv. Intervjuet som føregjekk heime hos informanten blir ikkje tatt med vidare, då dette ikkje vart samtykka. Det vart også gjennomført to intervju på restaurant. Gjennom intervjua fekk eg ei kjensle av at informantane meistra intervjusituasjonen godt. Dei gav meg utdjupande svar, og flyten på samtalen var fin. Alle informantane godkjende bruken av lydopptakar. Dette resulterte i at søkelyset hos meg som forskar kunne vere meir observant under intervjuet, og ved seinare analyse av data. Ein viktig faktor inn mot dataanalysen og resultatet, er at ein del av eit intervju blei ved eit uhell. Dette blei løyst ved at eg som forskar avtalte eit nytt intervju med same deltakar. Her er det altså ein moglegheit for at svara kan endre seg, og at datamateriale får ei anna vending.

Intervjusituasjonen saman med alle informantane var ei god oppleving. Eg blei møtt med eit smil, og forståing over prosjektet eg ville gjennomføre. Opninga av samtalen handla om å bli kjent, og vidare tok vi spørsmåla som var planlagt. Eg opplevde møte som blei utført fysisk som enklare, då vi både kunne sjå kvarandre i auge og at vi enklare fekk ein god dialog mellom oss. Likevel var det ei positiv oppleving å ha intervjua på telefon og Zoom.

3.8 Korleis ivareta personvernet best mogleg under forskinga

Etiske refleksjonar og avgjersler er noko ein må utføre frå starten av planleggingsfasen og gjennom heile forskingsprosjektet. For å kunne tilfredstille dei forskningsetiske betraktningane som blant anna omhandlar personvern og oppbevaring av sensitive opplysningar, måtte eg sende inn eit meldeskjema av prosjektet mitt. Prosjektet blei levert til personvernombodet for forskning; Norsk samfunnsvitenskaplege datateneste (NSD). Meldeskjemaet mitt blei godkjent (Vedlegg 8) då det tilfredsstilte krava i personvernopplysningsloven.

Som nemnt tidlegare tok eg utgangspunkt i informantar som i dag var aktive på høgrefløya. Dette blei endra, og eg såg meg dermed nøydd til å sende inn eit endringsskjema til NSD igjen. Eg meldte inn dei relevante endringane, då profesjonsutøvarar og avhopperar måtte inn som ein del av mine informantar. Det blei også gjort ein del endringar i høve intervjuguiden, då formulering av spørsmål og omgrep blei utført.

For å avklare etiske dilemma og fremje god vitenskapleg praksis, er det naturleg å trekke fram Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016), som også går under forkortinga NESH. Dette er eit rådgjevande organ, som blant anna skal ivareta dei forskingsetiske retningslinjene til ein kvar tid. Slike retningslinjer er gode verktøy for å fremje god og ansvarleg forskning, samt utvikle forskingsetiske skjønn og refleksjon i arbeidet. Noko som er viktig å framheve, er at dei etiske normene som er nedskrivne i dei forskingsetiske retningslinjene, eksisterer også i lovgjevnaden. Til dømes krav om personvern og hensyn til menneskeverd, som også er nedfelt i personopplysningsloven. Forskaren kan her blir ramma av straff og andre sanksjonar om dei rettslege normene vert brotne (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016).

Søken etter ny og betre innsikt i prosjektet er alltid noko ein som forskar søker etter. Forskinga kan også i mange tilfelle fremje *menneskeverdet*, samt i verste fall true det. For å unngå sistnemnde, må ein som forskar verne informantens personlege integritet, sikre fridom og sjølvavgjerd, samt respektere privat- og familieliv. Ein kan ikkje setje enkeltindividet til side for å oppnå betre innsikt, eller gagne samfunnet på andre måtar. Dette kan føre til skade og urimelege belastningar på menneskeverdet (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016). Dette blir også framheva frå Tjora (2017) som eit viktig punkt, spesielt når temaet for prosjektet inkluderer intime og sårbare spørsmål.

Eit av retningslinjene ein forskar må respektere er forskingsdeltakarens autonomi, integritet og fridom. I dette tilfelle vil det omhandle behandling av *personopplysningar*. Blant anna må forskaren vise at ein er ansvarleg når det gjeld sjølvrespekten, om ikkje andre viktige verdiar for individet står på spel (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016).

Det nemnde ordet *respekt* er viktig i møte med deltakarane. Mangfaldet er stort, og deltakarane kjem ofte med ulik kulturbakgrunn og oppvekst. Dette gjer at forskaren må kunne møte alle med den respekten dei fortener. Å klare å vise ein kultursensitivitet overfor alle deltakarane slik at ein føler seg møtt og sett, kan i ein slik kontekst føre til større tryggleik og

tillit til det ein vil dele. Har forskaren ei grunnleggande misforståing av kva deltakarane har av bakgrunn og oppfatning, vil dette bli ei stor utfordring (Charmaz, 2014).

Gjennom ein respekt for blant anna deltakaren sin autonomi og fridom, kjem det også eit ansvar om å *gje tilstrekkeleg informasjon* om forskingsfeltet, formålet, kven eg er, tilgang til informasjon, kva resultata vil bli brukte til og kva konsekvens det har av å delta. Her skal ikkje deltakaren føle på eit press når informasjonen blir utsendt, samtidig som det også skal vere forståeleg (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016)

Som tidlegare nemnt må ein som forskar informere om prosjektet som ein redeleg måte. Når det omhandlar personopplysningar, gjeld dette også under samtykke frå dei som deltek. Samtykket må vere *fritt, godt uttrykt og informert* frå forskaren. For at ei slik behandling skal vere gyldig, må dette behandlast i personvernombodet, som i dette tilfelle er NSD. Eit fritt samtykke inneber at deltakaren har gitt frå seg dette utan noko form for ytre press, samt avgrensing av handlingsfridom. At samtykket er informert, ligg i at det er god nok informasjon over kva det inneber å delta i eit slik prosjekt. Til slutt vil eit samtykke innebere at deltakaren har gitt tydeleg uttrykk for at dei har forstått kva det har å seie for ei slik involvering i forskingsprosjekt. Helst skal dette vere dokumentert, både for å tydeleggjere forskaren sitt ansvar, samt deltakaren sine rettar (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016).

Ved å samle inn sensitiv informasjon frå prosjektdeltakarar, kjem det ei rekke krav som til dømes prinsippet om *konfidensialitet og fortrulegheit*. Personlege opplysningar som er utlevert blir her av-identifisert, medan ein under publisering av forskingsmateriale anonymiserar data. For at dette skal fungere i praksis må relasjonen mellom forskar og deltakar opparbeidast gjennom truverdighet frå forskaren si side, samt god nok tillit til prosjektet frå deltakarens side (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016). Ei hjelp til å trygge deltakaren kan her vere at ein i ettertid får lese gjennom anonymiseringa, og dermed ser sjølv at ingen detaljar og sitat gjer at dei blir kjent att (Tjora, 2017). Utfordringa her, er om forskinga avdekkjer kritikkverdige og ulovlege forhold. Då kjem det ei juridisk side knytt til lovnaden om konfidensialitet, og som forskar vil ein her kome i ei lojalitetskonflikt på grunnlag av løftet ein har gjeve. Difor er det viktig at ein som forskar fortel om taushetsplikt, men like viktig om meldeplikt (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016). Taushetsplikt er blant anna jamført i Personopplysningsloven §18. Her står det at; «Personvernombud

plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det de i forbindelse med utførelsen av sine oppgaver får vite om». Dette trer i kraft om ikkje noko straffbart har skjedd, og at ein dermed må bruke meldeplikta si.

Alt av personopplysningar skal *lagrast forsvarleg*, då ein gjennom heile prosessen må vurdere om opplysningane ein sit med er relevant for formålet med prosjektet. Ved kvar enkelt prosjektdeltakar skal det vere eit samtykke for at ein i det heile tatt kan lagre personopplysningar. Her stiller lovverket sterke krav om sikker oppbevaring, då materialet skal vere utilgjengeleg for uvedkomande. Dette er viktig å hugse på å ha avklart med informantane før ein startar innsamlinga. Arkivet ein lagrar personopplysningane i, er ofte på ein ekstern disk då dette er meir sikkert (Den nasjonale Forskingsetiske Komite, 2016). Det kan også bli oppretta eit m-område knytt til skulens nettverk, då dette også blir rekna som trygt.

Eit viktig tema rundt forskingsprosjektet er *nære relasjonar* og etikken rundt dette. Forskaren kan i fleire tilfelle under eit kvalitativt prosjekt ha eit tett band til deltakarane. Her er det viktig å både avklare rolla si, men også skilje personleg og profesjonell rolle (Tjora, 2018). Ein naturleg del av prosessen er at deltakarane får ei form for tillit til forskaren når prosjektet går over lang tid. Etter å ha delt personlege opplevingar og erfaringar kan det bli knytt sterke band. Her igjen er det viktig for forskaren å vere klar over at ein ikkje kan skape ein for sterk relasjon. Det kan få ein konsekvens av mistillit og ei form for oppleving av svik frå deltakarane. (Tjora, 2018)

3.9 Koding og transkripsjon

Grunnlaget for all analyse, ligg i dei transkriberte intervjuet eg tek føre meg. For å bevare all anonymitet, vil dialekt og andre identifiseringar fjernast. Likevel vil alt bli skriva på bokmål, då dette er hovudmålet til informantane. Om eg skulle ha skriva transkripsjonen på nynorsk, som er mitt hovudmål, ville dette gått utover kvaliteten på dataen. Dette er bakgrunnen for at eg her har skriva sitata på bokmål. Gjennom transkripsjonen vil også pausar, gjentakningar og andre irrelevante tema bli utelatt. Dette blir gjort for at innhaldet skal bli best mogleg.

Deretter blir materialet koda etter det som er blitt nemnt tidlegare, grounded theory. Ein må i tidleg fase starte med å separere, sortere, samt få fram ulik data gjennom kvalitativ koding. Dette blir gjort ved å namngje data med ein markør. Dette er med på å gi ei kort framstilling

av kva som står. Her er det viktig å påpeike at ein både kan kode avsnitt, setningar og enkeltord. Gjennom å studere data, samanlikne dei, men også skrive notat, kan vi definere idear som passar best inn og deretter tolke datainnsamling som kjem under kategorien tentativ analyse. Tentativ analyse er når noko ikkje er ferdig enno, men som lar seg teste (Charmaz, 2014)

Arbeidet blir deretter utført av noko ein kallar «Initial coding» i første omgang, og vidare til «focused coding». Dette gjer det enklare å sjå lik- og ulikskap som går igjen i mitt datamateriale, som igjen kan sjå kva som er relevant for oppgåva si problemstilling. Må det endrast, eller kan det blir ståande. Denne typen koding er meir spissa, selektiv og konseptuell enn «Initial coding». Det blir presisert viktigheita av at analysen er grunna direkte i data, der min teoretiske og personlege forforståing ikkje skal påverke analysen. Likevel skal ikkje mi forståing vere heilt fråverande, då eg som forskar uansett kjem til å ha med meg forforståinga mi.

Ein viktig del av kodingsprosessen til grounded theory, er memos. Dette er naudsynte pausar til notat for å lettare kunne vere involvert i analysen, samt idear og spørsmål som kjem opp under arbeidet (Charmaz, 2014). Dette hjelper forskaren å tolke, samt klargjere forhold mellom konsept. Memo-skriving bidrar dermed til definering av kategoriane eg sit igjen med, og blir difor gjort gjennom heile prosessen (Smith, 2015)

3.10 Prosjektets kvalitet – Reliabilitet og validitet

For å kunne betre kvalitetsmål i ein kvalitativ forskning, vil det her vere naturleg å sjå på indikatorar som bidrar til betre kunnskap. Omgrep som *reliabilitet/pålitelegheit*, *validitet/gyldigheit*, og *generaliserbarheit* er i forskingsfeltet tre kvalitetskriterium som blir nytta gjennom prosessen (Tjora, 2018).

Validitet / Gyldigheit

I forbindelse med min analyse, blir fenomenologien løfta fram for å fremje livsverda til respondentane. Her ser eg det som essensielt å nemne validitet, og at dette kan skje på to ulike nivå. Validitet er noko forskaren i stor grad påverkar sjølv, og spørsmålet om dei svara vi finn i forskinga faktisk samsvarar med det som er meint forske på, blir gjerne stilt her (Tjora, 2017). Tilbake til dei to ulike nivåa, omhandlar den første validiteten historia som blir fortalt

av deltakarane, og den andre; validiteten av analysen som blir fortalt av forskaren. (Riessman, 2008). Likevel er det, under den fenomenologiske tilnærminga som prosjektet mitt tek utgangspunkt i, informanten si subjektive verkelegheit som her er relevant. Ser ein på eventuelle utfordringar knytte til om historiene er påverka eller manipulert av det ytre, vil dette heller vere ein nyttig observasjon under eit slikt prosjekt. Det er mykje diskusjon rundt omgrepet «sanning», då dette ikkje fell seg like viktig som ved andre tilnærmingar. Om historia er manipulert eller usann, vil det likevel fortelje oss noko korleis informanten rettferdiggjør deira eigen haldning, som igjen er med på å hjelpe oss å forstå at verda er kompleks. Dette ut frå eit mangfald av verdier, identitet, kulturforskjell og samfunnet vårt (Sandberg, 2010).

For å ivareta gyldigheita i forskinga mi, har eg prøvd å nå fram til informanten ved å bruke tid. Som nemnt ovanfor, kan informanten luke ut viktig informasjon då tilliten ikkje nødvendigvis er på plass under første møte. Difor har eg valt å møte informantane fleire gongar om eg ser dette trengst. Å sitte på ein restaurant eller ein cafe er imidlertid ikkje den beste plassen å dele intime og sårbare opplysningar, då dette kan påverke mitt resultat i forskinga til det negative.

Som angitt ovanfor, kan ein knytte gyldigheit til spørsmål om ein faktisk svarer på det ein forskar på. Kort sagt handlar dette om prosjektet si valde tilnærming, og om dette er den mest relevante metoden for å utforske det ein forsøker finne svaret på. For å ivareta validiteten best mogleg, må ein som forskar vere bevisst på å unngå dei teoretiske kategoriane og kodane som er bestemte på førehand. Om forskaren blir påverka til å bruke førehandsbestemte kodingar, kan dette påverke arbeidet og gyldigheita vil kunne forsvinne. Ved å nytte seg av grounded theory, kan dette hjelpe forskaren å legge til rette slik at kodinga veks ut av dataanalysen. Tek ein utgangspunkt i ei eventuell førehandsbestemt teoretisk koding, vil dette kun vere gyldig og relevant ovanfor eit fåtal av menneske (Thulesius, 2014). Spørsmålet om forskingsspora eg stiller i starten av oppgåva, saman med data eg finn fram til samsvarar, kan dette bekreftast. Dette blir belyst gjennom intervjuguiden eg utførte under møte med informantane mine.

Dette vil også kunne koplant til arbeidet ein gjer rundt formuleringa av spørsmålsguiden, då dette også vil påverke gyldigheita til prosjektet. Gjennom grounded theory og fenomenologien, vil forskaren prøve å legge til rette for informanten. Her vil ein prøve å

legge til rette for opne spørsmål, og oppmuntre til narrative forteljingar. Dette kan verke for å vere ein bidragsytar slik at forskaren ikkje påverkar. Historia til grounded theory fortel at ein tidlegare prøvde å gjennomføre eit intervju heilt fordomsfritt og nøytralt. Som menneske ligg fordommar svært latent i språket vårt, og det er difor vanskeleg å møte feltet heilt fordomsfritt. Ein bidragsytar kan vere ulike teknikkar knytt til kommunikasjon, då dette kan hjelpe ein til å forstå og utforske informantane utan å legge føringar i samtalen. Spørjeord som kva, kvifor og korleis er også med på å unngå dette (Barth et al., 2001).

I forbindelse med grounded theory som i dette prosjektet er mitt hjelpemiddel opp mot analysen, blir nøyaktigheita og gyldigheita peikt på som eit av merksemdsområda frå Brinchmann (2014) slik; «Den må passe med data, fungere, ha praktisk relevans og kunne modifierast med nye data». Her må ein som forskar vere varsam med data, slik at det er tydleg at dei genererte kategoriane vekst frå data, og dermed kan førast tilbake til data. Eit anna varemerke grounded theory legg vekt på, er å få tilbakemelding frå dei som kjenner feltet. Dette for å få ei betre stadfesting på at det både er av praktisk relevans, og at det fungerer. Ein må også ha med seg at ein må vere fleksibel i endring av teorien, om det skulle vise seg at det kjem fram noko nytt som er relevant for forskinga. Dette bidrar til ein modifikasjon av nye data (Brinchmann, 2014)

Reliabilitet / Pålitelegheit

Pålitelegheit handlar i stor grad om korleis ein anvender metoden inn i forskinga. Metoden kvalitativ forskning er i høgste grad kontekstavhengig, og det vil vere vanskeleg å få akkurat same situasjon på eit seinare tidspunkt (Riessman, 2008). I all type forskning vil ein kunne sjå eit engasjement til forskaren og feltet det forskast på. Under det positivistiske synet vart rammene for ein nøytral og objektiv forskar sett under lupa. Dette på grunn av engasjementet forskaren har til tematikken, som kan bli sett på som påverknadskraft til resultatet. Ser ein på den fortolka tradisjonen av kvalitativ forskning som fenomenologien går under, vil ein meine at ei nøytral haldning til feltet ikkje går an (Tjora, 2017). Det viktigaste i ei kvalitativ forskning er å vere open og førebudd på å endre eigen forståelse undervegs. Ein kjem gjerne inn i feltet med ei fagleg og kvardagsleg forforståing, då dette er viktig å kunne justere. For å kunne styrke pålitelegheita i eit slik prosjekt, vil det i følge Tjora (2017) vere viktig å reflektere over om ein har noko felles til informantane. Kanskje stille seg spørsmål om eige engasjement eller kunnskap har påverka utvalet av informantar, datagenering, analyse og resultat. Mykje

kunnskap kan i stor grad vere ein fordel for å stille gode oppfølgingsspørsmål, men kan også vere ei fallgruve rundt det å vere for velvillig på førehand. Ser ein på operasjonaliseringa av problemstillinga mi, vil dei spørsmåla eg stiller i intervjuguiden vere hensiktsmessig. Her held ein seg til temaet, og gjev moglegheit til å dele opplevingar som målsetninga i oppgåva er.

Under forskingsprosjektet mitt har eg i mange tilfelle måtte ha delt mitt politiske syn og ståstad. Dette kan verke både negativt og positivt under reliabilitet. Dette vart naturleg for meg å dele med informantane. Her får eg som forskar og informanten eg pratar med delt syn og knytt ein relasjon. Dette viste at ein er ulike som menneske, men respekterer haldningane og vår ulike tolking av verdsbilete. Ein slik samtale kan bidra til å styrke pålitelegheita der ein viser kvarandre forståing. Likevel er det viktig å ta høgde for at intervju blir gjennomført ulikt. Nokon må ta det over video, medan andre kan møtast personleg.

Eit av dei viktigaste krava for å auke reliabilitet, er *gjennomsiktighet* og *transparens*. Dette inneberer grundig dokumentasjon gjennom heile forskingsprosessen, då dette viser til all aktivitet som er gjort. Ein presentasjon over kva undersøkingar som er utført, kva val som er tatt og på kva tidspunkt, kva teori som er nytta, samt kva ringverknad dette har hatt for prosjektet (Tjora, 2018). Dette kan styrke oppgåva sin reliabilitet, då strukturerte intervju er nytta, og alle informantane fekk eit utvalt tema å snakke om. Under intervju kan det også bli tatt i bruk lydopptakar som her kan bidra til å sikre eit transkripsjonsmateriale som ein kontinuerleg kunne gå tilbake på. Heile prosessen vert skriven ned jamt og trutt då dette kan hjelpe meg å få riktige data, då dei svært nyleg har blitt opplevd.

Generaliserbarheit

Forsking omhandlar i stor grad å skape truverdige resultat, då dette tek del gjennom å grunnje tolkingane gjort ved systematisk analyse av empiriske data. Dette heng også i hop ved eit nøye og gjennomtenkt design i forkant. Generaliserbarheit er ofte knytt opp mot forskinga sin relevans utover kva som faktisk blir undersøkt. Ein som forskar må i første omgang ta jobben med å overtyde andre om kvalitet i eiga forsking. Vidare, om ein får publisert forskingsarbeidet sitt eller får ein toppkarakter, kan dette skape ein meir formalisert truverdigheit vidare. (Tjora, 2017).

Innan det meste av samfunnsforskinga, er ein eller anna form for generalisering eit eksplisitt eller implisitt mål. Kvantitativ metode nyttar ein form for generalisering der trekk ved utval kontra trekk ved populasjonen må reknast med, då ein under kvalitativ ikkje tenkjer slik. Diskusjonen rundt nødvendigheita knytt til generalisering av kvalitativ forsking har føregått over lang tid, då omgrepet *overføringsevne* har blitt foreslått framfor *generalisering*. Andre meiner *overføringsevne* blir for innsnevra opp i mot kva slags form for generalisering ein tenkjer på, samt at *generaliserbarheit* er ein god kvalitetsindikator for forskinga såleis (Tjora, 2017). Overføringsverdien til studien min vil i mine auge gje viktige bidrag til samfunnet og profesjonsutøvarane som møter slike utfordringar. Statistisk sett er ikkje ti informantar representativt nok, men kan likevel vere med på å gje innsikt i enkeltes opplevingar. Dette ser eg på som naudsynt når det kjem til å møte slike «høgreradikale».

4.0 Presentasjon og drøfting

I denne delen av oppgåva vil eg presentere funn og drøfte dette opp mot relevant teori. Ved å ta i bruk metoden grounded theory som eit analyseverktøy, der prinsippet om teori grunna i data står sentralt, vil det vere naturleg å vise til kjerne og hovudkategoriane eg har framstilt gjennom prosessen. Dette i tillegg til det teoretiske rammeverket som gjennom forskingsprosjektet har blitt utarbeida. I analysen har eg brukt kategoriar inspirert av masteroppgåva til Godø (2018), og gjennom ein tabell belyst hovudkategoriane samt dei tilhøyrande rammene rundt. Ettersom dette er kodar frå fleire intervju, vil det også bli presentert ulike sitat som kan bidra til å forstå dette betre. Grounded theory gjev ein moglegheit til å arbeide fram og tilbake mellom datainnsamlinga og analysen, og det vil vere viktig å presisere at mi tolking kan vere eit av fleire perspektiv og konklusjonar i høve det å forstå informantane sine utsegner. Ettersom det også har blitt sett eit søkelys på fenomenologien i dette prosjektet, vil det også vere naturleg å dra fram at alt som er blitt sagt, er informanten si subjektive mening. Det har konsentrert seg rundt verkelegheitsforståing til menneska, og alt som er blitt koda har dermed ikkje blitt redigert.

Gjennom kodingsprosessen kom det fram ulike tema og gjentakingar i datamaterialet. Etter endt «Initial coding», sat eg igjen med viktige observasjonar og påstandar, men også underliggande meningar eg kunne ta i bruk vidare i prosessen. Under «focused coding» blei det meir synleg, og deretter enklare for meg å sjå kva som gjekk igjen. Her kom det fram fellestrekk, og som følgeleg blei gruppert saman. Under gruppene kom det underkategoriar der temaet blei etablert enda betre. Ettersom analysen gjev meg moglegheit til å studere data, samanlikne dei, men også skrive memos gjennom prosessen, blei også hovudkategoriane endra fleire gongar då eg definerte nye forståingar og tolkingar. Etter endt arbeid, sat eg igjen med desse tre: *betyding av det relasjonelle, rettar og begrensingar, og utveksling av fenomenkunnskap*. Ein kan her sjå at kjernekategori for alle desse tre, kan gå under *kommunikasjon*. Dette for å igjen spegle kor viktig det er å ha ein god dialog. For å svare på problemstillinga mi, om korleis sosialarbeidarane og andre profesjonsutøvarar betre kan førebygge og forstå fenomenet, blei følgande tre hovudkategoriar med tilhøyrande rammer rundt utarbeidd. Dette kapittelet vil bestå av ein kombinasjon av presentasjon av funn og vidare drøfting av dette.

Tabell 1. Hovudkategoriar, med tilhøyrande underkategoriar og sitat.

Hovudkategoriar	Tilhøyrande underkategori	Eksempel på sitat
Betyding av det relasjonelle	Stigma Tilhøyr	Sitat koda som stigma <i>«...men om du beveger deg lenger ut på høyrefløy så er du jo bare kastemat» (Informant frå avhoppar)</i>
Rettar og begrensingar	Lovleg å ytre seg Negative sanksjonar Sensur	Sitat koda som sensurering <i>«Det er mye lettere å kaste meg ut, enn å tillate noe som er i mot staten...» (Informant frå høggeradikal)</i>
Utveksling av fenomenkunnskap	Verdssyn Ideal om korleis bli møtt	Sitat koda som eit ideal om korleis bli møtt på <i>«det er noe grunnleggende over hvordan vi mennesker ønsker å bli møtt, uansett hvor man er i livet» (Informant som profesjonsutøvar)</i>

Denne tabellen viser mine tre hovudkategoriar, saman med dei tilhøyrande underkategoriane. Eksempel på sitat er tatt frå informantane mine, som syner ulike opplevingar frå kvar kategori. Dette for å forklare kva informantane mine var mest opptatt av, og legg mest vekt på. Vidare i kapitelet blir det drøfta ulike sider av kategoriane som eg har belyst.

4.1 Betydinga av det relasjonelle

Under dette kapitlet blir det løfta fram kva dei ulike informantgruppene er opptatt av. Korleis menneska opplever å bli møtt og kva kjensle som dukkar opp i samspel med andre opplever eg som eit sentralt tema knytt til alle informantane. Vidare er dei også opptatt av kva plass ein skal ta og får i samfunnet opplever eg som eit sentralt tema knytt til alle informantane. Her kan ein sjå samspelet, og korleis informantane oppfattar kvarandre ulikt. Ein del av vår handtering av fenomenet vil gå ut på å tileigne seg kompetanse. Kompetanse som omfattar andre sine opplevingar, og oppfatning av det å bli møtt av samfunnet vi alle er ein del av. At det eksisterer ulike måtar å leve og tenke på, då gjennom ein bevisstgjerung av motpartens perspektiv. Dette ser eg på som viktig då dette kan bidra til ei betre førebygging av fenomenet vi står ovanfor.

Betydinga av dårleg stigma og sjølvfølelse

Det er eit fleirtal av informantar som viser til stigma og dårleg sjølvfølelse. Stigma som dei «høgreradikale» opplever ikkje stemmer, og ein følelse om at dei er mindre verd enn andre. Ser ein dette opp i mot teorien, kan ein sjå at ei slik type ekskludering gjerne bidrar til at ein havnar utanfor. Ein negativ sosial status som blir løfta fram av Haukelien et al. (2009), og belyser at dette kan få konsekvensar i form av det relasjonelle. Her gjennom at det kan vere vanskelegare å nå tak i slike menneske. Det blir vist til at fleire av dei «høgreradikale» har følt seg som *søppel*, «losers», fått mindre aksept og at dei sjølve har svikta samfunnet. På bakgrunn av det informantane frå den «høgreradikale» sida uttalte seg om, kan ein sjå at stigma gjerne fører til dårleg sjølvfølelse. At dette heng i kvarandre, då ein gjerne utviklar eit dårleg sjølvbilete som eit resultat av negativt stigma. Å vekke mistru til kvarandre, er noko som går igjen gjennom ein heil del intervju. Stigma diskrediterer, og set individ i ein bestemt kategori som ofte ikkje kjennest bra ut for motparten. Vidare fortel enkelte at dette har resultert i ein sur og sint mann som her har utvikla ein forakt til både samfunn og menneske. Eit utsegn, formulert gjennom eit sitat og avslutningsvis eit spørsmål, frå ein av dei «høgreradikale» lyder slik:

Altså, jeg har jo blitt en sur og sint person på grunn av dette. Det merker jeg. Jeg har ikke den samme toleransen for den her typen utstøtelse som før. I

staden for å møte meg med å prate, forstå hva du mener osv. Så blir du heller skubba vekk?

Samtidig er det verdt å nemne eit utsegn frå ein «høgreradikal», der ein her kan sjå ein tendens til negativt stigma og stempling.

Rekruttering på venstresida er farlig, og jeg forstår ikke budskapet deres.

Eg ser på slike utsegn som viktig å ha innsikt i, då dette kan hjelpe oss å sjå fenomenet gjennom fleire perspektiv. Eit stigma som førekjem når ein som samfunn ikkje høyrer og tolererer slike ytringar. Det blir også uttrykt ei forventning rundt haldninga til «høgreradikale». Enkelte har altså opplevd å skulle hate muslimar. Dette er gjerne eit stigma vi som samfunn må stå til ansvar for, slik at ein ikkje bekreftar verdsforståinga til motparten, ei forståing om at personen ikkje passar inn i samfunnet. Ein kan også forstå det slik at samfunnet skapar ei form for forventning i kva haldningar dei høgreradikale skal ha. Dette kan bidra til å bekrefte førestillingar ikkje alle kjenner seg igjen i, og dermed ei forsterking av å ikkje passe inn. Altså kan dette sjåast ut som ein sjølvoppfyllande profeti.

Under utarbeidinga av analysen, ser eg fleire ytringar og utsegner frå dei «høgreradikale» som verkar svært stigmatiserande mot andre individ. Ein tenkjer kanskje at stigma i denne samanhengen kun rettar seg mot menneske som ytrar seg ytst på høgresida. Likevel får eg ei oppfatning av at ein driv ei form for *dehumanisering* av kvarandre. *Dehumanisering* er i følge Ormaasen (2017) sin eigen definerte versjon, ein ekskluderande og nedverdiggande kategori av andre menneske. Dette basert på eigen sjølvforståing. Kvifor ein vel å nytte seg av denne forma, altså ei dehumanisering, vil eg i neste avsnitt finne støtte for. At ein frå alle partar prøvar å beskrive motparten som mindreverdige, samt at ein ikkje fortener noko form for respekt. Gjerne gjennom det å synest synd i motparten eller å påpeike ei meining der individet ikkje er eit godt menneske. Sistnemnde, som er ein informant frå den høgreradikale sida, beskriv og løftar fram venstresida og deira farlege rekruttering. Det blir ofte uttalt frå tidlegare radikale, samt aktive i dag, at det i samfunnet eksisterer ei førehandsdøming over kven dei er og kva dei står for. At dette gjerne blir sett på som eit problem, og gjev eit dårleg stigma og stempel. Eit interessant funn er altså at også dette skjer i andre enden. Ei førehandsdøming over kva profesjonsutøvarane tenkjer om dei «høgreradikale», men ikkje minst ei negativ tale rundt venstresida. På generell basis har kvart enkelt menneske behov for

god stimuli og sjølvbilete, då dette kan vere ei årsak til at ein gjerne trykkar andre ned. For å løfte seg sjølv opp.

Det å bli stempla som eit dårleg menneske, kan i enkelte tilfelle utvikle eit behov for å *dehumanisere* motparten, jamfør definisjonen gjort av Ormaasen (2017). Dette kan vi finne støtte for i Goffman (1975), der han fortel om menneskets oppfatning av seg sjølv om ein blir utsett for fleire negative stemplingar. Eg oppfattar dette som eit verkemiddel ein tek i bruk for å kunne føle seg bra. Om ein over lang tid føler på eit dårleg sjølvbilete, kan haldninga og verdiane bli utforma som ein konsekvens av dette. Her kan vi sjå at ein slik teori som Goffman (1975) set opp, støttar opp under handlingsreaksjonane til dei «høgreradikale» i dag, og kanskje ikkje motparten – altså sosialarbeidaren saman med andre profesjonsutøvarar. Samfunnet kan vere ein bidragsytar til det negative sjølvbiletet og haldninga. Dette er også noko sosialpsykologien framhevar, då det gjev ei betre forståing av kvifor danninga av bevegelsar og tankemønster i slike grupperingar utviklar seg, ei form for bekrefting og forståing rundt det å dehumanisere kvarandre. Om ein gjentatte gongar får negativ omtale og sigma, vil dette gjenspegle seg i danninga og tankemønsteret vårt. Raaheim (2002) trekkjer fram samspelet oss menneske mellom, der haldningsmønsteret ein sjølv har, blir sterkt påverka av miljøet ein er i. Om det sosiale systemet du befinn deg i ikkje gjev deg respekt og godt sjølvbilete, kan dette få ei negativ effekt på kva ein vel i ettertid av haldningar. Eit slikt miljø kan i dette tilfelle vere samfunnet vi lever i, der ein automatisk kan sjå på dei «høgreradikale» som menneske med dårlege haldningar.

Det kan sjåast på som viktig i arbeidet mot ei betre forståing. Eit grunnleggande behov der ein vil føle seg verdifull, men likevel får eit stempel som det motsatte, kan bidra til at ein gjerne vil dra fleire med seg ned. Ein slik *dehumanisering* av kvarandre, ser eg gjennom kodinga kan føre til dårleg sjølvfølelse blant enkelte, men også ein brannfakkell for å uttrykke seg enda meir. Det kan skape ein trong til å vise kven og kva du står for, kanskje i desperasjon i det å bli forstått? Her ser ein det grunnleggande behovet for å bli høyrte og sett, også her påverkar vala ein gjer under ytringa. Ein slik *dehumanisering* førekjem i alle gruppene, og er her med på å forsterke avstanden mellom kvarandre. Dette er ein konsekvens sosialarbeidaren, saman med andre profesjonsutøvarar må vere bevist på. At ein har med seg korleis *dehumanisering* fungerer og påverkar menneske.

Dehumanisering kan finne plass under demonstrasjonar, men også på sosiale medium. Her definert som ein plass der ein skaper virtuelle møteplassar for personar, der ein gjennom former for sosiale nettverk utviklar eit fellesskap (Enjolras & Seggaard, 2011). Eg ser det som naudsynt å vise til makta sosiale media har. Stigmaet ein får over seg via tastaturet kan i verste fall føre til at ein ikkje vil delta i den offentlege debatten lenger, at trykket blir for stort, og at motparten bak tastaturet vel andre utvegar å ytre seg på då ein veit kva dei negative sanksjonane er. Utfallet kan her vere hemntankar, der handlingar går framfor haldningar. Ein kan sjå dette opp mot handlingsplanar som parallelt går for seg, der ein blant anna tek for seg sosiale media og makta av formidling det har. Likevel ser ein at Sunde (2013) løftar fram utfordringa rundt konkrete tiltak for fenomenet. Her blir det sagt at ein ikkje klarer å førebygge før utfordringa blir definert på skikkeleg vis. Dette kan ein sjå som positivt for dei aktive «høgreradikale» i dag. Ventar samfunnet på ein definisjon for å trå til, kan dette kunne ta lang tid. Alle vil ha ulik oppfatning og tolking av fenomenet, då det er dette som gjer det så komplekst. Sunde (2013) sin teori bekrefta blant anna det profesjonsutøvarane fortel, at utfordringa er vanskeleg då ein gjerne ikkje heilt veit korleis ein skal handtere, førebygge og imøtekome. Dette utsagnet som eg her refererer til, finn stad lenger ned i teksten.

Gjennom intervjuet kjem det også fram plassering i båsar. Dette kjem både frå dei «høgreradikale», samt profesjonsutøvarane. Her på bakgrunn av at menneska ikkje har orden på livet, eller at ein gjerne har det vanskeleg og søker fellesskap. Snakkar eg med dei «høgreradikale», kjem det fram at ein ofte opplever dette som eit stigma, då det å bli satt i bås kjennest ut som eit retorisk maktgrep. Eit utsegn frå ein høgreradikal viser til eit stigma ved å ytre seg:

Slike ytringer skal jo ikke få vere lov å vere greit. Og er det noen som mener det, så er det gjerne noe feil med oss. Da skal vi liksom vere ekstreme og alt mulig. Det skal og vere noe suspekt. Det er ytringsfridom, men likevel blir man stigmatisert om man har slike meninger.

Eg kan sjå tendensar til snevert syn, og då gjennom fleire perspektiv. Har du eit søkelys på eit område, eller enkeltgrupperingar, vil dette naturlegvis bli framheva og forstørta, kanskje meir enn naudsynt. Har du lagt merksemda di på venstresida og at denne grupperinga ikkje formar god åtferd, kan dette medverke til tunellsyn, og ein ser ikkje andre perspektiv enn akkurat det ein vil sjå. Dette kan også gjelde perspektivet profesjonsutøvarane gjerne har. At dei

«høgreradikale» er vanskelege og utfordrande. Ein kan sjå dette i lys av teoretikaren Barbosa Da Silva (1998), og at menneskesynet gjerne blir styrt av haldningar og handlingar motparten ytrar, og at ein her handlar miljøterapeutisk ut frå dette. Vår moralske oppfatning kan her styre det førebyggjande arbeidet, og møtet, i vår retning som gjerne ikkje gagnar den «høgreradikale». Ein slik teori kan vise til ei forståing av kvifor profesjonsutøvarane tenkjer slik dei gjer, men den gjev også innsyn i at det fort kan bli utfordrande for dei «høgreradikale» å nå fram. Om ei radikal haldning blir lyst ut, er dette gjerne ikkje i tråd med den moralske oppfatninga til storsamfunnet. Å utvide tunellsynet, samt ha ein større aksept for at andre har ulikt tankemønster, kan bidra til ei større forståing av fenomenet. Samtidig, at ein klarar å møte kvarandre på ein god måte, tross to ulike verkelegheitsforståingar. Tek ein dette opp i det praktiske arbeidet, kan ein sjå at det handlar mykje om korleis vi omtalar kvarandre. Bruken av omgrep, då gjerne i direkte og indirekte dialog.

Eit funn eg også ser på som naudsynt å løfte fram, er omgrepsbruken ein vel å nytte rundt kvarandre. Fleire av informantane frå det «høgreradikale» perspektivet, ser ikkje seg alltid einige i kva omgrep som er riktig å nytte når det er snakk om seg sjølv. Det blir ofte uttrykt misnøye rundt dette, som gjerne lyder slik:

Jeg synes merkelappene ikke forteller noe. Det er på en måte ett slags skjellsord. Å putte deg utenfor det gode selskap. Å få klistra meg til ett eller annet, som skal få meg til å assosiere meg som rasist.

Ser ein på omgrepa ein vel å nytte rundt dette fenomenet, kan ein også her sjå at dei fleste vil føre til negative assosiasjonar. Dette kan også bidra til ei danning av dårlege stigma mot kvarandre. Ein dannar seg gjerne eit bilete av kven dei «høgreradikale» er, samt kva fenomenet omhandlar. Ved å få meir innsikt i kven desse individa er og tenkjer, kan ein få ei større forståing og bevisstheit rundt bruken av omgrep, og kva det gjer med eit menneske.

Det blir i fleire tilfelle uttrykt frå informantar i den høgreradikale grupperinga, at ein gjerne har blitt ein dårlegare versjon av seg sjølv, grunna stigmaet ein blir utsett for. Likevel, det å velje omgrep som treff synet på dei «høgreradikale», der alle blir fornøgde, er ikkje alltid like enkelt. Kva som gjer at dette ikkje er enkelt, har eg ikkje ein konkret fasit på. Det kan likevel tenkjast at den «høgreradikale» føler på eit behov om å ha eit alibi for å ikkje bli assosiert som rasist. Dette gjer det vanskeleg for profesjonsutøvarane å forhalde seg til kva som er rett å

bruke og ikkje. Det blir i mange tilfelle sterkt avfeia av dei «høgreradikale» sjølv når det gjeld omgrepsbruken samfunnet ofte nyttar. Eksempel på omgrep ein er gjerne er ueinige ut frå samtalanane som er gjennomført, kan vere: «*høgreradikale*», «*høgreekstremistar*», «*nasjonalsosialistar*». Her såg eg ein tendens frå dei «høgreradikale» at omgrepet nasjonalkonservativ var det dei helst ville bli omtalt som frå andre. Som nemnt i teoridelen, har eg til tross for dette konsekvent brukt omgrepet «høgreradikal» når eg omtalar informantane mine, då dette omfamnar fleire.

Skal ein få kalle seg det ein sjølv vil, eller korleis sosialarbeidaren vel å sjå det? Kven har rett når det gjeld omgrepa, og kven kan eigentleg definere verkelegheita? Slike spørsmål ser eg kan verke provoserande overfor dei høgreradikale. Det kan sjåast ut som ein innerst inne veit at slike haldningar er feil, og at ein her vil pakke budskapet inn i bobleplast. Kan dette botne i at ein eigentleg vil bli godtatt i samfunnet? Ein kan finne støtte for dette i artikkelen til Nilsen (2019), der menneske gjerne strevar etter å passe inn i båsar som får oss til å føle oss viktige. Her oppfattar eg at realitetsorienteringa kanskje kan øydelegge litt for sjølvfølelsen til enkelte. At ein gjerne ikkje vil innsjå kva ein støttar opp under, då det kjennest mest riktig ut for parten å engasjere seg rundt. Denne artikkelen kan sjåast ut som støttar opp under det profesjonsutøvarane ofte uttrykker, at folk er på søken etter tilhøyrsløse og det å bli sett. Ein kan også sjå ein tendens til at enkelte «høgreradikale» veit at slike ytringar er av den dårlege haldninga og følgeleg «bås», men ikkje heilt vil innrømme det. Som ein konsekvens overfor sosialarbeidaren og andre vedrørande profesjonsutøvarar, kan det bli vanskeleg å få ein felles forståing av kva fenomenet inneberer. Her kan det tenkast at ein som sosialarbeidar må vere tolerant overfor omgrepsbruken, og kanskje la motparten definere seg sjølv.

Sjølv om fleire fortel at ein blir både sur og sint på samfunnet grunna det negative stigmaet, ser eg det som vanskeleg å ufarleggjere fenomenet, samt endre bruken av omgrep heilt og fullt. Ja, det kan på kort sikt kanskje bidra til mindre stigma mot partane som aktivt ytrar seg høgreradikalt. Likevel vil det vere viktig for befolkninga i samfunnet å ikkje bli feilinformert. Dette er ei reell utfordring, der utfallet for å vere feilinformert ved ei pynta framstilling går i feil retning. Det kan vere at førebyggingsinstansar ikkje klarar å sjå risikoteikn mot ei eventuell ekstremisering. Vel ein å pakke budskapet til dei «høgreradikale» inn, kan dette i verste fall bidra til at vi ikkje lenger tenkjer på dette som eit reelt problem før neste terrorangrep finn stad. Det kan også tenkjast at ved å legge føringar for ei større legitimering av eit slikt fenomen, kan dette føre til at fleire vel å tre inn. At fleire finn sin plass, og at dette vil dreie inn i det politiske liv. Det kan vere naudsynt å dra fram Sunde (2013) også her. Det å

ikkje ha eit klart omgrep når ein skal førebygge, medfører ofte at profesjonsutøvarane og sosialarbeidarane ikkje klarar å nå tak i utfordringa. Ein veit ikkje kva ein skal førebygge, og dermed ikkje klarer å imøtekomme partane godt nok. Eg opplever difor at handlingsplanen til Sunde (2013) støttar opp under det å ha eit fast omgrep ein konsekvent vel å nytte.

Kva grad spelar tilhøyrse ei rolle

Flokkfølelsen blir løfta fram som eit viktig tema frå samtlege informantar. I følge enkelte avhoppingar får ein gjerne felles opplevingar, då gjennom festar og demonstrasjonar ein møtest på. Vidare løftar avhoppingarane fram at dette oftast skjer i starten av ein rekrutterings-fase. Her er ein gjerne hyggelege og avbalanserte med nykomaren. Ein finn sin identitet, og får ei kjensle av å bli lytta til. Behovet for å passe inn, uansett kva miljø det er, vil vere ein naturleg del av danninga. Ein viktig del inn mot det relasjonelle samspelet er at ein føler seg gjensidig avhengig av kvarandre. Dette er i følge ein informant som tidlegare har vore medlem, verdt å leve for. Likevel vel dei «høgreradikale» å vinkle ytringa si til noko dei vel å kalle for «eit kall», ein patriot for Noreg, eller oppretthalde eit frihetsideale. Ein informant som i dag er aktiv «høgreradikal» fortel det slik:

Det må vere ett samfunnsansvar, rett og slett. Jeg føler det er det mest riktige å gjøre. At jeg ikke har samvittighet til å ikke engasjere meg. At du kan sammenlikne det litt med at visst du ser ett fly som skal ta av, og så vet du det er en løs mutter. Så må du liksom prøve å få det stoppet.

Eg ser på dette som viktig å løfte fram, då dette kan bidra til at ein også ser på ulike måtar å søkje tilhøyrse på. At ein kan føle tilhøyrse og fellesskap ved å kjempe for saker ein sjølv meina er naudsynt, og å stå saman på det politiske grunnlag.

Det ein her kan diskutere, er å føle tilhøyrse i «feil» miljø. At ein gjerne pakkar inn budskapen sin i frykt for å bli stempla som rasist eller nazist. Å føle at din identitet og tilhøyrse ikkje ligg i riktig miljø, kan vere skummelt. Ein føler kanskje at ein har svikta menneska rundt seg, og ikkje minst samfunnet vi lever i. Ein uskriven norm i samfunnet som her er veldig politisk korrekt, passar gjerne ikkje inn i den «høgreradikale» partens verkelegheitsverden. Å vere klar over at ein har endt i «feil» miljø, men som i sin verden er riktig, kan tenkjast er veldig frustrerande. Ser ein dette opp mot teoretikaren Norton (2010),

kan ein sjå korleis ord og språkbruken vi som samfunn brukar opp mot slike grupperingar kan påverke i negativ retning. Ei slik omtale, der ein blir plassert i «feil» bås, gjer noko med sjølvfølelsen vår. Dette kan vi også sjå i lys av Braude (1996) sin teori, der vi menneske gjerne responderer på korleis ein blir omtalt. Denne teorien forklarar kvifor menneske handlar som dei gjer, men likevel opplever eg at ein som profesjonsutøvar får eit større perspektiv på kvifor ein må endre haldningsmønster til dei «høgreradikale». Identiteten til menneska blir dermed satt på prøve, og dette kan gjere mykje med livskvaliteten og vidare åtferda (Borum, 2011).

Det å føle på ei tilhøyrsløse til ei konkret gruppering, samtidig som ein møter motstand frå heile samfunnet kan tenkjast å ikkje verke positivt inn på menneske. Ei konsekvens kan her vere at hatet tek overhand. Om ein får dårleg sjølvfølelse av å vere knytt til sin «flokk», kan dette bidra til å skape ein større misnøye opp mot samfunnet og systemet vårt. Korleis ein som menneske føler seg innvendig kan ha verknad på behovet for å ytre seg. Betydinga av å høyre til i ei gruppe står ofte sterkt. Ser ein Borum (2011) sin teori knytt til gruppetilhøyrsløse sett opp mot den negative omtalen «grupperinga» di får, kan dette vise til ulike konsekvensar. Får ein høyre at «flokk» sin blir sett på som søppel, eller har ubetydelege meiningar, kan dette medføre at ein utviklar ein forsvarsmekanisme overfor seg og sine. Her opplever ein ikkje gjensidig avhengigheit til andre partar. Ein kan sjå det som ei identitetskrise, og som nemnt frå Borum (2011), vil ein utvikle åtferda si derifrå. Ei utvikling som etter den negative omtalen, ikkje er heldig. Borum (2011) støttar opp under kvifor dei «høgreradikale» vel å uttrykke seg gjennom kvasse haldningar og argument. Ser ein på konsekvensane ut frå drøftinga, samt korleis ein som sosialarbeidar kan møte eit slikt fenomen på ein god måte, må ein vere klar over dei sterke mekanismane som førekjem. Ei forståing av at dei høgreradikale er ein del av eit fellesskap, og då føler på ein tryggleik gjennom dette.

Det blir også løfta fram temaet *tilhøyrsløse* frå profesjonsutøvarane, der det er stor merksemd på einsemd og eit dårleg utgangspunkt i livet. Vidare blir det også løfta fram ein tanke om kva mentalitet dei «høgreradikale» har. Gjerne på bakgrunn av kvifor ein går inn i slike miljø. Eksempel på dette vil vere at:

Og så leter man etter ett fellesskap. Og så finner de det, og blir så *jækli* godt mottatt. Det er klart, om du er sårbar og påvirkelig så er det lett å manipulere noen til å få de inn i ulike konspirasjonsteorier. Om at «vi har dessverre blitt

sånn fordi alle andre skubba oss fra seg», «vi må stå opp for samfunnet», eller «vi må vinne vår sak. Alt blir så mye bedre da».

Det at ein som profesjonsutøvar raskt trekker konklusjonar om at gjerne alle menneske med «høgreradikale» haldningar er like, kan også verke veldig provoserande for motparten. Eit ynskje om å hjelpe, gjennom det å skaffe jobb eller bolig, vil her raskt få liten betydning. Allereie då har motparten høgst sannsynleg følt på ei førehandsdøming og misforståing. Dette kan også gå i retning *stigma*, der ein gjerne får ein merkelapp ein nødvendigvis ikkje er einig i. Samtidig kan ein sjå klare trekk rundt dei «høgreradikale», og at dei gjerne tek ein form for offerrolle. Om denne rollen er bevisst eller ei, kan ein ikkje her seie med sikkerheit. Gjer ein seg sjølv mindre verdt bevisst, kan også dette ha ein funksjon. Ein funksjon om at dei bør bli tatt betre vare på i samfunnet. Dette treng ikkje alltid vere av positiv verknad. Alle skal få plass i samfunnet, samtidig kan ei slik radikal haldning føre til at fleire tvilar på det samfunnet og systemet vi har den dag i dag. Ein kan sjå dette i samband med NRK Drivkraft (2021), og Henrik Syse, der viktigheita av audmjukheit og respekt overfor den andre parten blir presentert. Her opplever eg at dei «høgreradikale» uttaler seg om ein mangel av dette frå samfunnet, men likevel ikkje klarer å gje det same tilbake knytt opp mot offerrollen ein nyttar i samtlege forbindelsar. At ein som profesjonsutøvar prøver å møte motpartens høgreradikale ytringar med respekt og audmjukheit, men som i fleire tilfelle ikkje får det same tilbake, vil verke nokså krevjande. Då vil det førebyggjande arbeidet fort verke meiningslaust, og det er her viktig å ikkje ha for store forhåpningar om å kunne endre haldningsmønsteret til motparten.

Tilhøyrsløse kan sjåast på gjennom feire perspektiv, då dette syner godt at alle informantane tenkjer ulikt. Dette ser eg på som eit viktig funn, for å synleggjere ulikskapen. Tilhøyrsløse kan tolkast ulikt, og brukast på ulik måte.

At ein som sosialarbeidar og andre profesjonsutøvarar kan få innsikt i at menneska som vel slike miljø, ofte kjenner på at dei gjer noko meiningsfullt og moralsk riktig, kan bidra til at både stemplinga og stigmaet dempast. Dette kan også sjåast på som ein bidragsytar til å dempe hatet og forakta enkelte har til samfunnet. Å få betre kjennskap til kva menneska som blir utsette for slike stemplingar kjenner på av følelsar, ser eg på som viktig i møte med fenomenet. God dialog og forståing av motparten er her avgjerande for at kommunikasjonen blir mindre stigmatiserande.

4.2 Rettar og begrensingar

Eg har gjennom mine intervju gjort meg opp eit inntrykk, og *rettar og begrensingar* kjem fram som ein sentral del av funna. Å finne balansegangen mellom styring og fridom er noko eg opplever som ein gjengangar i datamaterialet. Som profesjonsutøvar og sosialarbeidar, er det viktig å vere på lag med motparten. Det å ytre seg radikalt er, og har alltid vore, lovleg i Noreg. Heller det å vere ekstrem i form av valdelege handlingar, er det som blir reknast som ulovleg og må stoppast. Med andre ord er det å vere «høgreradikal» ikkje noko ein nødvendigvis treng å gripe inn ved. Likevel er dette ein hårfin balansegang frå det å dele tankemønster til å ty til det ekstreme. Ein kan sjå fleire tilfelle frå terrorhandlingar der haldninga har eksistert over lang tid. Å ha ei forståing frå alle informantars perspektiv kan vere essensielt i arbeidet mot ei betre handtering og forståing av fenomenet.

Det å hjelpe nokon krev i nokre tilfelle ei større styring slik at situasjonen ikkje eskalerer, og då gjerne mot det høgreradikale miljøet. Eg siktar her mot ei styring knytt til det å informere om kva som er greitt eller ei. Det er sårbart å blande seg inn i den personlege ytringa, då det gjerne medfører til ei oppleving av å ikkje bli godtatt for den ein er. I denne delen vil eg diskutere utfordringa i det å gripe inn når alt er lovleg. Vidare vil eg også diskutere sensureringa motparten opplever. Kva kan dette få av konsekvensar, og er det haldbart i lengda? Til slutt vil det også bli diskutert kva dei negative sanksjonane har å seie for menneske som blir utsette for dette.

Når det gjeld kategorien *rettar og begrensingar*, kjem det tydeleg fram at ytringsfridomen står sterkt. Både hos profesjonsutøvarane, men kanskje ekstra godt ved dei aktive «høgreradikale». Det å ytre si meining, så lenge den ikkje er hatefull, er lovleg. Ein kan her stille seg spørsmålet om det ein ytrar seg under demonstrasjonar, samt over internett, er hatefullt eller ei. Det finst ei gråson for kva som er lov, men også på kva tidspunkt ein er på veg inn i det ekstreme. Alle individ har rett å ytre seg, samt kunne identifisere seg med ulike grupperingar for å kunne føle seg sett og høyrte. Dette finn vi støtte for frå Nelson og Prilleltensky (2010), og samfunnspsykologien. Relasjonen ein får, samt dynamikken som her føre menneske saman, kan vere ei av årsaka til å ville ytre seg radikalt i samfunnet. Denne teorien er med å støtte opp under behovet for tilhøyrslø og tryggleik gjennom relasjon, noko alle menneske treng. Ser ein det frå profesjonsutøvarens si side, viser dei til utfordringar i det å gripe inn når det enno er lovleg. Det å gå inn for tidleg, utan haldbare haldepunkt, kan vere

veldig stigmatiserende for motparten og kan verke effektiv rundt ein raskare radikaliseringsprosess.

Korleis ser informantane på moglegheita til å ytre seg

Under møta med dei «høgreradikale», og profesjonsutøvarane, kom det som nemnt opp ulike utfordringar knytt til ytringsfridomen. Dei «høgreradikale» løfta spesielt fram ein ytringsfridom der ein gjerne blir stigmatisert når ein ytrar seg. Det at ytringsfridomen skal vere for alle, men at informantane likevel føler på lite tillating når dei ytra seg i retning ytre høgre. Kvifor ytringsfridomen er relevant i dette kapittelet, vil her vere at gjennom ytringa kjem det eit sosialt nettverk. Følelsen av å vere ein del av noko, og samtidig finne støttespelerar i livet. Moglegheita ved å ytre seg, samt følelsen av likeverdighet. Det å både skal kunne møte eit slikt fenomen som sosialarbeidar, samt også vere aktiv deltakar mot ytre høgre, fører vidare med seg både rettar og begrensingar. Rettar som inneber at det er lovleg, samt begrensingar som her kan vere negative sanksjonar. Å ha ei forståing over kva som kan følge med når ein ytrar seg, kan vere essensielt. Å sjå perspektiv frå begge kantar. Ein av informantane frå det «høgreradikale» lyste fram at:

Den offentlige gapestokken, og som jeg synes media bidrar veldig mye til for tida. Fordi at det virker som at det er noen som er mer lov å ta enn andre. Att på til media korpset hylende etter deg. At du er sann, du er sann. Og at du føler deg jakta på.

Dette kan vere naudsynt å ha innblikk i, då dette viser til perspektivet knytt til nokon som føler på urettferd og lite likebehandling. Noko som også blir synleg, er korleis dei «høgreradikale» vel å pakke budskapet inn med humor, og til ein viss grad ei form for bagatellisering overfor venstresida. Då informanten blei spurt spørsmålet om hen trudde ein traff eit ømt punkt når ein kritiserer livssynet til motparten, lød svaret slik:

Ja, kanskje. Men jeg visste ikke at det skulle vere så ømt da..

Det er også nødvendig å løfte fram utsegnet frå ein «høgreradikal» som fortel at:

Høyresiden tar ofte en offerrolle i mange sammenhenger

Eg ser tendensar til at dei «høgreradikale» tøyser strikken mot det som er i gråsona. Som nemnt tidlegare, kan ein i mange tilfelle sjå at ein vel å bruke offerrolla, der ein gjerne vil ha sympati for å ha blitt utsett for kraftig stigmatisering. Dette kan fungere i den grad at dei plantar ei usikkerheit i dei som skal imøtekomme slike menneske. Ved å stakkarsleggjere seg sjølv, kan ein sjå kor langt grensa går ved å vere hatefull mot andre, og dermed kan ytringane bli enda meir radikale og diskriminerande. Ved å sjå dette i lys av Hörnqvist og Flyghed (2012) sin teori, kan ein sjå at dette fungerer på den måten at ein vel å marginalisere seg sjølv. Ved å bruke offerrolla, og sjølv bidra til mangel på integrering, kan i dette tilfelle sjåast ut som ei bevisst handling. Ein slik teori kan tenkjast å vere med å bekrefte denne så kalla *offerrolla*. Å gje ei forklaring på at denne måten å marginalisere seg sjølv, er bevisst og kan fungere for å spreie si ytring og haldning. Vel profesjonsutøvarane å bli påverka på den måten at ein ikkje tør å gå inn, kan haldningane føre ei rekkje andre vegar, der ein ser ein ikkje vil bli stoppa. Referert frå informantane på «høgresida», fortel dei blant anna om eit «kall», eller eit politisk engasjement ein ikkje kan slutte å engasjere seg i. Dette kan, og som har skjedd i fleire tilfelle, eskalere og dermed bli ei form for ekstremisering over tid. Det å tørre å gå inn, samt følge magefølelsen sin om noko går i feil retning, opplever eg som enda viktigare enn å la vere. Det å fatte interesse for eit menneske, i staden for å «ta dei», er stor forskjell på. Ofte kan motparten trenge å bli sett, høyrte eller få letta på ventilen. Utan då å bli dømt og tolka i hel.

Med ein «høgreradikal» haldning til samfunnet, vil også føre til ei utfordring for profesjonsutøvarane. I møte med slike menneske, dukkar dilemma knytt til kva som er greitt og ikkje. I forbindelse med dette, kjem usikkerheita når ein skal gripe inn i noko som er lovleg. Ein har i fleire tilfelle sett kva konsekvensen blir om ein ikkje grip inn, samt kva som kan skje om ein grip inn for hardt. I samband med dette, fortel ein av informantane med profesjonsutøvarbakgrunnen at:

Men så er det veldig vanskelig det her da. Hvilke nivå skal du gå inn, det er jo ikke forbudt å ha radikale eller ekstreme tanker. Det er først når du eksplisitt sier at du er villig til å begå vold for å nå dine mål, at det er ulovlig. Og vi er veldig bevisst på at vi ikke skal vere ett meningspoliti.

Det er ofte ein diskusjon knytt til det å få ytre seg. Eit slikt tilfelle som dette, då ytringa er svært radikal, ligg det ofte ei balansegang i det å få letta på ventilen. Det kan verke som dei «høgreradikale» går inn med ei innstilling om å provosere og diskriminere andre. Likevel fortel dei at dei vil oppretthalde *frie ord*, ha likebehandling, samt bevare samfunnstilliten. Dette er jo lovleg, sjølv om det i praksis opplevast som meir rasistiske ytringar. Å dele rasistiske og diskriminerande ytringar, kan igjen føre til negativ stempling som ein ser Goffman (1975) belyse i sin teori. Difor kan det vere vanskeleg for ein profesjonsutøvar å bidra til ei forståing, då det gjerne ikkje samsvarar med ord og handling. Goffman (1975) er med denne forståinga med på å bekrefte profesjonsutøvarens tanke om utfordringa i det å gripe inn. Ein kan også sjå at *fri ord*, ofte tyder på at fenomenet ikkje vil ha eit multikulturalisert samfunn, referert frå fleire aktive «høgreradikale» informantar. Ei slik tankegang, saman med den strukturelle endringa som skjer i samfunnet i dag, opplever eg som motstridande. All den globaliseringa og moderniseringa som skjer i verda, er gjerne ikkje ynskjeleg frå denne typen fenomen. Ser ein det frå profesjonsarbeidarens rolle, kan dette vere vanskeleg å forhalde seg til. Globalisering og modernisering av samfunnet kan i følge Simon og Klandermans (2001) vere ein sterk bidragsytar for utforminga av identitet og vidare ein eventuell sterkare radikaliseringsprosess. Dette er noko ein som profesjonsutøvar ikkje klarar å stanse, då det kan vere viktig å formidle til dei «høgreradikale» at ein ikkje kan sette store makter til for å stanse dette. Det kan setjast i samanheng der planlegging av terror kan finne stad, om ein blir overbevist om å stanse denne moderniseringa.

Å gje dei rom for å ytre seg, som er lovleg, men også ha kontroll slik at dette fenomenet ikkje eskalerer og får tilgang til å spreie seg, er ein av utfordringane samfunnet står overfor. Det kan, som «høgreradikale» også nemner i fleire tilfelle, rote samfunnstilliten. Eit tiltak ein her kan løfte fram knytt til det å gje rom for å ytre seg, er mentorordninga ein gjerne gjennomfører (Regjeringa, 2017). Målet er her å få fleire inntrykk og høve til å lette på ventilen. Her kan ein sjå at enkelte av informantane på den «høgreradikale» sida har opplevd dette. Eg får eit inntrykk at dette ikkje er godt nok. Profesjonsutøvarane fortel derimot at dette er eit av dei betre tiltaka, der motparten får rom for dialog og *input* av andre vinklingar. Det ein likevel ser, er at motparten ikkje opplever å få den nytten, då ein kanskje føler seg tvinga til å gjennomføre dette. Effekten ser eg på som større for profesjonsutøvarane enn det er for dei «høgreradikale». Likevel, korleis la menneske ytre seg i offentleg rom, med ytringsfridomen sin, utan at det går over i hat og rasisme, ser eg framleis som ei utfordring.

Kva skjer med informantane når dei opplever å bli sensurert

Å blir fjerna frå det gode selskap er eit av utsegna som dukkar opp når temaet sensurering blir diskutert. Dette heng mykje saman med kategorien *rettar og begrensingar*, og vil gå dermed under som ein del av dette. Kva som skjer med menneske når ein blir fjerna frå den offentlege debatten, kan vere essensielt for oss som skal handtere dette fenomenet å få kjennskap til. Gjennom intervju med dei «høgreradikale», kjem det i fleire tilfelle fram ei oppleving av at samfunnet vil forhindre feil meiningar. At talarstolen gjerne blir fjerna, og ein her blir «*demonisert*» når ein i sine auge gjer noko meiningsfullt. Ei oppfatning av at samfunnet prøvar å stemple, skremme og teie menneske på ytre høgre. Ein informant fortel blant anna at:

Da er det lettere for myndighetene å fjerne debatten på kortsikt. Jeg tror ikke det er bærekraftig på langsikt. Men det er lettere å kaste meg ut, enn å tillate noen som er i mot staten, og det multikulturelle eksperimentet.

Sensur er ein gjengangar når det gjeld ytringsfridomen og korleis dei «høgreradikale» opplever samfunnet tek i mot dei. Dette i form av sensur, eller «*scenenekt*». Ei slags avgrensing i det å ytre seg på ytterkanten. Eg opplever at det å bli sensurert ikkje hjelper på følelsen av det å vere verdifull, sett pris på og ikkje minst respektert. Det å kjenne på følelsen av ein ikkje gjensidig avhengigheit av kvarandre, kan vere sårt. Slike trekk kan ein finne igjen i Webber og Kruglanski (2018) sin teori. At eit kvart menneske har eit fundamentalt behov for å bli sett pris på, samt respektert i andre sine auge. Det er i fleire tilfelle referert frå informantar knytt til dei «høgreradikale» og avhopparane, at dette ofte skjer. At dei gjerne blir kasta ut av det gode selskap. Dette finn vi også igjen ved å sjå på teorien om utanforskap. Ein kan sjå dette i tråd med funna frå Hörnqvist og Flyghed (2012), der utanforskap skjer i form av ekskludering. Sensur kan sjåast på som ein form for ekskludering, og ein finn det merkbart at samfunnet er med å bidrar til utanforskap. Her finn ein støtte frå Hörnqvist og Flyghed (2012) når det gjeld sensurering, og at dette fører til utanforskap og vidare til ein eventuell raskare radikaliseringsprosess. Ved å fjerne dei frå den offentlege debatten, kan dette også resultere i at det kun eksisterer ein arena igjen. Ein arena med kun ei politisk retning og haldning, då dette går i det høgrekstreme tankemønsteret. Ein blir ikkje politisk utfordra,

møter ingen motargument, får ei bekrefting på verdsforståinga si, samt opplever å bli sett av andre. Likevel kan det å ytre seg på sosiale media bidra til ei effektiv radikaliseringsprosess av andre. Det er gjerne her budskapet blir spreidd, ein finn likesinna, samt at ein får ei slags gruppe-tilhøyrsløse. Difor kan ein også sjå det som naudsynt å sperre dei aller mest populære arenaene. Dette på grunnlag av at brukarane på slike plattformer verken er kritiske nok til innhald, og er svært unge.

Samtidig kan det vere viktig å ha i bakhovudet at sensur kan føre til ei forverring, og kanskje ei bekrefting frå motparten at samfunnet ikkje har plass til ein sjølv. At andre folk er meir godtatt enn andre. Dette speglar jo behovet for likebehandling som dei «høgreradikale» ynskjer å oppnå. Her klarer samfunnet å møte dei med ei haldning om at folk ikkje er like verdt ved å prøve å sensurere vekk dette fenomenet. Til tross for, kan ein sjå det positive ved å la dei «høgreradikale» ytre seg på sin måte. Ved å la dei få ytre seg, kjem motytringar opp og fram i dagens lys. Dette kan bidra til at samfunnet høyrer den radikale og nokså diskriminerande ytringa, som igjen kan skape ei betre klarheit i kva budskapet inneheld. Det er ikkje gjort greie for teoretiske tilnærmingar som kan støtte opp under denne drøftinga, men likevel ser eg dette som viktig å løfte fram. Dette på grunnlag av å få meir kjennskap til kva sensurering gjer med eit menneske.

Det er gjerne det politiske korrekte som skal dominere samfunnet, då dette er det som bidreg til mest likebehandling av alle menneske. Ein kan tenkje seg at dette er noko ein må vinkle inn når ein går i møte med dei «høgreradikale». At samfunnet vi lever i, også jobbar for likehandling, då dette i fleire tilfelle inneberer likebehandling mellom alle etnisitetar og kulturar. Målet profesjonsutøvarar og sosialarbeidarar arbeidar mot, er i mange samanhengar likt det dei «høgreradikale» har. Gjennom funna som er gjort i oppgåva, er det likebehandling og openheit som gjerne blir ein gjengangar. Å ha dette som utgangspunkt i førebyggingsarbeidet og som eit fokus i møte med dei «høgreradikale», kan vere ein opning for godt samarbeid. Eit større fokus på likskap enn ulikskapen.

Eit gjennomgåande tema frå profesjonsutøvarane, er at ein alltid skal ta meiningane på alvor og på ein respektfull måte. At ein må kunne klare å sjå motparten si verd. Dette er viktige funn som vidare skal bli drøfta, då dette kan sjåast på som eit utsegn som ikkje passar med den sensureringa samfunnet bidrar med. Her kjem det fram ulike perspektiv, respekt for andre sitt syn, samt ei form for sensurering som står i mot kvarandre.

Negative sanksjonar ved å ytre seg

Ein av informantane peikar på at uansett kva ein meiner, så vil ein bli uglesett. Ei slikt utsegn merka eg meg gjekk igjen. Å få negative sanksjonar som følge av ytringa di kan i mange tilfelle føre til dårleg sjølvfølelse og bilete. Fleire av informantane som går under «høgreradikale» påpeikar at ein gjerne blir arbeidsledig om ein har «feil» meiningar. Dette er sanksjonar eg ser på som essensielle å ha med seg i førebyggingsarbeidet og i møtet med motparten. Kvifor kjem slike sanksjonar, og kva er bakgrunnen for at enkelte er meir utsette for dette. Fleire informantar fortel stigmaet ein opplever, og at ein gjerne ikkje får ha eit ansvar i samfunnet, der grunnen er ytringa til den enkelte. Eit av utsegna frå dei «høgreradikale» lyder slik:

Det kom til et punkt der jeg slutta å bry meg. Jeg får meg ikke jobb, bolig, eller kjæreste fordi jeg har feil meninger. Da startet jeg liksom med å gi mer faen.

Det blir også belyst eit utsegn om at:

Uansett hva du mener, blir du uglesett.

Ved å ytre seg, kjem det gjerne eit par negative sanksjonar med på kjøpet. I tilfellet der du ytrar deg heilt på ytste høgresida, kjem det også fleire. Det blir blant anna nemnt mangel på bustad, kjærast, familie, vener og arbeid. Eg opplever dette som viktige og essensielle fundament for å kunne dekke det grunnleggande behovet vårt. Er dette ein mangel i livet, og du gjerne opplever at du gjer noko viktig for samfunnet, kan det opplevast som frustrerande.

Det å slite økonomisk kan ofte medføre ei negativ kjensle rundt seg sjølv. Informantane frå høgresida viser ofte til utfordringa rundt det å få seg jobb. Dette medfører gjerne at ein lettare kan få eit fiendebilete og ein trong til å kunne legge skulda på nokon. Fangen (2001) viser til ulike faktorar som kan ha innverknad på det «høgreradikale» tankemønsteret. Frå den «høgreradikale» sida ser eg ein tendens til at skulda ofte blir lagt på menneske med innvandrarbakgrunn. At dei tek arbeidsplassar frå «oss», samt får bustadprisane til å stige grunna fleire tilflyttarar, er gjerne noko som blir sitert. Dette kan støtte opp under teorien frå Fangen (2001), der menneske som ikkje opplever medgang, samt oppnår lite goder, gjerne får

eit slikt fiendtleg bilete. Ein teori som støttar opp under at ein med dårleg økonomi gjerne finn ei forklaring på dette gjennom det høgreradikale miljøet. Her er det naturleg å finne sin fiende i innvandarmiljøet, og dermed lettare gje skulda på andre rundt sin eigen økonomi. Påstandar det ikkje er hald i, men som hyppig blir ytra i samfunnet. Dette kan bidra til at fleire vel å tru på dette, og det blir utvikla ei større forakt mot andre etnisitetar. Likevel, ved å ytre slike haldningar, vil det igjen føre med seg ein heil del motdemonstrantar som ikkje er einige i dette. Med på kjøpet av motdemonstrantar kan det også kome fleire sosiale sanksjonar som utestenging og dehumanisering på nett.

Dette kan sette ei avgrensing i å ytre seg, då ein gjerne veit kva som kjem av negative sanksjonar. Trekkjer ein parallellar til samfunnspsykologien, der konsentrasjonen ligg på det å løfte fram styrkene i eit menneske, kan ein sjå ei utfordring. «Sense of Community» (Sarason, 1974) viser innsatsen i lokalsamfunnet som biset med støtte og relasjon, noko ein gjennom fleire intervju ikkje finn eksisterande. Konsekvensen kan verte isolasjon og psykologiske problem, som igjen bidrar til ein kortare veg til ekstremisme. Ein kan her sjå at teorien støttar opp under eit lokalsamfunn som biset støtte om du har *riktige* haldningar, altså ikkje høgresida. Likevel opplever eg at dette er noko store delar av dei aktive «høgreradikale» ikkje lar seg stoppe av. Ein brukar kanskje dette til sin fordel, der ein som tidlegare nemnt nyttar offerrollen.

Skal ein prøve å sjå det frå den andre sida, korleis kan ein dempe dei negative sanksjonane? Om ein klarer å sjå mennesket bak haldningane, ser ein i mange tilfelle eit godt menneske som ynskjer å oppnå det ein sjølv tenkjer er moralsk riktig. Det er fleire som fortel at ein ikkje vil den enkelte innvandrararen noko ilt, men at det er vanskeleg å sjå vekk frå statistikk om kriminalitet og etnisitet. Å sjå vekk frå eigne moralske haldningar og verdiar, men likevel krevje respekt tilbake, trur eg kan vere essensielt i arbeidet mot radikalisme.

Eg ser likevel at informantar med profesjonsutøvarbakgrunn er klar over at dette er eit problem. Her blir det fortalt at førehandsdøminga frå samfunnet ofte er ei belastning for motparten som blir utsett for dette. Her uttaler ein av informantane seg slik:

I retrospekt så handler det nok om at det har vert en mangel. Mangel på rom for å kunne uttrykke seg, uten å bli tolket eller dømt i hel.

Å ha innsikt over kva sanksjonar motparten føler, men også vere klar over kva samfunnet bidrar med av negative konsekvensar, kan vere naudsynt for å handtere eit eventuelt første møte på best mogleg måte.

4.3 Utveksling av fenomenkunnskap

Under kodingsprosessen, kjem utveksling av fenomenkunnskap fram som eit framtrédande tema. Kva kunnskap sit ein på når det gjeld verdsforståing, oppfatning av kvarandre og ikkje minst idealet om korleis bli møtt? Kva tankar gjer ein seg når det gjeld å gå i møte med den så kalla «høgreradikale», men også det å høyre kva tankemønster motparten eigentleg har? Det vil også bli løfta fram ulike faktorar som kan påverke verdssynet, då dette kan sjåast på som naudsynt å løfte fram for sosialarbeidarar og andre profesjonsutøvarar.

Ideal om korleis bli møtt

Under møta med profesjonsutøvarane kjem det fram viktigeita rundt første møte. Korleis førekjem møta mellom profesjonsutøvarar og då spesielt sosialarbeidar, med dei høgreradikale. Her får ein eit innblikk i kva profesjonsutøvarane og dei høgreradikale opplever som viktig i slike møter, samt kjensla av å bli møtt. Profesjonsutøvarane fortel her om det å gå inn med openheit og nysgjerrigheit knytt til verkelegheitsforståinga til motparten. Det relasjonelle opp mot det å skape tillit og aksept til det som kjem. I forbindelse med første møte, vart det også lagt vekt på å unngå sanksjonar og fordømmingar. Dette for å ikkje bekrefte verdsbiletet om at ein føler ein ikkje høyrer til. Vidare vert det nemnt det frå fleire av profesjonsutøvarane at ein ofte ser tilfelle av ei kjensle av einsamheit, søkjing etter fellesskap og at ein som oftast ikkje har orden på livet sitt. Det blir også fortalt at ein gjerne har som mål å skape dialog. Med andre ord, ikkje snu om på verdsbiletet. Møte med ein «høgreradikal» krev då mykje sjølvrefleksjon og «bondevet». Ein del av målsetninga med dialogen er å kunne akseptere det som kjem, utan at motparten føler seg tolka og dømt i hel. Det blir framheva frå ein av informantane frå profesjonsarbeidarane at:

Så tror jeg også at det ikke er min oppgave å dømme mennesker for valg de tar. Valg vi tar, de har ofte et stort historieperspektiv bak seg. Så er det min oppgave å vere nysgjerrig på isberget under på en måte. Ikke nødvendigvis det jeg ser...

Om ein ser på utsegna til denne profesjonsutøveren, ser eg gode tankemønster om at kvar enkelt er ulik, og at førehandsdøming når det gjeld kva årsaken er skal ligge igjen heime. Likevel opplever eg at mykje av møtet går veldig etter boka, referert frå dei «høgreradikale». Kva som er den *originale* utgåva av ein «høgreradikal», og spørsmålet om det eigentleg eksisterer kan fort bli stilt her. Ein tenkjer ofte at ein gjerne søker tilhøyrslø grunna einsemd og utanforskap. Kanskje ein har eit sterkt behov for å bli sett, då dette ikkje har skjedd i fortida. Ein kan i følge ein informant med profesjonsbakgrunn ha ein «bronkete» og vanskeleg bakgrunn, og dermed vil søke seg til eit miljø. Dette viser seg kan provosere den enkelte som ytrar seg mot høgresa. Slike tydingar har gjerne ein negativ klang over seg. Utanforskap blir gjerne sett på som ein risiko for valdeleg ekstremisme (Hörnqvist & Flyghed, 2012). Om dette ikkje stemmer for motparten, kan dette bidra til eit større stigma.

Sett i lys av dette, blir det også presentert at ikkje alt treng å vere uttrykk for vald sjølv om ein deler tankane. Å ha evne, samt kunnskapen til å sjå ulike perspektiv på ein god måte, vil her vere svært essensielt. Betydinga som ein av informantane frå profesjonsarbeidarane fortel om, er at personar som er i fare for radikaliserings eller er i det høgreradikale miljøet må bli snakka *med*, ikkje *til*. Blir ikkje dette gjennomført, kan dette ofte bli oppfatta som belærande og nedverdiggande kommunikasjon frå ein som vil hjelpe. Det blir også framheva frå ein av avhøpparane at:

De har ikke kommet med pekefinger, men omsorg og kjærlighet. Vise til at ting kan være bedre enn det jeg stod for.

Dette ser eg på som viktig å framheve då det gjerne fortel litt om korleis ein kan skape dialog med både kjærleik og omsorg, men også gje ein motvekt til kva haldningsmønsteret motparten har. Eg forstår det slik at profesjonsutøvarane gjerne vil høyre på, samt har eit ynskje om å forstå kvifor dei tenkjer som dei gjer. At ein tek dei på alvor, men også å finne ut kva som gjev meining og orden på mennesket sitt tilvere. Dette kan blant anna inkludere å få dei i arbeid. Eit ynskje frå samtlege med profesjonsbakgrunn, er eit samarbeid med næringslivet. Å fylle tida til dei «høgreradikale» med noko byggande. Det å kommunisere med menneske som har ei heilt anna verdsforståing, vil ofte verke skremmande. Ein kommentar ein profesjonsutøvar la fram, framhevar det ein gjerne vil hindre:

Om man legger opp taktikk i møte med mennesker, så bommer man. Jeg mener, dette ikke er «rocket science». Det er nok i det overordnet perspektivet, og i virkelige trusler. Men i møte med folk, så handler det om litt sunt bondevett, og en evne til selvrefleksjon.

Dynamikken mellom sosialarbeidaren og klienten kan i mange tilfelle vere avgjerande for om arbeidet vil fungere eller ikkje. Om ein klarer å skape motvekt for partens verdssyn. Dette finn ein igjen i artikkelen til Berg (1989), der ein må kunne sjå klienten ut frå sitt utgangspunkt og ståstad. Gjennom intervju gjort med dei «høgreradikale» ser eg ein tendens til at møte med profesjonsutøvarar som meir ufrivillig enn frivillig. Dette kan sjåast i lys av at den «høgreradikale» gjerne ikkje forstår kva som er problemet, og at denne parten kanskje føler seg «tatt på fersken» ved å bli kalla inn til samtale for sine ytringar. Kvifor må ein møte ein profesjonsutøvar når alt ein gjer er å ytre seg lovleg, og gjerne i sin verden heilt korrekt. Når dette blir tilfelle, at ein ikkje forstår kvifor ein skal møte hjelpeapparatet, vil det kunne ha liten effekt for det arbeidet profesjonsutøvararen jobbar for å oppnå. Sjølv om klienten kanskje ikkje har same tilnærminga som det du har, kan det likevel vere viktig med eit møte. Det kan hjelpe ein til å kartlegge om det er ein fare for ekstremisering eller ei. Difor vil det vere av effekt for sosialarbeidaren, då dette kan bidra til å redusere ein eventuell prosess frå haldning til handling.

Det blir vidare fortalt frå ein av informantane at ein gjerne blir plassert i ytre høgre om ein ikkje passar inn i samfunnet elles. Dette på bakgrunn av at ein gjerne manglar fellesskap og nettverk som er «bra nok». Det kjem også fram at dei opplever omgrepbruk som i fleire tilfelle er negativt lada og svært effektive. Ein informant som går under den «høgreradikale» gruppa, fortel at:

..så liker de å sette høyresiden i bås. Det tenker jeg er et retorisk maktgrep også. Det er vel fornuftig det. Du demoniserer mennesker når du velger å kalle de for «høyreradikale»..

Det er gjerne ulik forståing av kva som er årsaka til ei slik ytring. Dei «høgreradikale» ser gjerne på seg sjølv som nokon som skal «redde» samfunnet i heroisk forstand, og har naturlegvis ikkje følt på einsemd og marginalisering. Ein kan her sjå eit paradoks og ei

motsetning i kva dei egentleg kan føle. Eit ideal om å vere sterk, redde samfunnstilliten og Noreg. Eit dilemma mellom sjølvforståinga og realiteten kan her verke som ei utfordring. Profesjonsutøvarane vil blant anna at ein ikkje skal endre tankemønsteret, eller eige motpartens sanning. Likevel føler dei «høgreradikale» ein form for stigma då dei som går inn for å hjelpe har den haldninga som går etter boka. Ei haldning om at motparten ikkje har orden på livet sitt. Ei førehandsdømming ein som profesjonsutøvar gjerne ikkje vil seie høgt at ein har, men som likevel kan vere framtreddande nok i møta. Her er det viktig å peike på at behovet for tilhøyrslø og kjensla av einsemd i mange tilfelle kan påverke vala, men at motparten ikkje alltid er klar over det sjølv og at dette skjer umedvite.

Ser ein på intervjuet frå informantane med «høgreradikal» bakgrunn, er det som går igjen at ein gjerne vil ha likebehandling og openheit. Likebehandling mellom etnisitet, samt venstre- og høgresida. I det første møtet med sosialarbeidarar og andre profesjonsutøvarar, oppfattar eg det gjerne som stigmatiserande å «ikkje bli godtatt i det gode selskap». At samfunnet vil forhindre feil meiningar, då høgresida gjerne får dei verste merkelappane. Ein av informantane framhevar også haldninga ein gjerne har når ein møter «høgreradikale». Her frå ei oppleving med ein sosialarbeidar:

En hyggelig type. Veldig velment. Og åpenbart veldig opplært på det her. At det er sosiale problem som er problemet mitt. At jeg er dum. At jeg vil høre til noe. Ensom og på søken etter tilhørighet. Den tilnærmingen hadde de. Etter boken. Men boken har jo ikke alltid rett.

Det er ulike måtar å nytte seg av eit slikt verdssyn, og dette er kun ein liten del av det. Slike vinklingar ser eg på som viktige å ha med seg i førebyggingsarbeidet, og vidare i møte med eit slikt fenomen. Å ha forståing av at det å bli møtt på likt vis, samt at ein gjerne har ulik oppfatning av kva som er utgangspunktet for ei slik ytring, kan vere essensielt. Sistnemnte, korleis ein vel å nytte verdssyn blir vidare diskutert i neste avsnitt.

Kva rolle spelar ulikt verdsbilete knytt til informantane?

Eit tema som gjekk igjen hos mange av informantane, både frå avhøpparane, profesjonsutøvarane og dei høgreradikale, er verdsoppfatning. Korleis opplever kvart enkelt

menneske dette fenomenet, samt bruken av denne radikale haldninga. Dette ser eg på som naudsynt å ha med seg i arbeidet mot forståinga, det første møtet og førebygginga av dette fenomenet. Informantane frå profesjonsutøvarane framhevar ofte at biletet ikkje er svart – kvitt, då det er menneske bak haldningane. At ein ikkje skal ha ei fordomsfull haldning. Likevel opplever dei «høgreradikale» å få tilbakemelding om at dei har «feil» mening og haldning til samfunnet.

(...) ... jeg er kritisk til mange saker som typisk er fulgt av det her høyreradikale. Og såne ting da, det bør man helst ikke være kritisk til.

I fleire tilfelle blir det nemnt frå dei «høgreradikale» at ein ser på seg sjølv som ein i sentrum av politikken. At ein er kritisk til saker som typisk er fulgt av det høgreradikale miljøet. Eg ser det som viktig å kunne klare å sjå eit slikt fenomen på fleire måtar. Ein kan på mange måtar vere kritisk til samfunnet generelt, der det inkluderer ei rekkje «høgreradikale» tankemønster, utan å gå mot det ekstreme. Det er på mange måtar viktig å ha radikale haldningar for at samfunnet kan utvikle seg i ei positiv retning. Samtidig som det er essensielt å ha kunnskap om at dette gjerne ikkje er målet til dei «høgreradikale». Her blir det i fleire tilfelle uttrykt ei målsetning om at dei gjerne vil bevare det gamle, og meiner multikulturalismen eroderer samfunnstilliten.

Det blir også framheva frå ein informant blant avhøpparane, der informanten ikkje delte alle haldningane med miljøet. Dette ser eg på som viktig å framheve, då eg ser på dette som eit funn under ulike måtar å leve/tenkje på. Det vil også vere essensielt å ha kunnskap om korleis høgre- og venstresida ser på kvarandre. Slik kjennskap kan betre hjelpe å forstå utsegna som kjem frå motpartane. Ein av informantane frå det «høgreradikale» uttaler seg slik:

(...).. mens på venstresiden er det mer sosialt akseptert for de vet at de ikke får en drittpakke i media, som deretter prøver å diskreditere den store og brede demonstrasjonen. Mens det samme ikke skjer på venstresiden. Det tenker jeg.

Det kjem også fram i intervjuet at det eksisterer ueinigheit om kva som er eit godt menneske og ikkje. Kven har dei mest «riktige» haldningane, samt kva godt gjev det landet vårt. Vidare blir også valden tatt opp, og kven som faktisk utfører denne typen under demonstrasjon. Ein

av informantane fortel om ei slik oppleving, samt kva signaleffekt profesjonsutøvarane bidrar med:

(...) ...det var en start og jeg tenkte at herregud den volden her. Hva skal vi gjøre med den. Og de går løs på folk som bare vil snakke.. (...) .. i stedet for å taue inn, hanke inn pøblene som står der og som er farlig for folk. Den signaleffekten det her gir..

Her er det også naudsynt å vise til ein avhoppar, der utsegna viser ei form for overtyding og tru mot andre med ulikt verdssyn. Det lyder slik:

Endelig forsto jeg hva som skjedde i verden. I vår verden var dette en god sak. Vi er de gode, og de andre var de onde. Anti rasisten var jo hjernevaska idioter som utførte jødernes arbeid.

Det er naudsynt og viktig å presentere følgjande konspirasjonsteoriar som ofte kan verke veldig flytande og uklare, sett opp imot politikken og demokratiet vi har i det norske samfunnet. Konspirasjonsteoriar støttar og bekreftar gjerne verdssynet til ulike, og blir i mange tilfelle nytta når det oppstår misnøye og eit ynskje om å avskaffe demokratiet som i dag eksisterer. Ut frå utsegna frå både avhopparen, samt den aktive «høgreradikale», kan ein sjå ein type misnøye overfor systemet og korleis ein handterer dagens utfordring: at det kjem ein «drittpakke» om ein vel å ytre seg på ytste høgre fløy. Då kan det vere lett for den enkelte å finne ein konspirasjonsteori som vel å støtte opp under den misnøya ein kjenner på. At det er ein grunn for det, og at følelsane ein sit med blir bekrefta på eit vis. Dette kan vi sjå frå avhopparen, der det blir fortalt om «antirasismen, og utførelsen av jødernes arbeid». Profesjonsutøvarane som eg i denne studien har snakka med, viser seg å vere opplyst når det gjeld reaksjonar som kjem frå dei «høgreradikale». Spesielt når det gjeld saker og politiske slutningar inn mot innvandringspolitikken, og kven som kanskje står bak ulike gråsonehandlingar. Her kan ein sjå ein samanheng mellom det å vere kritisk til samfunnet og systemet, opp mot det å gje støtte til enkelte konspirasjonsteoriar.

Eg ser også ein kultur rundt det å dempe essensielle saker som kan verke provoserande for dei «høgreradikale». Samtidig kan ein sjå det frå dei «høgreradikale» sitt ståsted, at media og samfunnet prøver å skjule noko for dei. Dette ser eg som enda ei bekrefting rundt oppfatninga dei «høgreradikale» har overfor systemet, og som igjen vil bidra til ei større vilje til å tru på

slike konspirasjonsteoriar. Dette kan ein sjå i lys av teoretikarane Dyrendal og Asprem (2013), som løftar fram konspirasjonskulturens makt ved å sette kunnskap fri, og dermed få ei forklaring på det ein vel å støtte opp under. Her kan vi få ei betre forklaring på kvifor dei «høgreradikale» gjerne viser til ulike konspirasjonsteoriar: for å få betre kontroll over det ein vel å tru på, tryggleik frå teorien, samt sosial tilhøyrslse frå andre som støttar dette. Det at samfunnet «skjuler noko» for dei, kan vere ein bidragsytar for ein ny konspirasjonsteori og radikaliseringsprosessen kan i verste fall bli enda sterkare.

Eit funn frå profesjonsutøvarane er korleis ein vel å sjå på utfordringa og situasjonen rundt det høgreradikale, samt ekstreme miljøet kjem dette fram:

Om vi bare skal konsentrere oss om Norge, så er det jo innvandringspolitikken vår og hvordan vi klarer å integrere de minoritetsspråklige som har kommet til landet. For jo flere mediaoppslag vi får om at vi har gjenger bestående av minoritetsspråklige unge menn. Det er bensin på bålet for høyreradikale og ekstreme. Det er der bekymringen vår ligger egentlig.

Det er likevel viktig å få belyse at det å dempe ned slike saker, også kan sjåast på som positivt. Ein kan sjå dette i lys av kommentaren frå profesjonsutøvarane. Om ein vel å ikkje løfte fram politikken, samt media som framprovoserar dei «høgreradikale», kan dette også vere med å bidra til at færre vel å oppsøke ulike konspirasjonsteoriar. Her vil det vere ein balansegang mellom det å føle at samfunnet «skjuler noko» for ein, og at merksemda ikkje kjem fram. Dermed kan det bli møtt med mindre merksemd, og ein vil unngå den provoserande reaksjonen. Ein kan sjå at det å støtte opp under slike konspirasjonsteoriar, ofte tyder på ein veldig polarisering rundt kva ein vel å støtte opp under. Fleire av informantane fortel at ein må redde Noreg, då retta mot at venstresida verkar truande og farlege. Får ein lov å ytre seg på denne måten, utan at samfunnet gjev motargument, kan dette føre til eit veldig ekkokammer. Trekkjer ein fram det Henrik Syse viste under Drivkraft (Drivkraft, 2021), ser ein at konklusjonar førekjem raskare gjennom relasjonar. Å ha same konspirasjonsteori, gjev ein type relasjon, som igjen vil forsterke det ein allereie trur på. Ein veldig polarisering, og ein sterkare radikaliseringsprosess.

Til det å forstå eit anna verdssyn og haldningsmønster, ser eg det som naudsynt å igjen løfte fram Henrik Syse (Drivkraft, 2021). Her trekkjer han fram ordet *respekt*, det å sjå ting på nytt.

Ein kan sjå ein tendens i det å kommunisere med substans og djupne, kan bidra til ein større audmjukheit og betre dialog med kvarandre. Å ikkje gå inn med ein «tåpeleg utropar av inderlegheit», som vidare nemnast frå Søren Kierkegaard. Dette kan ein sjå frå utsegnen til sistnemnde. Å kalle menneske for «farlege folk», vil i denne samanheng vere ein form for dialog med lite substans. Dette kan i nokre tilfelle få motparten til å føle seg liten og verdiløs. For å kunne unngå dette, kan ein her prøve å sjå i *respekt*, andre sitt verdssyn. At konspirasjonsteoriar er ei form for deira verkelegheit, og at dette i fleire tilfelle kan forsterkast om ein går inn med ei haldning med «tåpeleg inderlegheit». Ein kan sjå dette i lys av viktigheita av fenomenkunnskap, då gjennom teoretikarane Fahsing og Ask (2013), der ein legg vekt på kjennskap og kunnskap for å kunne bidra til betre vurdering og forståing. Her ser eg at kunnskap om ulike verkelegheitsforståingar kan bidra til betre hjelp.

5.0 Konklusjon

Målet med dette prosjektet har vore å få ei betre forståing, heve kunnskapsnivået om fenomenet høgreradikalisme, samt få kjennskap slik at ein kan møte menneske med høgreradikale haldningar på ein god måte gjennom å svare på problemstillinga: *Korleis kan ein betre forstå kvifor enkelte vert trekt mot radikaliserings, og korleis kan ein i det sosialfaglege feltet møte dei høgreradikale på ein god måte?*

Førebygging er i denne samanhengen viktig då masteren går under sosialt arbeid, og tek for seg mykje av det det førebyggjande perspektiv. Det å møte dei «høgreradikale» på ein betre måte såg eg dermed på som ein del av det førebyggjande arbeidet. Den samla data eg har gjort har difor hatt som mål å nå fram til kjensler, opplevingar og tankar rundt ein slik tematikk. Studien har tatt for seg aktive høgreradikale, avhopparar og profesjonsutøvarar som støyter på slike utfordringar. Dette med ei målsetting om å få ulike perspektiv og verdssyn frå informantgruppene. Det har vert nyttig å kartlegge alle tre for å kunne sjå konsekvensane som kan førekome, samt korleis ein skal stille seg til dette. På bakgrunn av teori sett i lys av datamateriale, har eg undersøkt og drøfta funna for å finne svar på problemstillinga. Funn som kan hjelpe oss profesjonsutøvarar å forstå fenomenet. Delte opplevingar frå tidlegare og aktive høgreradikale, der ein finn teori som vel å støtte opp under tankemønster.

Eit av forskingsspørsmåla i studien min tek for seg *korleis det opplevast for informantane å bli sett på som «høgreradikal?* Urettferd, frustrasjon, undertrykking, ueinigheit, tristheit og redsle kjem fram som sentrale opplevingar, då ein får stempelet som høgreradikal. Slike kjensler kan i stor grad verke som negative stigma, og eg forstår det slik at ein gjennom naturlege forsvarsmekanismar nyttar seg av middelet *dehumanisering* slik at ein overlever motstanden ein møter. Møter ein nok negative haldningar mot seg sjølv som person og identiteten sin, vil ein til slutt utvikle handlingsmønsteret sitt etter dette. Felles for både avhopparar og dei aktive «høgreradikale», er at dei ikkje gjorde/gjer dette for å vere eit uhyggeleg menneske. I møte med sosialarbeidaren vil det vere naudsynt å ha med seg kjensla motparten får av å bli stigmatisert. At ein her kan prøve å unngå kjensla av stigma og undertrykking. Vidare, korleis ein her kan unngå å forsterke denne typen *dehumanisering*, kan til dømes vere å endre omgrepsbruken ein har nytta seg av. Avklare kva motparten kjenner er greitt å bli omtalt som, og dermed få respekten fram med ein gang.

Det er også gjort funn frå dei aktive «høgreradikale». Ei oppleving der samfunnet møter dei med sensur. Dette blir vidare forklart med opplevingar som til dømes makteslausheit og frustrasjon, då ein opplever å bli skubba ut av det gode selskap. Her framhevast betydninga knytt til kjensla av gjensidig avhengigheit til kvarandre, og at dette ikkje finn stad i ein slik framgang. Som sosialarbeidar kan ein ha nytte av denne kjennskapen, då ein denne forma for sensurering gjerne ikkje fungerer i lengda. At dette skapar dårleg sjølvfølelse og at ein i store tilfelle vil finne dårlege ekkokammer i standen.

Korleis forklarar avhopparane og dei aktive radikale sin tiltrekking til radikale miljø, og kva fører til radikaliserings? Dette er også eit av forskingsspørsmåla det er gjort funn på. Negative stigma som bidrar til at ein ikkje føler seg verdifull, sett og høyrte er noko eg ser gjennom fleire informantar og dermed fører til ei større radikaliserings. Også dette med sensur som ein nemnde tidlegare. Her bidreg samfunnet til ei form for utanforskap. Dette vil skape enda ei bekrefting på verdsbiletet til motparten: at ein ikkje høyrer til og blir forstått. Det blir lagt vekt på frå enkelte informantar at ein ytrar seg for å bevare samfunnstilliten. Det er her evne til god dialog og kommunikasjon med substans og djupne kan bidra til større audmjukheit og respekt. Ei slik haldning gir også ein naturleg overgang til siste forskingsspørsmål, som her tek for seg *korleis sosialarbeidarar opplever og tilnærma seg fenomenet?*. Her kjem funn som til dømes viser til ei kjensle av forvirring. Å gå i møte med respekt og utan fordommar er noko alle informantar løftar fram som viktig. Likevel viser det seg å vere utfordrande i praksis, då mykje av verdiane og haldningane går i mot ein sjølv. Eit viktig funn i mot fenomenet, er at ein ikkje kan eige kvarandre si sanning. At ein ikkje går inn med ein «tåpeleg inderlegheit» og liten substans i det ein kommuniserer, men heller skapar kunnskap og kjennskap til ei betre forståing av motparten si verkelegheitsforståing. Dette ser eg er naudsynt går frå alle partar, ei gjensidig forståing. Kommunikasjon inneberer både språk og teikn, og dette har også ein verdi når ein møter kvarandre i samtale. Dette er viktig å kunne reflektere rundt i arbeidet.

Så, over til problemstillinga eg har prøvd å finne svar på: Korleis kan ein i det sosialfaglege feltet møte dei høgreradikale på ein god måte. Her er det mykje som tyder på at sentrale eigenskapar rundt det å møte motparten med eit ope sinn, og som fleire av informantane med profesjonsutøvarbakgrunn fortel om, at ein ikkje går inn for å endre eit menneske. Ein finn også støtte i det å møte den høgreradikale med ein respekt over kor dei er i sjølvforståinga si. Om ein møter deg som sosialarbeidar, eller andre profesjonsutøvarar, og ikkje forstår kvifor

dei er der - møt dei gjennom dette utgangspunktet. Då kan motparten føle seg sett, forstått og høyr. Å behandle alle likeverdig, vil også her vere noko ein kan ha med seg i arbeidet mot radikaliser. Det blir også stilt spørsmål rundt ei betre forståing av den enkeltes tiltrekking mot det høgreradikale. Her vil det også vere naudsynt å trekke fram at dette verken er ein fasit, eller at alle har likt tiltrekking. Likevel kan ein trekke fram ein raud tråd rundt omgrepet *rettferd* og ein *politisk overtyding*. Funna i studien viser at menneska med høgreradikale haldningar tenker at dette er det mest riktige å ytre. Det å sjå menneska bak haldningane kan her vere ei utfordring, men også bidra til å vise ei djupare respekt og dermed få like mykje respekt tilbake. Å tenkje at ei skal endre haldninga og tankemønsteret vil her tenkjast å verke mot si hensikt. Likeverdig og rettferd er to viktig omgrep å vise til, og gjennom ein god dialog vise at alle partar ynskje å oppnå dette. Dette kan bidra til ei betre forståing og aksept frå alle perspektiv. Her frå sosialarbeidarane og andre profesjonsutøvarar, samt dei høgreradikale og tidlegare avhoppingar.

På bakgrunn av dette, kan ein seie at dette er ein utfordrande og kompleks tematikk. Her handlar det om å balansere mellom kva som er greit å ytre seg om, og ikkje. Når går ytringa over til hat og diskriminering, og kven er det som bestemmer alt dette? Slike spørsmål vil ein i høgste grad ikkje finne svaret på med det første. Eg ser det også naudsynt å løfte fram innsikta ein får av å høyre andre sin verkelegheitsforståing, og vidare klare å justere seg på bakgrunn av denne kjennskapen. Å bli meir bevisst over korleis vi omtalar dei. Ein ser også ein raud tråd gjennom studiet i det å ha lik verdi og behandling, då dette viser seg å vere viktig når det gjeld handtering av slike grupperingar og individ. Det er også naudsynt å peike på at ein som samfunn må løfte opp slike utfordringar, både for å belyse og informere at dette eksisterer. Dette er med på å nå fram til fleire aktørar, og dermed klare å møte dei høgreradikale på ein betre måte.

7.0 Kjeldeliste

- Barbosa Da Silva, A. (1998). Et holistisk paradigme for psykiatri i utvikling. I: *Psykiatri i endring–forståelse og perspektiv på klinisk arbeid*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Barth, T., Børtveit, T. & Prescott, P. (2001). *Endringsfokuset rådgivning*. Gyldendal akademisk.
- Berg, I. (1989). Of visitors, complainants, and customers: Is there really such a thing as resistance. *Family Therapy Networker*, 13(1), 21-25.
- Berntzen, L. E. (2018). Ytre høyre: ideologier, grupper, vold og rekruttering. I E. Reiss & L. Noor (Red.), *Radikalisering: fenomen og forebygging*, 76-90.
- Berreby, D. (2005). *Us and them: Understanding your tribal mind*. Little, Brown and Co.
- Bjorgo, T. & Horgan, J. G. (2008). *Leaving terrorism behind: Individual and collective disengagement*. Routledge.
- Bjørge, T. (1988). Politisk vold og terrorisme: Relevans for Norge. I T. Bjørge & D. Heradstveit (Red). *Politisk vold og terrorisme i Norge*.
- Bjørge, T. (2004). *Root causes of terrorism: Myths, reality and ways forward*. Routledge.
- Bjørge, T. (2012). Højreekstreme voldsideologier og terroristisk rationalitet: hvordan kan man forstå Behring Breiviks utsagn og handlinger?
- [Record #19 is using a reference type undefined in this output style.]
- Bjørge, T., Halhjem, O. A. & Knudstad, T. (2001). EXIT–Ut av voldelige ungdomsgrupper: Kunnskap, erfaringer og metoder i lokalt tverrfaglig og tverretattlig arbeid. Oslo: *Voksne for Barn*.
- Boehnke, K., Hagan, J. & Merkens, H. (1998). Right-wing extremism among German adolescents: Risk factors and protective factors. *Applied psychology*, 47(1), 109-126.
- Borum, R. (2011). Radicalization into violent extremism I: A review of social science theories. *Journal of strategic security*, 4(4), 7-36.
- Braude, S. E. (1996). *Hacking, Ian (1995). Rewriting the Soul: Multiple Personality and the Sciences of Memory*. Princeton, NJ: Princeton University Press, pp. 336, \$24.95. Taylor & Francis.
- Brinchmann, B. S. (2014). Fra ide til grounded theory. I (s. 75-87). Akademika forl., cop. 2014.
- Brinkmann, S., Tanggaard, L. & Hansen, W. (2012). Kvalitative metoder. Empiri og teoriutvikling. Oslo: Gyldendal akademisk.
- C-REX - Senter for ekstremismeforskning. (2019, 2.april). *Forebygging og intervensjon*. Henta 7.oktober 2020 frå <https://www.sv.uio.no/c-rex/forskning/forebygging-og-intervensjon/>
- Charmaz, K. (2014). *Constructing grounded theory*. sage.
- Christensen, A. B., Rasmussen, T., Olesen, S. P. & Jørgensen, S. (2015). Viden og videnskapsteori i sosialt arbeid: en introduksjon til sentrale temaer.
- Dalgaard-Nielsen, A. (2010). Violent Radicalization in Europe: What We Know and What We Do Not Know. *Studies in conflict and terrorism*, 33(9), 797-814. <https://doi.org/10.1080/1057610x.2010.501423>
- Den nasjonale Forskningsetiske Komite. (2016). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* Henta 30.november 2020 frå <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-humaniora-juss-og->

[teologi/?fbclid=IwAR37XeKQmIPDfphAGktsKtbEb5NQxc9I3vvVfyXdMGR2IUfr520295Z050](https://radio.nrk.no/serie/drivkraft/MKAK05005521)

- Drivkraft. (2021). [Podcast]. I Henrik Syse.
<https://radio.nrk.no/serie/drivkraft/MKAK05005521>
- Dyrendal, A. & Asprem, E. (2013). Sorte brorskap, mørke korrespondanser og frelsende avsløringer. *DIN-Tidsskrift for religion og kultur*, (2).
- Eiternes, T. K. & Fangen, K. (2002). *Bak nynazismen*. Cappelen.
- Enjolras, B. & Seggaard, S. B. (2011). Ungdommens politiske bruk av sosiale medier.
- Enstad, J. D. (2017). "Glory to Breivik!": The Russian Far Right and the 2011 Norway Attacks. *Terrorism and political violence*, 29(5), 773-792.
- Eriksen, T. H. (2001). Ethnic identity, national identity, and intergroup conflict. *Social identity, intergroup conflict, and conflict reduction*, 3, 42-68.
- Fahsing, I. & Ask, K. (2013). Decision making and decisional tipping points in homicide investigations: An interview study of British and Norwegian detectives. *Journal of Investigative Psychology and Offender Profiling*, 10(2), 155-165.
- Fangen, K. (1999). Pride and power: A sociological interpretation of the Norwegian radical nationalist underground movement.
- Fangen, K. (2001). *En bok om nynazister*. Universitetsforlaget Oslo.
- Fangen, K. (2012). Mellom konspirasjonsteori og galskap.
- Feldman, M. S., Sköldberg, K., Brown, R. N. & Horner, D. (2004). Making sense of stories: A rhetorical approach to narrative analysis. *Journal of public administration research and theory*, 14(2), 147-170.
- Fellesorganisasjonen. (2017). [Brosjyre]. Oslo, FO.
- Førde, K. E. & Andersen, A. J. Bekymringsarbeidet. Dilemmaer og muligheter i lokal forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme i Norge.
- Githens-Mazer, J. & Lambert, R. (2010). Why conventional wisdom on radicalization fails: the persistence of a failed discourse. *International affairs (London)*, 86(4), 889-901.
<https://doi.org/10.1111/j.1468-2346.2010.00918.x>
- Gjertsen, P. Å. (2007). Forebyggende barnevern: samarbeid for barnets beste. *Bergen: Fagbokforlaget*.
- Glaser, B. G. & Strauss, A. L. (1965). *Awareness of dying*. Aldine.
- Glaser, B. G. & Strauss, A. L. (1967). *The discovery of grounded theory : strategies for qualitative research*. Aldine.
- Godø, K. S. (2018). *Forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme: en kvalitativ undersøkelse* [NTNU].
- Goffman, E. (1975). *Stigma : om afvigerens sociale identitet*. Gyldendal.
- Gule, L. (2012). *Ekstremismens kjennetegn*. Spartacus.
- Gule, L. (2020). *Finnes høyrradikale?*. Henta 25.mars 2020 frå
https://agendamagasinet.no/debatt/finnes-hoyreradikale/?fbclid=IwAR1w_7UydMOX05g_CLGPbDXAouJO9ZPv23yP3HAEupGodV4TLJxmgWmKj2Q
- Gynnild, A. (2014). Introduksjon til grounded theory. I (s. 13-24). Akademika forl., cop. 2014.
- Hannah, G., Clutterbuck, L. & Rubin, J. (2008). Radicalization or rehabilitation: Understanding the challenge of extremist and radicalized prisoners.
- Haugstvedt, H. (2019). Trusting the mistrusted: Norwegian social workers' strategies in preventing radicalization and violent extremism.

- Haugstvedt, H. (2020). The role of social support for social workers engaged in preventing radicalization and violent extremism. *Nordic Social Work Research*, 1-14.
- Haukelien, H., Vike, H. & Bakken, R. (2009). Kompetanse og faglig infrastruktur i helse-og omsorgstjenesten: evaluering av prosjektet EVUK.
- Husserl, E. (1962). *Ideas relativas a una fenomenologia pura y una filosofia fenomenologica: libro segundo investigacio*.
- Hörnqvist, M. & Flyghed, J. (2012). Exclusion or culture? The rise and the ambiguity of the radicalisation debate. *Critical Studies on Terrorism*, 5(3), 319-334.
- International Federation of Social Workers. (2014). *What is social work? Global definition of social work*. Henta 22.januar 2021 frå <https://www.ifsw.org/what-is-social-work/global-definition-of-social-work/>
- Jupskås, R. A. (2019, 26.september). *Store norske leksikon: Høyreekstremisme C - REX - Senter for ekstremismeforskning* <https://www.sv.uio.no/c-rex/aktuelt/aktuelle-saker/2019/store-norske-leksikon-hoyreekstremisme.html>
- Justice For Immigrants. (2017, 14.februar). *Root Causes of Migration* Henta 7.oktober frå <https://justiceforimmigrants.org/what-we-are-working-on/immigration/root-causes-of-migration/>
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2014). *Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme* Henta 22.januar 2021 frå https://www.regjeringen.no/contentassets/6d84d5d6c6df47b38f5e2b989347fc49/handlingsplan-mot-radikaliserings-og-voldelig-ekstremisme_2014.pdf
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2015). *Nasjonal veileder for forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme*. <https://www.plattform.no/media/1174/nasjonal-veileder-for-forebygging-av-radikaliserings-og-voldelig-ekstremisme.pdf>
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2020, 17.juni). *Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme. Revisjon 2020*. Henta 7.oktober frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/a7b49e7bffa4130a8ab9d6c2036596a/handlingsplan-mot-radikaliserings-og-voldelig-ekstremisme-2020-web.pdf>
- Karlsen, G. & Kolflaath, E. (2006). *Språk og argumentasjon for samfunnsvitere*. Fagbokforl.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2010). *Det kvalitative forskningsintervju*, 2. utgave: Gyldendal Norsk Forlag.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M. & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- McCright, A. M. & Dunlap, R. E. (2011). Cool dudes: The denial of climate change among conservative white males in the United States. *Global environmental change*, 21(4), 1163-1172.
- McCright, A. M., Dunlap, R. E. & Marquart-Pyatt, S. T. (2016). Political ideology and views about climate change in the European Union. *Environmental Politics*, 25(2), 338-358.
- Moskalenko, S. & McCauley, C. (2009). Measuring Political Mobilization: The Distinction Between Activism and Radicalism. *Terrorism and political violence*, 21(2), 239-260. <https://doi.org/10.1080/09546550902765508>
- [Record #20 is using a reference type undefined in this output style.]
- Nelson, G. & Prilleltensky, I. (2010). *Community psychology: In pursuit of liberation and well-being*. Macmillan International Higher Education.
- Neumann, P. R. (2013). The trouble with radicalization. *International Affairs*. 89(4), 873-893.

- Nilsen, S. (2019). Behovet for aksept og tilhørighet. <https://psymagasinet.no/behov-for-aksept-og-tilhorighet/>
- Norton, B. (2010). Language and identity. *Sociolinguistics and language education*, 23(3), 349-369.
- Norvoll, R. (2013). *Samfunn og psykisk lidelse. Samfunnsfaglige perspektiver*.
- Nyeng, F. (2012). *Nøkkelpbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori*. Fagbokforlaget.
- Ormaasen, M. Ø. (2017). *Over-og undermennesket: Dehumanisering i et historisk perspektiv*.
- Pantucci, R. (2011). What have we learned about lone wolves from anders behring breivik? *Perspectives on Terrorism*, 5(5/6), 27-42.
- Personopplysningsloven. *Lov om behandling av personopplysninger (LOV-2018-06-15-116)*. Henta 30.november frå <https://lovdata.no/lov/2018-06-15-38>
- Peter Hutchison. (2021). *Xtremist - veien ut av hatet* <https://tv.nrk.no/program/KOID22009820>
- Politiets sikkerhetstjeneste. (2019, 1.mars). *Temarapport: Hvilken bakgrunn har personer i høyreekstreme miljøer i Norge?* Henta 7.oktober frå https://www.pst.no/globalassets/artikler/utgivelser/temarapport_pst_-hvilken-bakgrunn-har-personer-i-hoyreekstreme-miljoer-i-norge.pdf
- Politiets sikkerhetstjeneste. (2020). [podcast]. I *Psst. På innsiden av pst: soloterror og radikalisering* <https://www.pst.no/psts-podcast/>
- Politiets sikkerhetstjeneste. (2021). *Nasjonal trusselvurdering*. Henta 11.januar 2021 frå
- Presser, L. (2009). The narratives of offenders. *Theoretical criminology*, 13(2), 177-200.
- Ravndal, J. A. (2015). Thugs or Terrorists? A Typology of Right-Wing Terrorism in Western Europe.
- Regjeringen. (2016). *Radikaliseringprosessen*. Henta 10.05.2021 frå <https://www.regjeringen.no/no/sub/radikaliseringsveileder/begreper-ord-og-uttrykk/radikaliseringsstunellen/id2399043/>
- Regjeringen. (2017). *Veileder til mentorordning mot radikalisering og voldelig ekstremisme*. Henta 5.november frå <https://www.regjeringen.no/no/sub/radikaliseringsveileder-til-mentorordning-mot-radikaliserings-og-voldelig-ekstremisme/id2573369/?expand=factbox2573379>
- Riessman, C. K. (2008). *Narrative methods for the human sciences*. Sage.
- Rydgren, J. & Ruth, P. (2013). Contextual explanations of radical right-wing support in Sweden: socioeconomic marginalization, group threat, and the halo effect. *Ethnic and Racial Studies*, 36(4), 711-728. <https://doi.org/10.1080/01419870.2011.623786>
- Raaheim, A. (2002). *Sosialpsykologi*. Fagbokforl.
- Sandberg, S. (2010). What can "Lies" Tell Us about Life? Notes towards a Framework of Narrative Criminology. *Journal of criminal justice education*, 21(4), 447-465. <https://doi.org/10.1080/10511253.2010.516564>
- Sandmoe, A. & Nymoen, R. C. Kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner.
- Sarason, S. B. (1974). *The psychological sense of community: Prospects for a community psychology*. Jossey-Bass.
- Schjødt, B. & Skutle, A. (2013). Fremveksten av samfunnspsykologien i Norge: Fra kritisk korrektiv til et alternativ i posisjon. *tidsskrift for norsk psykologforening*, 50(5), 412-418.
- Schmid, A. (2013). Radicalisation, De-Radicalisation, Counter-Radicalisation: A Conceptual Discussion and Literature Review. *ICCT research paper (Online)*, 4(2), 1-91. <https://doi.org/10.19165/2013.1.02>

- Schutz, A. (1970). *Alfred Schutz on phenomenology and social relations* (Bd. 360). University of Chicago Press.
- Sedgwick, M. (2010). The concept of radicalization as a source of confusion. *Terrorism and political violence*, 22(4), 479-494.
- Simon, B. & Klandermans, B. (2001). Politicized collective identity: A social psychological analysis. *American psychologist*, 56(4), 319.
- Smith, J. A. (2015). *Qualitative psychology : a practical guide to research methods* (3rd ed. utg.). Sage.
- Spradley, J. P. (1979). *The ethnographic interview*. Holt, Rinehart & Winston.
- Strauss, A. L. (1987). *Qualitative analysis for social scientists*. Cambridge University Press.
- Sultan, S. & Berglund, R. (2012). Høyreekstremisme i Norge. redigert av Kari Helene Partapuoli. Oslo: Antirasistisk senter.
- Sunde, I. M. (2013). Forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme på internett.
- Sørensen, Ø. (2012). Ideologi og galskap. Anders Behring Breiviks totalitære mentalitet. *Høyreekstremisme. Ideer og bevegelser i Europa*, 14-44.
- Sørensen, Ø., Hagtvet, B. & Steine, B. A. (2012). *Høyreekstremisme: ideer og bevegelser i Europa*. Dreyers forlag.
- Thagaard, T. (2013). Kap. 10. Presentasjon av kvalitative data. i Thagaard T. *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget. (14 sider), 193-206.
- Thomas, T. L. (2003). *Al Qaeda and the Internet: The Danger of Cyberplanning*. Foreign Military Studies Office (ARMY) Fort Leavenworth Ks.
- Thompson, R. (2011). Radicalization and the use of social media. *Journal of strategic security*, 4(4), 167-190.
- Thulesius, H. (2014). Teoretiske koder. I E. Hjälmhult, T. Giske & M. Satinovic (Red.), *Innføring i grounded theory* (1. utg., s. 47-60). Akademia forlag
- Tjora, A. (2018). *Viten skapt: kvalitativ analyse og teoriutvikling*. Cappelen Damm.
- Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- Trondheim kommune. (2020a). *Tiltak for - Inkludering, mestring og opplevelse av tilhørighet* Henta 5.november frå <https://www.trondheim.kommune.no/contentassets/d50eafe7293740e1919c4e48be87437c/strategier-og-rutiner-versjon-siste-mars.-2020.pdf>
- Trondheim kommune. (2020b). *Uteseksjonen i Trondheim*. Henta 22.november frå <https://www.trondheim.kommune.no/uteseksjonen/#heading-h2-1>
- Veldhuis, T. & Staun, J. (2009). *Islamist radicalisation: a root cause model*. Netherlands Institute of International Relations Clingendael The Hague.
- Webber, D. & Kruglanski, A. W. (2018). The social psychological makings of a terrorist. *Current opinion in psychology*, 19, 131-134.
- Zaman, K., Lie, F. & Eldorhagen, C. (2021). *PST advarer: - Barn kan være farlige*. Henta 11.januar 2021 frå <https://www.tv2.no/nyheter/11883974/>
- Aagre, W. (2003). *Ungdomskunnskap: hverdagslivets kulturelle former*. Fagbokforl.

8.0 Ulike vedlegg

1. Første informasjonsskriv til informantane

Vil du hjelpe meg å lære meir om det høgrekstreme miljøet, samt kva betyr dette for deg?

Kven er så eg?

Eg heiter Ingrid Hjelle Roset, og er 23 år gamal. Eg har fullført ein bachelor i barnevernspedagogikk ved NTNU Noregs teknisk- naturvitskapleg universitet, og er no på mitt siste år på masteren min, sosialt arbeid. Dei siste åra har eg blitt meir og meir nysgjerrig på det høgrekstreme miljøet, samt utviklinga rundt dette fenomenet. Difor er eg svært interessert i å snakke med nettopp deg, samt at eg kan bruke masteren min til å lære meir om nettopp dette temaet. Å få innblikk i korleis det er å knytte seg til ei slik retning, samt kva kvardagen inneber når ein er med og ytrar seg i slike grupperingar.

Kva inneberer det for deg å delta, samt kva kjem eg til å gjere ?

Intervjua vil bli gjennomført basert på ein intervjuguide der spørsmåla tek utgangspunkt i problemstillinga mi, som lyd slik; «*Kva er dei sosiale kjenneteikna og mekanismane knytt det høgrekstreme miljøet, samt korleis kan det sosialfaglege arbeidet førebygge mest mogleg?*». Her er ynskje mitt at du som informant kan prate fritt om, og dele relevante tankar og erfaringar rundt spørsmåla. Intervjua kjem til å vare mellom tidsrommet 30-90 minutt, og eg kjem til å ta dette opp med lyd-opptakar/diktafon. Tid og sted vil ein bli einige om saman etter kva som passar best for deg. Spørsmåla vil omhandle livshistorier, bakgrunn for kvifor ein sluttar seg til ei slik gruppering, og ulike spørsmål og kva grupperingane står for.

Frivillig å være med

Det er heilt frivillig å vere med på eit intervju, og du kan når som helst trekke deg etter intervjuet om du føler for det. Kvar og ein eg intervjuar vil bli anonymisert, og eg er nøye på at ingen vil og skal få tilgang til lyd-opptak og notater. Når eg har anonymisert og skreve ned alt som er sagt (transkribert), vil eg slette alt av opptak slik at ingen kan høyre/lese det i etterkant. Det vil altså ikkje ha nokon negativ konsekvens for deg om du ikkje vil delta eller ved seinare anledning vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar

Prosjektet vil bli meldt inn til NSD Norsk senter for forskingsdata. Ingen namn eller personidentifiserande opplysningar vil kome fram i intervjuet, og undersøkinga er anonymisert. Som informant har ein som nemnt tidlegare, moglegheit til å trekke seg når som helst utan å grunngje kvifor. Kven kan så lese intervjuet? Eg kjem til å bevare intervjuet på ein kryptert minnepenn, og slette lyd-opptaka så snart dei er ferdig transkribert. Svara vil kun vere tilgjengeleg for meg og min vegledar. Eg vil ikkje anvende alt som blir sagt i intervjuet i sjølve masteroppgåva, men eg kjem til å velje relevante moment.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet vil etter planen vere ferdig i løpet av sommaren 2021, som vil sei at datamaterialet blir anonymisert og sletta etter endt prosjektslutt.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få slettet personopplysningar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandling av dine personopplysningar.

Kvar kan du finne ut meir?

Om du har spørsmål om studien, eller ynskjer å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- NTNU Noregs teknisk- naturvitskapleg universitet, ved Joachim Vogt Isaksen.
Telefon: 73 41 26 27, e-post : joachim.v.isaksen@ntnu.no
- Student: Ingrid Hjelle Roset. Telefon 92 82 84 76, e-post: ingroset@online.no
- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS, på e-post (personverntjenester@nsd.no)
eller på telefon : 55 58 21 17

Mvh Ingrid Hjelle Roset

Samtykkeerklæring

Eg gir med dette samtykke til at forskaren har ein samtale med meg om høgreorienterte miljø og motivasjonen knytt til deltaking.

Eg bestemmer sjølv kva eg vil fortelle til forskaren og kva eg vil svare på. Eg synes det er i orden at forskaren tar opp samtalen, og lager eit skriv av det, der namn og stader blir endra. Eg kan når som helst ombestemme meg og sei nei og avbryte.

Vi ber om at den som underteiknar også oppgjev namn med blokkbokstaver i tillegg til underskriftet.

Eg har mottatt og forstått informasjon om forskingsprosjektet og har fått anledning til å stille spørsmål.

Eg har lest og forstått informasjonen ovanfor og samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avsluttast

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

2. Andre informasjonsskriv til informantane

Vil du hjelpe meg å lære meir om det ytre høgreorienterte landskapet, og kva betyr dette for deg?

Kven er så eg?

Eg heiter Ingrid Hjelle Roset, og er 23 år gamal. Eg har fullført ein bachelor i barneverns pedagogikk ved NTNU Noregs teknisk- naturvitskapleg universitet, og er no på mitt siste år på masteren min, sosialt arbeid. Dei siste åra har eg blitt meir og meir nysgjerrig på miljøet knytt til ytre høgre, samt utviklinga rundt dette. Difor er eg svært interessert i å snakke med nettopp deg, samt at eg kan bruke masteren min til å lære meir om nettopp dette temaet. Å få innblikk i korleis det er å knytte seg til ei slik retning, samt kva kvardagen inneber når ein er med og ytrar seg i ei slik retning.

Kva inneberer det for deg å delta, samt kva kjem eg til å gjere ?

Intervjua vil bli gjennomført basert på ein intervjuguide der spørsmåla tek utgangspunkt i problemstillinga mi, som lyd slik; «*Kva sosiale uttrykk og motivasjonsfaktorar finnest i dei ytre høgreradikale miljøa, og kva kan det sosialfaglege arbeidet implementere med?*». Her er ynskje mitt at du som informant kan prate fritt om, og dele relevante tankar og erfaringar rundt spørsmåla. Intervjua kjem til å vare mellom tidsrommet 30-90 minutt, og eg kjem til å ta dette opp med lyd-opptakar/diktafon. Tid og sted vil ein bli einige om saman etter kva som passar best for deg. Spørsmåla vil omhandle livshistorier, bakgrunn for kvifor ein sluttar seg til ei slik gruppering, og ulike spørsmål og kva grupperingane står for.

Viktig tilleggsinfo er at ein er oppmerksom på taushetsplikt i forhold til andre personar ein har møtt på i sitt virke. Ein kan dermed ikkje nemne namn eller beskrive hendingar/situasjonar som kan bidra til å identifisere enkeltmenneske av andre.

Frivillig å være med

Det er heilt frivillig å vere med på eit intervju, og du kan når som helst trekke deg etter intervjuet om du føler for det. Kvar og ein eg intervjuar vil bli anonymisert, og eg er nøye på at ingen vil og skal få tilgang til lyd-opptak og notater. Når eg har anonymisert og skreve ned alt som er sagt (transkribert), vil eg slette alt av opptak slik at ingen kan høyre/lese det i etterkant. Det vil altså ikkje ha nokon negativ konsekvens for deg om du ikkje vil delta eller ved seinare anledning vel å trekke deg.

Ditt personvern – Kva gjev oss rett til å behandle opplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke. På oppdrag frå Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket. Som informant har ein som nemnt tidlegare, moglegheit til å trekke seg når som helst utan å grunngje kvifor. Kven kan så lese intervjua? Eg kjem til å bevare intervjuet på ein kryptert minnepenn, og slette lyd-opptaka så snart dei er ferdig transkribert. Svara vil kun vere tilgjengeleg for meg og min vegledar. Eg vil ikkje anvende alt som blir sagt i intervjuet i sjølve masteroppgåva, men eg kjem til å velje relevante moment.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet vil etter planen vere ferdig i løpet av sommaren 2021, som vil sei at datamaterialet blir anonymisert og sletta etter endt prosjektslutt.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysninga som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Kvar kan du finne ut meir?

Om du har spørsmål om studien, eller ynskjer å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- NTNU Noregs teknisk- naturvitskapleg universitet, ved Joachim Vogt Isaksen.
Telefon: 73 41 26 27, e-post : joachim.v.isaksen@ntnu.no
- Student: Ingrid Hjelle Roset. Telefon 92 82 84 76, e-post: ingroset@online.no
- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS, på e-post (personverntjenester@nsd.no)
eller på telefon : 55 58 21 17

Mvh Ingrid Hjelle Roset

Samtykkeerklæring

Eg gir med dette samtykke til at forskaren har ein samtale med meg om høgreorienterte landskapet og motivasjonen knytt til aktiv deltaking.

Eg bestemmer sjølv kva eg vil fortelle til forskaren og kva eg vil svare på. Eg synes det er i orden at forskaren tar opp samtalen, og lager eit skriv av det, der namn og steder blir endra. Eg kan når som helst ombestemme meg og sei nei og avbryte.

Vi ber om at den som underteiknar også oppjev namn med blokkbokstaver i tillegg til underskriftet.

Eg har mottatt og forstått informasjon om forskingsprosjektet og har fått anledning til å stille spørsmål.

Eg har lest og forstått informasjonen ovanfor og samtykker til:

å delta i intervju

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avsluttast

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

3. Første e-post/tekstmelding til informantane

Hei.

Mitt namn er Ingrid, og skriver master i år. Eg har lagt merke til at du er/har vert en del av eit høgreradikalt miljø, og lurar på om du vil prate litt med meg ☺ Ein del av studie omhandlar det å vere i ei marginalisert gruppe, då dette kan kjennast ut som ein havnar på utsida av majoriteten. Det eksistera mange ulike organisasjonar i samfunnet, og eg ser på det som viktig å forstå alle. Inkludert ditt synspunkt og ideologi, då dokke er i mindretal i forhold til andre grupperingar. Eg er nysgjerrig på korleis den sosiale bevegelsen fungerer, og korleis det er å vere ein del av dette fellesskapet. Kva som gjer at folk knytter seg til eit slikt miljø, og kva er motivasjonen de har. Med tanke på kritikken retninga får frå samfunnet, ser eg på dette som relevant å kunne få prate med deg. Som nemnt heilt i starten er dette ei masteroppgåve, og det vil her følge alle kriterier for forskning. Med andre ord; heilt anonymt, då ingen kan sjå eller identifisere deg seinare. Eg vil sjå på kva dei sosiale faktorane er, og korleis miljøet i høgreorienterte fungerer. Vil du ikkje vere med, gjer det ingenting. Om du då har andre som kanskje vil prate, vil eg gjerne høyre frå deg.

Mvh Ingrid Hjelle Roset

4. Andre e-post/tekstmelding til informantane

Hei (deltakarens namn). For tida skriv eg ei masteroppgåve som omhandlar tema ytre høgre. Å få meir innsikt i kva som er pådrivar til denne retninga, samt løfte fram viktig kunnskap om ei slik politisk retning. Hensikta ved gjennomføringa av eit slikt intervju er å få meir innsikt i tematikken, og difor har e geit ynskje om å kunne få prate med deg. Om tankar og følelsar rundt dette tema. Ein viktig ting; Alt vil bli anonymisert, og ingen personlege historier og teikn vil føre til deg som person. Håpar å høyre frå deg.

Mvh Ingrid Hjelle Roset.

5. Intervjuguide avhoppingar

Viktig tilleggsinfo er at ein er oppmerksam på taushetsplikt i forhold til andre personar ein har møtt på i sitt virke. Ein kan dermed ikkje nemne namn eller beskrive hendingar/situasjonar som kan bidra til å identifisere enkeltmenneske av andre.

Bakgrunn :

1. Kan du fortelje litt om deg sjølv?
kven er du, og kva jobb har du i dag?
2. Kan du nemne tre ting du synest er positivt med deg sjølv?

Samtalen

3. Kan du fortelje litt om det førebyggjande arbeidet knytt til radikaliserings- og høgoreorienterte miljø, gjort på din arbeidsplass?
4. Kva ser du på som det viktigaste arbeidet i ein førebyggingsprosess rundt dette temaet?
5. Ut frå erfaring og mykje arbeid på dette området, kva vil du trekke fram som det viktigaste de gjer i møte med menneska?
6. Kan du fortelje litt om ein positiv oppleving, samt ein negativ i møte med ein potensiell radikaliseret/etablert ungdom/vaksen?

7. Kva er det vanlegaste fallgruva å tre ned i når ein møter ein potensiell radikaliserert?
Kan du gje nokre eksempel på dette?
8. Det er mykje snakk om kjensla av utanforskap og marginalisering i oppveksten som gjer at ein lettare kan tre inn i slike miljø, kva tenkjer du om det? Korleis klarer vi å finne ein betre erstattar til slike miljø?
9. Når du ser på merksemda dei høgreorienterte miljø får no, og ulike angrep som er gjort dei siste åra, kva tenkjer du vi i det førebyggjande arbeidet har som oppgåve framover? Korleis har miljøa endra seg frå tidlegare?
10. Kan du nemne nokre tiltak som direkte knytt opp mot radikalisering og høgreorienterte miljø, samt om det har/hatt noko verknad i praksis? Kva tenkjer du fungerer best og minst?
11. Ser du på samfunnet som gått nok rusta til å sjå risikoteikn inn mot høreorienterte grupperingar, og kva tenkjer på om du meina vi ikkje er det?
12. Om du skal gje eit råd til andre profesjonsutøvarar når det kjem til risikofaktorar og det å oppdage dette på eit tidleg nok stadie. Kva ville det ha vert? Og kvifor?
13. Ut frå erfaringa di, kva risikofaktor kan ha den første konsekvensen om ein ikkje set inn tiltak.
14. I samfunnet eksistera det fleire grupperingar knytt til den høgreorienterte retninga.
Kva bevegelse/miljø ser du på som mest utfordrande, samt kven trur du vil utvikle seg mest i framtida?
15. Kva tiltak kunne du ha ynskja hadde eksistert om du kunne ha bestemt? Eit draumetiltak kan ein kalle det.
16. Er det noko du ynskjer å legge til som eg ikkje har spurt om, men som du føler er viktig å nemne?

6. Intervjuguide profesjonsutøvarar innan det sosialfaglege feltet

Viktig tilleggsinfo er at ein er oppmerksom på taushetsplikt i forhold til andre personar ein har møtt på i sitt virke. Ein kan dermed ikkje nemne namn eller beskrive hendingar/situasjonar som kan bidra til å identifisere enkeltmenneske av andre.

Bakgrunn :

17. Kan du fortelje litt om deg sjølv?
kven er du, og kva gjer du på?
18. Kan du nemne tre ting du synest er positivt med deg sjølv?

Kvifor trådde du inn?

1. Følte du på noko manglar i nærmiljøet ditt, eller var det andre faktorar som utgjør din rekruttering?
2. var det eit vendepunkt som gjor at du tok det siste steget inn i den nye bevegelsen?
Kva fekk deg til å søke mot det høgreorienterte miljøet?
3. Kan du fortelje litt på korleis din veg inn i det høgreorienterte miljø var? På kva måte blei du fanga opp, og korleis blei det gjort?

Når du var ein del av miljøet:

4. Kva følte du på av kjensler når du vart rekruttert inn i eit slikt miljø? Kjendte du på nye følelsar enn det du gjor før du trådde inn? Grunngje gjerne svaret ditt.
5. Følte du på ei slags tilhøyrsløse når du var i dette miljøet, og på kva måte?
6. Korleis var ei normal dag/veke for deg når du tilhørte dette høgreorienterte miljøet?
Kva aktivitetar kunne finne stad?
7. Kunne du kjenne på noko ubehag under din tid i det høgreorienterte miljøet? Og på kva måte?

Korleis kom du deg ut:

8. Når kjendte du at du ville ut av dette miljøet? Kva faktorar spelte inn, og kva kjensle gjor at du ville tre ut?
9. Kven bidrog til ditt vendepunkt, og kva vil du trekke fram som det viktigaste under din tid ut av dette miljøet?

Førebygging

10. Når det gjeld det sosialfaglege aspekt, kva tenkjer du er det viktigaste vi som profesjonsutøvarar tenker på når ein ungdom/vaksen er i ferd med å knytte band til høgreorientert miljø?
11. Kvar er det viktigaste stadie å fange opp dette på, og kvifor?
12. Kan det vere gode erstatningar som du gjerne skulle visst om, enn det høgreorienterte miljøet?
13. Kva tips og råd har du til oss som arbeidar med dette i kvardagen. Kva bør ein gjer i praksis når dette er i ferd med å skje/ har skjedd?
14. Er det noko du ynskjer å legge til som eg ikkje har spurt om, men som du føler er viktig å nemne?

7. Intervjuguide; Høgreorienterte ytringar

Viktig tilleggsinfo er at ein er oppmerksam på taushetsplikt i forhold til andre personar ein har møtt på i sitt virke. Ein kan dermed ikkje nemne namn eller beskrive hendingar/situasjonar som kan bidra til å identifisere enkeltmenneske av andre.

Bakgrunn :

19. Kan du fortelje litt om deg sjølv?
kven er du, og kva gjer du på?
20. Kan du nemne tre ting du synest er positivt med deg sjølv?

Samtalen:

1. Korleis vil du definere/ plassere deg sjølv i det politiske landskapet? Men også det i forhold til andre.
2. Kan du fortelje litt meir om dine politiske ståsted?
3. I oppgåva mi brukar eg omgrepet høgreradikal, kva legg **du** i dette omgrepet – samt kva vil du sjølv definere deg som?

4. Historia di inn mot din politiske posisjon du har i dag, kva trur du det er prega av? Er det erfaringar du har gjort deg i livet som har bidratt dit du er i dag? Er det noko som har skjedd/opplevingar som kan ha påverka ditt ståsted i politikken? Kor gamal var du når «reisa» di starta?
5. Ser du på deg sjølv som ein del av eit miljø? Om ja eller nei, grunngje gjerne svaret ditt.
6. Kva kjenner du av følelsar når andre meiner du er så «radikal»?
7. Kva er det som motiverer deg/drivkrafta til å fortsette din politiske aktivitet?
8. Føler du ei personleg endring/vekst etter at du starta å engasjere/ytre deg?
9. Kva vil du identifisere deg sjølv med, av interesser og verdiar. Kva er viktig for deg?
10. Enkelte kan meine at dine meiningar og haldningar er på den radikale ytterkanten. Ser du deg sjølv som ein med radikale meiningar? Gjerne utdjup dette, og ikkje minst; Kva meiningar trur du det kan vere?
11. Enkelte vil sei at det kjem negative konsekvensar ved å ytre seg radikalt. Kjenner du deg igjen i dette? Kan du fortelje noko om dei eventuelle negative sanksjonane? Har du nokre eksempel på nokre situasjonar der du opplevde negative tilbakemeldingar? Kva føler du på då?
12. Om du tenkje ti år fram i tid, ser du for deg å fortsatt vere aktiv i dine politiske ytringar? Kva faktorar kan påverke deg til å ikkje ta del?
13. Eit nesten same spørsmål, men med ein ny vri : Avhengig av utgangspunktet og livet i dag, kan du sei noko om du har vurdert å gå andre vegar? Er det andre organisasjonar du ser for deg kan vere aktuelt for deg? Grunngje grunn gjerne svaret ditt.
14. Ordet ekstremisme er eit mykje omdiskutert omgrep, og kan lett bidra til stigma og kjensle av å bli satt i bås. Kva er ditt syn på ekstremisme, og kva legg du i eit slikt omgrep?
15. Enkelte grupperingar har ein tendens til å nytte vald for å fremje mål. Eit eksempel her kan ein sjå i Kongressen i USA. Kva er synest ditt ved bruken av vald for å fremje ulike politiske saker. Grunngje gjerne svaret ditt her.
16. Å vere ytre seg radikalt kan få følge av at andre vil sjå opp til deg. Ser du på deg sjølv som kan påverke andre? for andre som vil ta del av eit radikalt ytre høgre?

I møte med sosialarbeidaren, førebygging

17. Har du nokon gang blitt møtt av ein sosialarbeidar? Kan du fortelje litt om korleis det møtet var, og tankar rundt dette?

18. Kan du fortelje litt om familieoppveksten og forholdet ditt til venner og familie.


Gjerne korleis det var for deg å vokse opp i nærmiljøet ditt. Opplevde du ei positivt form for sosial støtte der? Til dømes, korleis har skulemiljøet fungert for deg?

Grunngje svaret ditt.

19. Før du starta å ytre seg, Var det noko du gjerne ville søke deg vekk i frå som ung? - Og kva er dei positive faktorane som utgjer at du fortsatt vel å vere der du er i dag?

20. Er det noko du ynskje å legge til som eg ikkje har spurt om, men som du føler er viktig å nemne?

8. Godkjenning av NSD

<p>22.1.2021</p> <p>Meldeskjema for behandling av personopplysninger</p>  <p>NSD sin vurdering</p> <p>Prosjektittel Sosiale kjenneteikn og mekanismer i ytre høgereadikale grupperingar</p> <p>Referansenummer 762406</p> <p>Registrert 02.12.2020 av Ingrid Hjelle Roset - ingrihro@stud.ntnu.no</p> <p>Behandlingsansvarlig institusjon Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet / Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap (SU) / Institutt for sosialt arbeid</p> <p>Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat) Joachim Vogt Isaksen - joachim.v.isaksen@ntnu.no, tlf: 98634213</p> <p>Type prosjekt Studentprosjekt, masterstudium</p> <p>Kontaktinformasjon, student Ingrid Hjelle Roset, ingridhjelleroset@gmail.com, tlf: 92828476</p> <p>Prosjektperiode 24.08.2020 - 31.05.2021</p> <p>Status 22.01.2021 - Vurdert</p> <p>Vurdering (1)</p> <p>22.01.2021 - Vurdert</p> <p>Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil vere i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemadet 22.01.2021 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD.</p> <p>Behandlingen kan starte.</p> <p>MELD VESENTLIGE ENDRINGER Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemadet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å</p>	<p>22.1.2021</p> <p>Meldeskjema for behandling av personopplysninger</p> <p>lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.</p> <p>TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET Prosjektet vil behandle særlige kategorier av personopplysninger om politisk oppfatning og filosofisk overbevisning og alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 31.05.2021.</p> <p>LOVLIG GRUNNLAG Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og art. 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekrefteelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.</p> <p>Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a, jf. art. 9 nr. 2 bokstav a, jf. personopplysningsloven § 10, jf. § 9 (2).</p> <p>PERSONVERNPRINSIPPER NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:</p> <ul style="list-style-type: none">- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon og samtykker til behandlingen- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet <p>DE REGISTRERTES RETTIGHETER Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).</p> <p>NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.</p> <p>Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.</p> <p>FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1 f) og sikkerhet (art. 32).</p> <p>For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.</p> <p>OPPFØLGING AV PROSJEKTET NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.</p> <p>Lykke til med prosjektet!</p> <p>Kontaktperson hos NSD: Gry Henriksen</p>
---	---

